

Å velje minoriserte språk

Språkpolitikk og språkval i academia

Jorunn Simonsen Thingnes



MultiLing

Avhandling til phd.-grada

Senter for fleirspråklegheit

Institutt for lingvistiske og nordiske studium

Det humanistiske fakultetet

Universitetet i Oslo

2020

Å velje minoriserte språk. Språkpolitikk og språkval i akademien

To choose or not to choose minoritised languages. Language policy and language choices in academia

Válljet unnitlogu gielaide. Giellapolitihkka ja giellaválljen akademiijas

Jorunn Simonsen Thingnes, 2020

Samandrag

Denne avhandlinga set søkelys på val av minoriserte språk i norsk academia, nærare bestemt nynorsk og nordsamisk. Ho styrker kunnskapen vår om språkpolitikk som prosess, forholdet mellom aktørskap og struktur og rolla legitimitet spelar i språkpolitikk. Avhandlinga utforskar språkpolitikken ved Høgskulen på Vestlandet og Sámi allaskuvla (Samisk høgskole) og språkvala som er gjorde for institusjonane som heilskap og av tilsette i deira daglege arbeid. Dette er gjort ved å granske utarbeidinga av språkpolitiske retningslinjer og val av publiseringsspråk. Sentrale tema for avhandlinga er *språkpolitiske prosessar*, *språkpolitiske aktørar* og *legitimitet*. Studien kombinerer fleire typar datamateriale: intervju, observasjon, høyringssvar og styringsdokument. Ved Sámi allaskuvla er intervju primærdata, medan observasjon av arbeidet i gruppa som utarbeidde dei språkpolitiske retningslinjene, er den viktigaste datakjelda frå Høgskulen på Vestlandet. Det metodologiske rammeverket er språkpolitisk etnografi, som rettar merksemda mot fem sentrale tema: aktørar, mål, prosessar, diskursar og sosiale og historiske kontekstar. Avhandlinga viser at trass i mange avgrensande strukturar er det mogleg å velje minoriserte språk i academia i Noreg i dag. Dette vert mogleggjort via støttande språkpolitikk og individuell og kollektiv aktørskap. Avhandlinga bidreg vidare til ei utviding av kva emne det vert forska på innan språkplanleggingsvitskap i Noreg, og kva metodologiske tilnærmingar som vert brukte. Ho bidreg også i diskusjonen kring språkstatus og språkforvaltning, særleg gjennom å syne at nynorsk er del av ein diskurs der språkval må forklarast og forsvarast. Gjennom å nytte omgrepet *minorisert* – som konseptualiserer språkleg ulikskap som resultat av dominansforhold og dynamiske prosessar – synleggjer avhandlinga at språkstatus ikkje er ibuande, men resultat av prosessar og forhold mellom språk snarare enn forhold ved eit språk i seg sjølv.

Abstract

This thesis draws attention to minoritised languages in Norwegian academia, more specifically Nynorsk and Northern Sámi. It deepens our knowledge about language policy as process, the agency-structure relationship, and the role of legitimacy in language policy. The thesis examines language policies of Western Norway University of Applied Sciences and Sámi University of Applied Sciences (SUAS), language choices made for the institutions as a whole and by employees in their daily work. This is done by studying the development of language policy guidelines and language choices in publications. Key topics in the thesis include *language policy processes*, *language policy actors* and *legitimacy*. The study combines several types of data: interviews, observation, consultative submissions and policy documents. Interviews make up the main dataset from SUAS, while observation of the committee that developed the language policy guidelines form the main dataset from Western Norway University of Applied Sciences. The analysis builds on the ethnography of language policy framework, taking into account agents, goals, processes, discourses, and social and historical context. The thesis shows that despite the many constraining structures, it is possible to choose minority languages in academia in Norway today. This is made possible by supporting language policies and individual and collective agency. The thesis further broadens the scope of topics examined in language policy and planning research in Norway, and extends methodological approaches. It also contributes to the discussion of language status and national language policy, especially by showing that Nynorsk is part of a discourse in which language choices must be explained and defended. By adopting the term *minoritised* – which conceptualises inequalities among languages as a result of power relations and dynamic processes – the thesis shows that language status is not inherent, but rather results from processes and relations between languages.

Čoahkkáigeassu

Dát dutkkus čalmmustahtá unnitlogugielaid välljema Norgga akademijas, namalassii ođđadárogiela ja davvisámegiela. Dutkkus suokkarda Vestlánda allaskuvlla ja Sámi allaskuvlla giellapolitihka ja dan giellaválljema mii lea dáhkkojuvvon ásašusaid ovddas ollislaččat ja bargiin iežaset beaivválaš barggus. Dat lea čađahuvvon dainna lágiin ahte lea guorahallojuvvon movt giellapolitihkalaš njuolggadusat leat ráhkaduvvon ja almmuhangiella välljejuvvon. Dutkosa guovddáš fáttát leat giellapolitihkalaš proseassat, giellapolitihkalaš oassálastit ja legitimitehta. Dutkkus ovttastahtá mánggalágan diehtoávdnasiid: jearahallamiid, áicamiid, gulaskuddanvástádusaid ja stivrendokumeantaid. Sámi allaskuvllas leat jearahallamat primáradieđut, ja deháleamos diehtogáldut Vestlánda allaskuvllas leat áicamat dan joavkku barggus mii ráhkadii daid giellapolitihkalaš njuolggadusaid. Metodogalaš rámmaásahus lea giellapolitihkalaš etnografija, mii fuomášuhtá vihtta guovddáš fáttá: oassálastiid, mihtuid, proseassaid, diskurssaid ja sosiála ja historjjálaš konteavsttaid. Dutkkus čájeha ahte vaikko leat olu ráddjejuvvon struktuvrrat, de lea odne vejolaš välljet unnitlogugielaid akademijas Norggas. Giellapolitihkka mii doarju ja individuála ja kollektiivvalaš oassálastin dahket dan vejolažžan. Unnitlogugielaid välljema dutkan buktá ođđa ipmárdusa akademija giellapolitihka ja giellaválljema birra. Dutkkus nanne min máhtu giellapolitihka birra proseassan, oassálastima ja struktuvrra oktavuoda birra ja legitimitehta rolla birra giellapolitihkas. Dutkkus veahkeha viiddidit dan makkár fáttát LPP-suorggis dutkojuvvojit Norggas, ja makkár metodogalaš lahkonaš adnojuvvojit. Dat váikkuha maid digaštallama giellastáhtusa ja giellahálldašemi birra, erenoamážit go čájeha ahte ođđadárogiella lea oassi dakkár diskurssas gos giellaválljen ferte čilgejuvvot ja bealuštuvvot. Go doaba *unnitlohku* adnojuvvo – mii konseptualisere gielalaš iešguđetláganvuodaid boadusin dominánsaoktavuodas ja dynámalaš proseassain – de čalmmustahtá dutkkus ahte giellastáhtus ii leat juoga siskkáldas, muhto boadus proseassain ja gielaid oktavuodain.

Føreord

Denne avhandlinga hadde ikkje blitt til om det ikkje var for alle dei som på ulike måtar deltok i granskingane mine. Eg er takksam for at gruppa som utarbeidde språkpolitiske retningslinjer for HVL, inkluderte meg i prosessen. Eg er også takksam for at tilsette og studentar ved Sámi allaskuvla tok så godt i mot meg. Særleg takk til Jon Todal.

Takk til hovudrettleiarane mine Unn Røyneland og Pia Lane. Dei har leia meg på vegen, lært meg utruleg mykje og synt meg eit smittande, fagleg engasjement. Det er førebiletleg å sjå korleis dei brukar kunnskapen sin til å delta i råd, utval og komitear for språkforvaltning generelt og minoriserte språk spesielt. Unn var også rettleiaren min på masteroppgåva, og ho har såleis forma meg som fagperson. Takk for alle sideprang og for alle meir og mindre faglege samtalar om nynorsken. Endeleg er katten ute av sekken! Takk til medrettleiar Alastair Pennycook for faglege utfordringar, for å setje spørsmålsteikn ved det meste og for å vere ein god lesar. Takk også til midtvegsevaluator Francis Hult som hjelpte meg med å sjå samanhengar og å forbetre og vidareutvikle avhandlinga. Det var Francis som verkeleg opna opp LPP-verda for meg.

Eg har hatt forskaropphald ved tre institusjonar i arbeidet med denne avhandlinga, noko som har gjeve meg større faglege nettverk og nye vener. Takk til alle ved Center for Internationalisering og Parallelsproglighed (CIP) ved Københavns Universitet, og særleg Anne Holmen, Helen Sværke og Janus Mortensen. Takk også til Sociolingvistisk studiekreds, og særleg Pia Quist, Frans Gregersen og Tore Kristiansen. Takk til Jan McClelland og Margaret McComb ved University of Technology Sydney, og til Gillian Wigglesworth og Belinda Hofmeyr ved Centre of Excellence for the Dynamics of Language (CoEDL) ved University of Melbourne. Eg vil også takke Chloé Diskin for at ho gjorde opphaldet i Melbourne så mykje meir innhaldsrikt.

Takk til alle gode kollegaar ved MultiLing. Eg kunne ikkje hatt eit betre arbeidsmiljø! Takk til senterleiar Elizabeth Lanza og medlemmane av kjernegruppa, som alltid er villige til å dele av sine erfaringar og svare på små og store spørsmål. Takk til Mari C. Risdal Otnes, Elisabeth M. Neuhaus, Mari J. Wikhaug Andersen og Marit J. Furunes for administrativ støtte, omsetjingshjelp og mange latterkuler. Takk til alle medstipendiatar og postdoktorar som har gjort avhandlingsarbeidet lettare og kjekkare. Særleg takk til Maria Obojska, Diana Camps, Ingvild Badhwar Valen-Sendstad og Elisabet Garcia Gonzalez som eg har vore så heldig å få dele kontor med, og til Pernille Hansen og Rafael Lomeu Gomes. Eg er også særleg takksam for lesehjelp og heiarop frå Haley De Korne og for at ho viser veg i den akademiske verda. Takk til Shut up and write-gjengen for fellesskap, råd og motivasjonspåfyll.

Takk til Malene Bøyum for treningselskap, til Førde-jentene for suppekveldar og til Kjetil Sunde for utlån av kontor jobbejula 2019. Takk også til den gode heiagjengen Ewa og Jan Arnfinn. Takk til mamma Dagrund og storebror Gunnar for støtte, tolmog og oppmuntringar. Takk til Karl Peder – den aller mest sentrale brikka – for det same og for så mykje, mykje meir.

Til slutt vil eg takke pappa Ragnar. For sjølvtilitt, struktur og sosialt engasjement.

Innhald

| | |
|--|------------|
| Samandrag | i |
| Abstract | ii |
| Čoahkkáigeassu | iii |
| Føreord | v |
| Liste over artiklar | x |
| Liste over figurar | x |
| Liste over tabellar | x |
| 1 Introduksjon | 1 |
| 1.1 Siktemålet med avhandlinga | 1 |
| 1.2 Hovudmål og forskingsspørsmål | 2 |
| 1.3 Kontekst: språkpolitikk i teori og praksis | 3 |
| 1.3.1 Nynorsk og bokmål | 3 |
| 1.3.2 Samisk | 6 |
| 1.3.3 Engelsk og norsk | 7 |
| 1.4 Institusjonane som vert granska | 9 |
| 1.4.1 Høgskulen på Vestlandet | 9 |
| 1.4.2 Sámi allaskuvla | 10 |
| 1.5 Struktur | 12 |
| 2 Tidlegare forskning | 13 |
| 2.1 Mindre brukte språk i academia | 13 |
| 2.2 Språkpolitikk og praksis i academia: rolla til engelsk | 14 |
| 2.3 Språkpolitikk som prosess | 17 |
| 2.4 Nynorsk og samisk | 19 |
| 2.5 Rom for fleire forskingsprosjekt | 21 |
| 3 Teoretisk rammeverk | 23 |
| 3.1 Språkpolitikk | 23 |
| 3.1.1 Ulike typar språkplanlegging | 24 |
| 3.1.2 Omgrep og definisjonar | 25 |
| 3.1.3 Språkpolitikk som prosess | 26 |
| 3.2 Aktørar og aktørskap i språkpolitikk | 27 |
| 3.2.1 Aktørar | 27 |
| 3.2.2 Aktørskap og strukturar | 29 |
| 3.3 Diskurs | 31 |
| 3.4 Minoriserte språk og forholdet mellom språk og verdier | 34 |

| | | |
|----------|---|-----------|
| 3.5 | Stad | 36 |
| 3.6 | Legitimitet | 37 |
| 3.6.1 | Legitimitet for språkval | 38 |
| 3.6.2 | Legitimitet i språkpolitiske prosessar | 39 |
| 3.7 | Avrunding | 41 |
| 4 | Metodologi og metode | 43 |
| 4.1 | Etnografisk diskursanalyse | 43 |
| 4.1.1 | Språkpolitisk etnografi | 44 |
| 4.2 | Metodar | 45 |
| 4.2.1 | Intervju | 46 |
| 4.2.2 | Observasjon | 47 |
| 4.3 | Deltakarane og oversikt over datamaterialet | 47 |
| 4.3.1 | Datamateriale frå Sámi allaskuvla | 48 |
| 4.3.2 | Datamateriale frå HVL | 49 |
| 4.3.3 | Jamføring | 54 |
| 4.4 | Analyse gjennom koding | 55 |
| 4.5 | Validitet og reliabilitet | 57 |
| 4.6 | Etiske vurderingar og posisjonaltet | 58 |
| 4.6.1 | Personvern og anonymitet | 59 |
| 4.6.2 | Posisjonaltet | 61 |
| 5 | Samandrag av artiklane | 65 |
| 5.1 | Artikkel 1: Making linguistic choices at a Sámi University: negotiating visions and demands | 65 |
| 5.2 | Artikkel 2: Language policy formation in higher education: discursive tension and legitimacy-seeking deliberation | 65 |
| 5.3 | Artikkel 3: Å velje eit minorisert språk: mellom språkpolitiske ideal og språkleg realitet | 66 |
| 6 | Diskusjon og konklusjon | 67 |
| 6.1 | Mellom språkpolitikk og forskingspolitikk | 67 |
| 6.2 | Legitimitet | 69 |
| 6.2.1 | Kva lærer legitimitetsomgrepet oss om språkpolitikk? | 69 |
| 6.2.2 | Kva lærer legitimitetsomgrepet oss om å velje minoriserte språk? | 71 |
| 6.3 | Aktørar og aktørskap | 72 |
| 6.3.1 | Aktørar | 72 |
| 6.3.2 | Aktørar som berarar av diskursar | 73 |
| 6.3.3 | Språkpolitikk, aktørskap og struktur | 75 |

| | | |
|-------|---|------------|
| 6.4 | Språkpolitikk som prosess | 77 |
| 6.4.1 | Minorisering som prosess..... | 78 |
| 6.5 | Å velje minoriserte språk – har ein eigentleg høve til det? | 80 |
| 6.6 | Bidrag til forskarfellesskapen | 82 |
| 6.7 | Den fleirspråklege avhandlinga som metakommentar | 84 |
| 6.8 | Avgrensingar og vidare forskning | 87 |
| | Litteratur..... | 91 |
| | Liste over vedlegg | 111 |

Liste over artiklar

Artikkel 1:

Thingnes, J. S. (2019). Making linguistic choices at a Sami University: negotiating visions and demands. *Current Issues in Language Planning*. DOI: 10.1080/14664208.2019.1671712

Artikkel 2:

Thingnes, J. S. Language policy formation in higher education: discursive tension and legitimacy-seeking deliberation. Send inn til *Linguistics and Education*.

Artikkel 3:

Thingnes, J. S. Å velje eit minorisert språk: mellom språkpolitiske ideal og språkleg realitet. Send inn til *Maal og minne*.

Liste over figurar

| | |
|---|----|
| Figur 1: Høgskulen på Vestlandet og Sámi allaskuvla | 10 |
| Figur 2: Innsamlingsfasar ved HVL med tilhøyrande datamateriale | 50 |

Liste over tabellar

| | |
|---|----|
| Tabell 1: Intervju ved Sámi allaskuvla..... | 49 |
| Tabell 2: Aktørane involverte i den språkpolitiske prosessen ved HVL og refererte til i avhandlinga | 53 |
| Tabell 3: Data frå HVL | 54 |

1 Introduksjon

1.1 Siktemålet med avhandlinga

Denne avhandlinga tek føre seg språkpolitikk og språkval i norsk academia. Meir spesifikt tek ho føre seg to institusjonar som kvar for seg har valt å ha eit mindre brukt språk som sitt hovudspråk: nynorsk og nordsamisk. Avhandlinga granskar val av språk og språkpolitiske reguleringar av bruken av språk og ser dette i lys av den minoriserte posisjonen¹ til dei aktuelle språka. Vidare legg avhandlinga vekt på korleis språkval og språkpolitiske prosessar vert legitimerte.

Avhandlinga høyrer heime i *språkplanleggingsvitskapen*, som internasjonalt vert omtalt som *language policy and planning* (LPP). Dette er ein relativt ung vitskap, men han har utvikla seg mykje på 2000-talet. Avhandlinga plasserer seg innanfor nyare LPP-forsking i vektlegginga av ideologi og inkluderinga av offisielle og uoffisielle mekanismar, tekst og diskurs, og aktivitetar over mange lag med ei rekke involverte aktørar. I dag er det stort sett semje om at granskingar av språkpolitikk må ta omsyn til enkeltindivid som sentrale aktørar som påverkar både utarbeiding og implementering av språkpolitikk (t.d. Johnson, 2013; Johnson og Johnson, 2015; Glasgow og Bouchard, 2018). Denne avhandlinga fokuserer difor på rolla til *språkpolitiske aktørar*. Vidare legg avhandlinga vekt på *utarbeiding* av språkpolitikk, eit felt som har fått mindre merksemd enn granskinga av språkpolitiske dokument og implementeringa og approprieringa av desse (Hult, 2015, s. 226). Når ein granskar utarbeiding av språkpolitikk, ser ein språkpolitikk som *prosess*. Avhandlinga tek sikte på å utvide vår forståing av den språkpolitiske prosessen, både når han er eksplisitt og offisiell, og når han føregår meir implisitt gjennom forhandling og rekontekstualisering idet språkval vert gjorde.

Avhandlinga tek sikte på å bidra empirisk, teoretisk og metodologisk til forskarfellesskapen. Empirisk vil avhandlinga vere eit tilskot til den stadig veksande forskinga på språkpolitikk i academia. Analysen av empirien kan både stadfeste og utfordre kunnskapen ein har om språkpolitikk og språkval i universitets- og høgskulesektoren (UH-sektoren). Gjennom å vektlegge minoriserte språk, og vidare gjennom å sjå på minoriserte språk i ein kontekst der nasjonal språkpolitikk i utgangspunktet støttar opp om desse språka, bidreg avhandlinga med ny empiri. Teoretisk tek ho sikte på å styrke kunnskapen om språkpolitikk som prosess. Avhandlinga nyttar Johnsons (2013) tredeling av den språkpolitiske prosessen – oppretting, tolking og appropriering – men analysen av datamaterialet gjev også grunnlag for

¹ Omgrepet *minorisert* konseptualiserer språkleg ulikskap som resultat av dominansforhold og dynamiske prosessar. Sjå 3.4 for meir om omgrepet og bruken av det i denne avhandlinga.

å drøfte tredeling og rolla aktørar har i prosessen. Gjennom å vektlegge legitimitet er målet å gje interessante og nye innsikter i forståinga av språkpolitiske prosessar og av val av minoriserte språk. Avhandlinga vil også bidra til den teoretiske diskusjonen om forholdet mellom aktørskap og struktur. Vidare kan avhandlinga potensielt bidra til ei utviding av kva emne det vert forska på innan LPP i Noreg, og til å vidareutvikle omgrepsbruk og terminologi i norsk LPP-forskning og -litteratur. Ved å ta i bruk språkpolitisk etnografi vert også dei metodologiske tilnærmingane som er brukte i LPP-granskingar i Noreg, utvida. Ein har i dei seinare åra sett diskursive tilnærmingar til LPP hjå nokre norske forskarar (t.d. Lane, 2016; Sollid, 2019), men denne avhandlinga har potensial til å vidare opne opp feltet for diskursive og etnografiske tilnærmingar.

I avhandlinga vil eg argumentere for at omgrepet *minorisert* kan nyttast om både nynorsk og nordsamisk. Det vert gjort gjennom å analysere datamaterialet i lys av relevant teori og det ein veit om posisjonen til dei to språka. Dei samiske språka er minoritetsspråk, slik vernet under Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk demonstrerer. Når det gjeld nynorsk, er utgangspunktet for avhandlinga at språket er mindre brukt enn det bokmål er, i akademia som elles i det norske samfunnet (sjå 1.3.1 om *språk* kontra *målform*). Nynorsk og bokmål er jamstilte etter lova, men realiteten reflekterer ikkje lovverket. Omgrepet minorisert bidreg med eit perspektiv som synleggjer at språkstatus er resultat av prosessar der språk er sette opp mot kvarandre (sjå 3.4).

1.2 Hovudmål og forskingsspørsmål

Avhandlinga granskar språkpolitikken ved Høgskulen på Vestlandet og Sámi allaskuvla, med utgangspunkt i at institusjonane har minoriserte språk som hovudspråk. Det overordna målet for avhandlinga er å granske

- korleis strukturar i akademia, diskursar og ideologiar (især autentisitet og anonymitet) verkar inn på val av minoriserte språk og språkpolitiske reguleringar,
- kor mykje rom det er for aktørskap når språkval skal gjerast, og
- korleis språkval og språkpolitiske prosessar vert legitimerte.

Dei tre forskingsartiklane i avhandlinga stiller kvar for seg viktige forskingsspørsmål. Sidan institusjonane og språksituasjonane avhandlinga tek føre seg, er nokså ulike, er også spørsmåla det. Denne introduksjonen til avhandlinga – kapp – vil syne at artiklane og spørsmåla dei stiller, til saman utgjer ein heilskap, og at dei tre artiklane til saman bidreg med ei auka forståing av val av minoriserte språk i norsk akademia.

Artiklane stiller følgjande forskingsspørsmål:

Artikkel 1 *Making linguistic choices at a Sami University: negotiating visions and demands:* Korleis reflekterer val av publiseringsspråk Sámi allaskuvlas visjon og fellesskapane institusjonen er ein del av?

Artikkel 2 *Language policy formation in higher education: discursive tension and legitimacy-seeking deliberation:* Kva for diskursar møtest i utarbeidinga av språkpolitiske retningslinjer ved Høgskulen på Vestlandet? Korleis arbeider aktørane for å oppnå legitimitet for ståstadane sine og for den språkpolitiske prosessen som heilskap?

Artikkel 3 *Å velje eit minorisert språk: mellom språkpolitiske ideal og språkleg realitet:* Kvifor argumenterer dei språkpolitiske aktørane for nynorsk også etter at språkvalet er gjort? Korleis argumenterer dei for nynorsk? Korleis bidreg HVL til å oppretthalde og/eller endre eit etablert bilde av nynorsk?

Til saman rommar spørsmåla dei sentrale temaa for avhandlinga: minoriserte språk, aktørskap og struktur, ideal og realitet, prosess og legitimitet.

1.3 Kontekst: språkpolitikk i teori og praksis

Høgare utdanning er ein relativt ny kontekst for språkpolitiske granskingar. Samstundes er det dei seinare åra skrive ein god del om språkpolitikk og språkbruk i akademia, frå både forskings- og forvaltingshald. Særleg er det forholdet mellom engelsk og eit nasjonalspråk som er diskutert, og dette har også vore tilfellet i Noreg (sjå t.d. Ljosland, 2008). Bruken av engelsk i akademia er stigande, noko som verkar inn på moglegheitene for å bruke andre språk. I den norske konteksten veit ein at bruk av engelsk går ut over bruk av norsk (sjå t.d. Røyneland mfl., 2018). Ein kan vidare spørje seg kva situasjonen er for språk som har ein minorisert posisjon, samanlikna med norsk bokmål. Det finst få granskingar av kva moglegheiter det er for å velje å bruke slike språk i høgare utdanning i Noreg. Denne avhandlinga bidreg med auka kunnskap om dette ved at ho tek føre seg institusjonar som har nynorsk og nordsamisk som hovudspråk. Bakteppet for avhandlinga er norsk offentleg språkpolitikk og forvaltinga av nynorsk og samisk, og av norsk (nynorsk og bokmål) i møte med engelsk.

1.3.1 Nynorsk og bokmål

Eit sentralt emne i språkpolitikken i Noreg er forholdet mellom nynorsk og bokmål. Dei to målformene er ifølgje gjeldande politikk og lovverk likestilte, men i praksis har dei ulike kår.

Det finst lite statistikk over talet på nynorsk- og bokmålsbrukarar i samfunnet generelt, men Grunnskulens informasjonssystem (GSI) fører oversyn over opplæringspråk. Ifølgje GSI hadde 554 519 elevar bokmål som opplæringspråk skuleåret 2018–2019 (Grunnskulens informasjonssystem, 2020). Same året hadde 76 137 elevar nynorsk som opplæringspråk. Delen nynorskbrukarar går ned i løpet av skulegangen (sjå t.d. Språkrådet, 2017a, s. 128). I stortingsmeldinga *Mål og meining – Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* (2007–2008) vert det slått fast at «[d]et er behov for eit meir heilhjarta og systematisk arbeid for å styrkja nynorsk språk [...]», og at «[d]ette er eit særskilt språkpolitisk mål [...]» (Kultur- og kyrkjedepartementet, 2008, s. 14). Stortingsmeldinga kom i 2008, men ho er framleis styringsdokumentet for norsk språkpolitikk. Arbeidet med ei ny språkmelding er i gang, og det er varsla at det vil kome ei ny melding i 2020. I løpet av 2020 kjem det også for første gong ei språklov for Noreg. Eit framlegg til lov vart lagt fram hausten 2019.

Bruken av nynorsk og bokmål i høgare utdanning er primært regulert av *lov om målbruk i offentleg teneste* (mållova). Ho slår fast at sentrale statsorgan, som offentlege høgskular og universitet, skal nytte begge målformene. Dette inneber at nynorsk og bokmål skal vere representerte med minimum 25 prosent kvar i skriftleg tilfang (mållova, 1980). Institusjonane må årleg rapportere om målbruken sin til Språkrådet. I tillegg gjeld *forskrift om målform i eksamensoppgåver* for UH-sektoren. Forskrifta slår fast at studentar har rett på eksamen på eiga målform. *Mål og meining* adresserer ikkje nynorskens stilling i UH-sektoren som eige emne, men meldinga peikar på fleire utfordringar som gjeld nynorsk i academia. For det første vert det slått fast at nynorsk står svakare som fagspråk enn det bokmål gjer. For det andre peikar meldinga på at engelskbruk kan utfordre nynorsk: «Som bokmål er pressa av engelsk, står nynorsk under press frå bokmål. Indirekte gjev dette ei kjede der engelsk også pressar nynorsk.» (Kultur- og kyrkjedepartementet, 2008, s. 195) Nynorsk har ein svak posisjon og kan bli nedprioritert når UH-sektoren også skal lage plass til engelsk, slik mellom andre Thingnes (2015) avdekkjer.

Mållbrukssrapporteringa syner at berre eit fåtal institusjonar oppfyller krava i mållova. Storparten av institusjonane nyttar langt under 25 prosent nynorsk, og nokre institusjonar rapporterer ikkje i det heile (Språkrådet, 2017b). To institusjonar, Høgskulen i Volda og den tidlegare Høgskulen i Sogn og Fjordane, har i fleire år brote lova den andre vegen, gjennom å nytte for lite bokmål (ibid.). Årleg er det også fleire brot på *forskrift om målform i eksamensoppgåver*, men det finst ikkje like god statistikk over dette. Basert på medieoppslag og rapporteringssystemet til Norsk Målungdom kan ein likevel slå fast at mange studentar som er melde opp til eksamen på nynorsk, får oppgåveteksten på bokmål. Slett kvalitet på

nynorskversjonen av eksamensoppgåver er også eit problem ved fleire institusjonar (sjå t.d. Lie, 2016). I *Mål og meining* vert det peikt på eit behov for støtte til å formulere eksamensoppgåver på begge målformene. Thingnes (2015) syner at slik støtte er mangelvare, og at det er behov for eit system som kan sikre at eksamensoppgåver på nynorsk har god kvalitet. Røyneland mfl. (2018, s. 41) slår fast at «[n]ynorsk er i en svært utsatt, for ikke å si marginalisert posisjon i norsk høyere utdanning i dag». At nynorsk står svakt i UH-sektoren, ser ein mellom anna i det låge talet på masteroppgåver og doktorgradsavhandlingar skrivne på nynorsk, høvesvis 2 prosent (NIFU, 2018) og 0,9 prosent (Schwach og Elken, 2018) mot 54 prosent og 7,7 prosent på bokmål. Samstundes er det store skilnadar innan sektoren når det gjeld bruk av nynorsk, både mellom fagfelt og mellom institusjonar.

I språklova som etter planen skal vedtakast i 2020, vert gjeldande reguleringar for nynorsk og bokmål i det store og heile vidareførte. I utkastet til føremål vert det slått fast at

[I]ova skal fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk og sikre vern og status for dei språka som staten har ansvar for. Offentlege organ har eit særleg ansvar for å bruke, utvikle og styrkje norsk språk. Dette omfattar eit ansvar for å fremje det minst brukte skriftspråket. (Kulturdepartementet, 2019, s. 88)

Skriftspråk vert her brukt om bokmål og nynorsk, i staden for nemninga «målform» som er brukt i det gjeldande lovverket. Dette er medvite:

Det er hevda at den særnorske nemninga målform, brukt om bokmål og nynorsk, grodde ut frå tanken om ei framtidig samling til eitt norsk språk der dei to variantane møttest. Denne tilnærmingspolitikken er no eit tilbakelagt stadium. [...] Departementet legg opp til at språklova konsekvent bør nytte nemningane «språk» eller «skriftspråk» om bokmål og nynorsk [...]. (Kulturdepartementet, 2019, s. 10)

Dette er ei viktig endring i norsk språkforvaltning. Endringa er i samsvar med mitt syn på nynorsk og bokmål. Dei to *språka* har ulike opphav og ulike skriftradisjonar, og eg meiner nemninga målform er for snever til å kunne fange opp sosiopolitiske, historiske, kulturelle og identitetsmessige dimensjonar. Difor vil eg heretter nytte nemninga språk om nynorsk og bokmål (sjå artikkel 3 for vidare grunngjeving). Den føreslåtte språklova slår vidare fast kravet om 25 prosent nynorsk/bokmål hjå sentrale statsorgan. Noko som derimot er føreslått endra, er plikta den enkelte statstilsette har til å nytte nynorsk og bokmål.

Departementet gjer [...] framlegg om ikkje lenger definere det som ei tenesteplikt på den enkelte statstilsette å bruke nynorsk og bokmål etter reglane i kapittel 2. I staden er framlegget å vidareføre det overordna ansvaret på organet sjølv, formulert som eit pålegg om å sikre nødvendig skrivekompetanse. (Kulturdepartementet, 2019, s. 15)

På noverande tidspunkt er det uvisst om dette vert ståande, og også kva konsekvensar endringa eventuelt vil få for bruken av nynorsk og bokmål i UH-sektoren.

1.3.2 Samisk

I dag er det tre samiske språk i bruk i Noreg: nord-, lule- og sørsamisk. Alle er truga, men nordsamisk står sterkare enn dei to andre språka og har styrkt seg dei seinare åra. Som i tilfellet med nynorsk er det lite statistikk over tal på brukarar av dei samiske språka, og igjen må ein ty til statistikk over opplæringspråk. Ifølgje GSI hadde 892 elevar i Noreg nordsamisk som førstespråk skuleåret 2018–2019 (Grunnskuleinformasjonssystem, 2020). Same året hadde 26 elevar sørsamisk og 34 lulesamisk som førstespråk. Tala på elevar som hadde eit av desse samiske språka som andrespråk dette året, var høgare, høvesvis 1 276, 85 og 82 (ibid.).

Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk vernar om dei samiske språka. Vidare slår *lov om Sametinget og andre samiske rettsforhold* (samelova) fast at samisk og norsk er likeverdige språk (samelova, 1987). I forvaltingsområdet for samiske språk har samisk status som eit offisielt språk på linje med norsk. Dette vernet og politikken som ligg bak, står i sterk kontrast til den assimilasjonspolitikken som norske styresmakter førte overfor det samiske folket og dei samiske språka frå om lag 1850 til utpå 1950-talet. Målet var at samane skulle «fornorskast». Heile samfunnslivet var omfatta av politikken, men utdanningssystemet var særleg viktig for styresmaktene. Samiske born måtte gå på norske internatskular der det var forbode å bruke samisk. Fornorskingspolitikken hadde store negative konsekvensar for samisk språk, kultur, levesett og identitet (sjå Minde, 2005, for meir om fornorskingspolitikken).

Bruken av samisk i academia er mindre regulert enn det bruken av nynorsk og bokmål er. I den grad han er regulert, er det i form av at ulike institusjonar har ansvar for å tilby opplæring i dei tre samiske språka som er i bruk i Noreg i dag. Nord universitet skal tilby lulesamisk (ved studiestad Bodø) og sørsamisk (ved studiestad Levanger), medan Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT) og Sámi allaskuvla skal tilby nordsamisk. UiT har også eit nasjonalt ansvar for samisk forskning og undervisning, og Senter for samiske studiar held til ved institusjonen. Sámi allaskuvla er i ei særstilling gjennom at all aktivitet ved høgskulen skal føregå på samisk. Ifølgje *Mål og meining* skal samisk ved denne institusjonen «[...] ha tilsvarande funksjon som hovudspråk som det norske skal ha ved universitet og høgskular elles» (Kultur- og kyrkjedepartementet, 2008, s. 122).

I framlegget til ny språklov vert det følgjande slått fast om samisk:

Offentlege organ har eit ansvar for å verne og fremje samiske språk. (Kulturdepartementet, 2019, s. 88)

Samiske språk er urfolksspråk i Noreg. Samiske språk og norsk er likeverdige språk. Dei er likestilte språk etter føresegnene i sameloven kapittel 3. (Kulturdepartementet, 2019, s. 89)

Nemninga «urfolksspråk» er ikkje nytta i gjeldande lovverk, men høyringsnotatet – der departementet legg fram utkastet til språklova – skildrar den nye nemninga som ei «[...] konstatering av at samane har status som urfolk, og med det at dei samiske språka er urfolksspråk» (Kulturdepartementet, 2019, s. 42).

1.3.3 Engelsk og norsk

Engelsk er eit globalt språk med ein unik posisjon i internasjonalt akademia, og også i den norske UH-sektoren har språket ein sentral plass. Det ser ein att i norsk språkpolitikk, der bruk av engelsk i akademia er eit viktig emne. Ifølgje *Mål og meining* er akademia det området i samfunnet som «[...] reint strategisk er viktigast for å tryggja stillinga for norsk språk som eit komplett, samfunnsberande nasjonalspråk» (Kultur- og kyrkjedepartementet, 2008, s. 109). Utfordringa i akademia vert skissert slik:

Den utfordringa vi står overfor, er korleis vi skal handtera tilhøvet mellom engelsk og norsk når globalisering og vitskapleg merittering dreg i retning av engelsk, samstundes som vi ønskjer å verna nasjonalspråket mot domenetap og sikra oss at vi framleis kan ha ei fagleg og terminologisk utvikling på vårt eige språk. (ibid., s. 110)

I *NOU 2003: 19 Makt og demokrati* vert det hevda at engelskdominansen i akademia kan få alvorlege kulturelle implikasjonar, og at han kan verke inn på maktbalanse og demokrati. Med dette som bakgrunn er eit av dei skisserte måla med norsk språkpolitikk å sikre norsk språk i høgare utdanning og forskning. Norsk skal vere hovudspråket i akademia, og engelsk skal berre brukast når det tener formålet (Kultur- og kyrkjedepartementet, 2008, s. 121). Ein skal unngå at «[...] den positive symbolfunksjonen som engelsk nyt godt av, gjer sitt til å fortregja bruk av norsk også når dette er det mest naturlege og tenlege språkvalet» (ibid.). I *Mål og meining* vert det også lagt til grunn at «[...] norsk skal vera hovudspråket ved norske universitet og høgskular [...]» (ibid., 124). Mellom 1995 og 2002 slo sjølve universitets- og høgskulelova fast at undervisningsspråket til vanleg skulle vere norsk, men dette vart fjerna grunna eit ønske om internasjonalisering (sjå t.d. Røyneland mfl., 2018, s. 47).

Ifølgje *Mål og meining* skal språkpolitiske tiltak ta utgangspunkt i språktilstanden. Fleire av tala det vert vist til i meldinga, var gamle alt i 2008, og ti år seinare må ein byggje på nyare materiale. Gregersen (2014) tek føre seg parallellspråklegheit ved universiteta i Norden, og rapporten rommar både språkpolitikk, språkpraksis og praktiske råd. Landrapporten frå Noreg, som inngår i Gregersen (2014), syner at engelsk vert stadig meir brukt i publisering av

vitskapleg arbeid, at talet på kurs på engelsk aukar, og at det er fleire internasjonale tilsette og studentar enn tidlegare. Det går også fram at det er stor skilnad mellom fagfelt, og også mellom ulike delar av akademia (Kristoffersen, Kristiansen og Røyneland, 2014). Nyare statistikk viser at talet på masteroppgåver skrivne på engelsk har auka jamt dei siste åra, og i 2016 var 43 prosent skrivne på engelsk (Schwach og Elken, 2018, s. 22). Ifølgje ein rapport frå NIFU frå 2018 er 90,8 prosent av alle doktorgrader i Noreg skrivne på engelsk. I 2018 leverte Språkrådets framtidsutval rapporten *Språk i Noreg – kultur og infrastruktur*, som identifiserer viktige innsatsområde for å sikre språka brukte i Noreg (Røyneland mfl., 2018). Rapporten viser at bruken av engelsk har auka i både undervisning og forskning.

I *Mål og mening* vert det slått fast at norsk står særleg svakt som publiseringsspråk (Kultur- og kyrkjedepartementet, 2008, s. 119), og i 2009 vart følgjande setning inkludert i UH-lova: «Universiteter og høyskoler har ansvar for vedlikehold og videreutvikling av norsk fagspråk.» (universitets- og høgskulelova, 2005) Nokre terminologiprojekt er sette i gang etter dette, men mangelen på norsk terminologi er framleis stor (Språkrådet, 2017a). Også rapporten frå Språkrådets framtidsutval trekkjer fram fagspråk og ser det i samband med *språkstrategiar*: «Kunnskapsdepartementet har slått fast at ansvaret for norsk fagspråk innebærer at norske universitet og høyskoler må utforme egne lokale språkstrategier.» (Røyneland mfl., 2018, s. 51) Her er det verdt å merke seg at «strategi», «plattform» og «retningslinjer» er ord som i forvaltninga og av UH-institusjonar er brukte om kvarandre om den same typen dokument. Universitets- og høgskulerådet (UHR) vedtok ei *språkpolitisk plattform* i 2006, som mellom anna skulle fungere som ein mal og ei inspirasjonskjelde når institusjonar skulle utarbeide egne språkpolitiske retningslinjer. I plattformen vert det mellom anna slått fast at norsk er administrasjonsspråk og til vanleg bør vere undervisningsspråk. Norsk skal vidare vere «[...] et relevant språk ved vitenskapelig publisering» (UHR, 2007). I plattformen frå UHR er omgrepet *parallellspråklegheit* sentralt, slik det går fram av denne setninga: «Institusjonene bør utarbeide språkstrategier som sikrer parallellspråkligheit, dvs. norsk som nasjonalt fagspråk og engelsk som internasjonalt fagspråk.» (UHR, 2007) *Mål og mening* ser parallellspråklegheit/-parallellspråkbruk som ei mogleg løysing på utfordringane ein står overfor i akademia. Omgrepet er framleis viktig i nordisk språkpolitikk, og i 2017 kom det ein ny nordisk rapport om parallellspråklegheit: *More parallel, please! Best practice of parallel language use at Nordic Universities* (Gregersen, 2018). Han er ei tilråding til UH-sektoren i dei nordiske landa om korleis ein driv god fleirspråkleg politikk og praksis.

Som det går fram av utfordringa skissert opp i *Mål og mening*, er det krefter i UH-sektoren som dreg i retning av meir bruk av engelsk. Forskingspolitikken er ei slik kraft. Han

er skissert opp i fleire stortingsmeldingar, og stortingsmeldingane *Internasjonalisering av utdanning* (2008–2009) (Kunnskapsdepartementet, 2009) og *Lange linjer – kunnskap gir muligheter* (2012–2013) (Kunnskapsdepartementet, 2013) er sentrale. Begge desse meldingane legg opp til auka internasjonalisering, noko som i realiteten betyr auka bruk av engelsk. I rapporten frå Språkrådets framtidsutval vert det hevda at «Kunnskapsdepartementets vekt på internasjonalisering trumfer Kulturdepartementets krav om bruk av norsk språk» (Røynealand mfl., 2018, s. 48). Dette er ei av hovudutfordringane for språkpolitikk i høgare utdanning. UH-sektoren er underlagd krav frå to departement, og krava er i konflikt med kvarandre. Det finst sterke insentiv for internasjonalisering, men få eller ingen for bruk av norsk språk. UH-sektoren vert stadig målt, og institusjonane prioriterer sjeldan det dei ikkje vert målte på. Særleg er arbeidet med norsk fagspråk skadelidande. Språkpolitikken har blitt kritisert for ikkje å vere sektorovergripande (sjå t.d. Kultur- og kyrkjedepartementet, 2008; Røynealand mfl., 2018). Eit lite signal om endring kom hausten 2018 då ministeren for forskning og høgare utdanning, Iselin Nybø, og kulturminister Trine Skei Grande tok initiativ til ein konferanse om norsk fagspråk (Lie, 2018). På konferansen informerte dei mellom anna om at Kunnskapsdepartementet kom til å inkludere ansvaret for fagspråk i utdanningsinstitusjonanes tildelingsbrev for 2019. I breva ber departementet institusjonane om å følgje med på utviklinga av norsk fagspråk og å setje i verk tiltak dersom det er naudsynt. Brevane minner også institusjonane om å følgje mållova. Under konferansen uttrykte representantar frå Oslomet – storbyuniversitetet og Universitetet i Oslo at dei var skeptiske til effekten av å inkludere ansvaret for fagspråk i tildelingsbrevane, og at måling og rapportering ikkje er vegen å gå (ibid.; Lindqvist, 2018).

1.4 Institusjonane som vert granska

For å granske språkpolitikk og språkval i academia med vekt på minoriserte språk tek avhandlinga føre seg to utdanningsinstitusjonar: Høgskulen på Vestlandet og Sámi allaskuvla.

1.4.1 Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er resultat av ei samanslåing av Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF), Høgskolen i Bergen (HiB) og Høgskolen Stord/Haugesund (HSH). Samanslåinga var del av den store struktureforma i høgare utdanning i Noreg, lansert i stortingsmeldinga *Konsentrasjon for kvalitet – Struktureform i universitets- og høyskolesektoren* (2014–2015). Dei tidlegare høgskulane vart éi eining 1. januar 2017. I fusjonsavtalen mellom dei tidlegare institusjonane vert det slått fast at «[h]ovudmålforma for den nye institusjonen skal vere nynorsk» (Høgskulen på Vestlandet, 2016). Dette gjer at HVL språkpolitisk skil seg ut i det norske universitets- og høgskulelandskapet.

HVL er ein av dei største høgskulane i Noreg, med om lag 16 000 studentar og 1 600 tilsette. Han tilbyr mange ulike studieprogram, fordelte på fagområda helse- og sosialfag, idrett, friluftsliv og folkehelse, ingeniør- og maritime fag, lærar- og musikkutdanning, natur- og samfunnsfag og økonomi og leiing (Høgskulen på Vestlandet, 2019a). HVL tilbyr bachelor-, master- og ph.d.-program og vidareutdanning. Institusjonen er spreidd over fem studiestadar, med ein avstand på om lag 400 km frå lengst sør til lengst nord. Alle dei fem studiestadane



Figur 1: Høgskulen på Vestlandet og Sámi allaskuvla

ligg på Vestlandet, og regiontilknytninga er sentral i fusjonsavtalen. I avtalen står det mellom anna at «Høgskulen på Vestlandet skal ta utgangspunkt i og byggje vidare på hovudtrekk ved vestlandsk kultur, næring og tradisjonar» (Høgskulen på Vestlandet, 2016). Forholdet til regionen går som ein raud tråd gjennom heile avtalen, men HVL ønskjer også å setje spor nasjonalt og internasjonalt. Ein kan sjå målet om å styrke forskingsposisjonen også internasjonalt saman med ambisjonen HVL har om å på sikt bli universitet (ibid.). Høgskulen er statleg finansiert.

1.4.2 Sámi allaskuvla

Sámi allaskuvla (Samisk høgskole) vart etablert i 1989 for å tilby samisk lærarutdanning. I dag tilbyr institusjonen i tillegg følgjande studieprogram: samisk-/urfolksjournalistikk, duodji (samisk handverk), reindrift og samisk språk og litteratur. Høgskulen har om lag 200 studentar og om lag 130 tilsette. Institusjonen ligg i Kautokeino, der nordsamisk står sterkt. Han skal vareta samisk kultur, språk og levesett og styrke utviklinga av det samiske samfunnet. Ifølgje institusjonens gjeldande strategiplan er visjonen å vere «[e]t samisk og urfolksuniversitet der samisk språk høres og leses daglig, og der samenes og andre urfolks verdier og tankegang står i sentrum» (Sámi allaskuvla, 2016). Vidare skal institusjonen jobbe for å bli ein leiande høgare utdanning- og forskingsinstitusjon, der samisk kunnskap og livsforståing er verdigrunnlaget (ibid.). Institusjonen har ikkje eit eige språkpolitisk dokument, men som synt over er samisk språk inkludert i institusjonens visjon. Strategiplanen slår også fast at institusjonen vil «[v]ære

et ledende miljø for å lære og arbeide på samisk og med samisk» og har som mål å «være en ledende institusjon i styrking og utvikling av samisk som vitenskaps-, utdannings- og forvaltningsspråk» (ibid.). Også denne høgskulen er statleg finansiert.

For å arbeide ved Sámi allaskuvla må ein kunne eit av dei samiske språka eller tileigne seg språkkunnskapen innan tre år. Studentar som skal ta emne ved institusjonen, må ha samisk som første- eller andrespråk. Unntaket er studentar i samisk begynnarpplæring og på master i urfolksjournalistikk. Sett vekk frå den nemnde masteren går all undervisning ved institusjonen føre seg på nordsamisk. Også administrasjonen ved høgskulen brukar nordsamisk. Om lag 20 prosent av studentane er ifølgje Norsk senter for forskingsdata (NSD) internasjonale. Fleire av desse kjem frå dei samiske delane av Sverige, Finland og Russland, og på grunnlag av det vert dei ikkje rekna som internasjonale studentar av høgskulen sjølv. Sámi allaskuvla er av World Indigenous Higher Education Consortium (WINHEC) akkreditert som ein urfolksinstitusjon, og høgskulen samarbeider med andre urfolksinstitusjonar.

Gjennom avhandlinga vil eg konsekvent nytte det samiske namnet Sámi allaskuvla om denne høgskulen. Dette er det offisielle namnet, men også det engelske namnet Sámi University of Applied Sciences har offisiell status. Det er nytta i artikkel 1. Det norske namnet Samisk høgskole har derimot ikkje offisiell status. Namnet er likevel nytta av norske styresmakter når høgskulen vert omtalt, og i kommunikasjonen med høgskulen. Høgskulen sjølv brukar det norske namnet i offisielle dokument som skal lesast av styresmaktene, og som difor må vere skrivne på norsk (til dømes strategiplanar og årsrapportar). Eg var lenge i tvil om eg ville nytte det samiske eller det norske namnet i denne kappa. Eit argument mot å nytte det samiske er at eg ikkje ønskte å eksotifisere institusjonen. Om han hadde hatt eit offisielt norsk namn, og eg likevel hadde brukt det samiske, kunne nokre oppfatta dette som nettopp ei eksotifisering. Til dømes Sametinget har både eit norsk og eit samisk namn, som begge inngår i logoen til institusjonen, og i eit slikt tilfelle ville eg ha nytta det norske namnet om eg skulle ha omtalt institusjonen på norsk. Slik er det ikkje med Sámi allaskuvla, og eg vel å ta utgangspunkt i kva namn som har offisiell status. Eg meiner dessutan at det er viktig å synleggjere dei samiske språka og samiske institusjonar, og valet om å bruke Sámi allaskuvla er såleis også språkpolitisk motivert.

For å lette lesinga av avhandlinga har eg i resten av kappa valt å skrive «samisk» når eg omtalar «nordsamisk». Når eg refererer til alle dei samiske språka som er brukte i Noreg, skriv eg «dei samiske språka».

1.5 Struktur

Denne avhandlinga er som nemnt sett saman av tre forskingsartiklar i tillegg til denne kappa. Kappa er delt inn i seks kapittel, inkludert dette innleiingskapittelet. Kapittel 2 presenterer tidlegare forskning på dei sentrale områda for avhandlinga, og kapittel 3 skisserer opp det teoretiske rammeverket for avhandlinga. Kapittel 4 presenterer det metodologiske rammeverket, datamaterialet og datainnsamlinga. Kapittelet rommar også etiske vurderingar, inkludert ein refleksjon om eigen posisjon som forskar i prosjektet. Kapittel 5 gjev eit samandrag av dei tre artiklane i avhandlinga og framhevar artiklanes funn og bidrag, før kapittel 6 diskuterer funna i avhandlinga som heilskap. Dette kapittelet demonstrerer også korleis bruken av to språk i avhandlinga er ein metakommentar til tematikken ho handsamar. Avslutningsvis vert avgrensingar ved avhandlinga drøfta og retningar for framtidig forskning føreslegne.

2 Tidlegare forskning

Dette kapittelet gjev ei oversikt over tidlegare forskning på dei sentrale områda for avhandlinga. Først presenterer eg forskning på språkpolitikk og språkpraksis i akademia og høgare utdanning. Først med vekt på mindre brukte språk i akademia, deretter på rolla til engelsk og forholdet mellom engelsk og nasjonalspråket/-språka. Vidare går kapittelet inn på forskning på språkpolitikk som prosess, og denne delen viser også til forskning på språkpolitiske aktørar og legitimitet. Deretter vert forskning på nynorsk og samisk meir generelt presentert, før eg avslutningsvis skisserer opp hol som denne avhandlinga vil bidra til å fylle.

2.1 Mindre brukte språk i akademia

Dei siste tiåra har det kome mange studiar av språkpolitikk og språkpraksis i akademia. Nokre tek føre seg haldningar, ideologiar og diskursar, medan andre demonstrerer politikkar og praksisar – og viser at det ofte ikkje er samsvar mellom desse. Nokre studiar tek føre seg bruken av mindre brukte og meir lokale språk i akademia, ofte sett i forhold til meir brukte språk i den aktuelle konteksten. *Cots, Lasagabaster og Garrett (2012)* har granska språkpolitikk og språkpraksis ved tre universitet i tospråklege delar av Europa. Dei finn mellom anna at walisisk vert eksotifisert i den walisiske konteksten, medan katalansk i den katalanske konteksten er sett som eit umarkert språkval. Katalansk er samstundes sett som eit identitetssymbol. Dei finn også at fleirspråklegheit i den katalanske konteksten i større og større grad vert sett som ei vare som kan gje forteneste. Forfattarane ser også på situasjonen for baskisk i Spania og samanliknar denne med *Balfours (2007)* funn frå Storbritannia og Sør-Afrika. Dei finn at det hegemoniske språket spansk ikkje verkar å ha ein like privilegert posisjon i den baskiske konteksten som det engelsk har i Storbritannia og Sør-Afrika. Ifølgje forfattarane har baskisk gode forhold i akademia samanlikna med til dømes walisisk og isiZulu. *Cots mfl. (2012)* peikar også på at med ei større vekt på internasjonalisering kan mindre brukte språk bli usynleggjorde ved universiteta eller oppfatta som ei hindring. Artikkel 3 i denne avhandlinga er inne på noko av det same som *Cots mfl. (2012)*, gjennom å sjå kva språk som er markert og umarkert, og om språk er del av ein identitet og/eller eit verktøy for forteneste. *Balfour (2007)* viser at ideologisk støtte frå staten ikkje er tilstrekkeleg for å halde liv i truga og mindre brukte språk, mellom anna grunna den sterke effekten globalisering har på språkbruk og språkstatus. *Lasagabaster (2015)* rører ved noko av det same når han hevdar at den sterke rolla til engelsk kan truge eksistensen til minoritetsspråk. Ifølgje han er det lite rom for individuelle språkval når engelsk har ein så sterk ideologisk posisjon. Artikkel 1 går i dialog med desse påstandane. Her er det viktig å merke seg at situasjonen for dei ulike språka nemnde her, og for dei samiske språka og nynorsk,

ikkje er den same. Til dømes er ikkje situasjonen for dei samiske språka den same som situasjonen for katalansk, mellom anna fordi talet på brukarar av katalansk er betydeleg høgare enn talet på brukarar av samisk.² Katalansk er eit stort språk, men det er samstundes eit språk som ikkje har hatt ein sjølvsgd plass i akademia. Det alle språka nemnde her har til felles, er at dei historisk har stått i ein minorisert posisjon i høve til eit sterkt nasjonalspråk.

Liddioat (2016) – eit temanummer frå *Current Issues in Language Planning* – inneheld fleire artiklar om språk i ei minorisert stilling, frå kontekstar utanfor Europa. Sterzuk og Fayant (2016) til dømes tek føre seg urfolksspråk i høgare utdanning i den kanadiske konteksten. Dei trekkjer fram kor viktig det er at lærarutdanningar inkluderer lokale urfolksspråk. Også andre har sett på urfolksspråk i lærarutdanningar, særleg i form av at lærarstudentar kan studere det aktuelle språket i lærarutdanninga (t.d. Wilson og Kawai‘ae‘a, 2007; De Korne, Gopar og Rios, 2018). Andre artiklar i Liddioat (2016) granskar engelskbruk og -innlæring blant studentar som ikkje har engelsk som førstespråk. I nordisk samanheng er det skrive lite om mindre brukte språk i akademia. Bull (2012) er eit unntak. Ho tek føre seg språklege praksisar ved to institusjonar som skil seg ut i det språklege UH-landskapet: Sámi allaskuvla og Fróðskaparsetur Føroya. Ho spør kvifor desse institusjonane har ein annan språkpolitikk og språkpraksis enn andre institusjonar, og hevdar at svaret ligg i institusjonanes identitet og synet på kva rolle dei har. Bull peikar på at universitet i større og større grad er del av ein kunnskapsøkonomi, og at ein konsekvens av det er at engelsk vert det hegemoniske språket. Samstundes syner Bull at større lokale språk kan utøve eit vel så sterkt press mot minoriserte språk som det engelsk kan.

2.2 Språkpolitikk og praksis i akademia: rolla til engelsk

Den aukande interessa for språkpolitikk i akademia er særleg grunna i internasjonaliseringa av høgare utdanning og forskning og rolla til engelsk som lingua franca. Mange studiar dreier seg nettopp om forholdet mellom engelsk og nasjonalspråket/-språka. Når det gjeld slike granskingar, kan ein primært dele dei inn i granskingar av offentleg språkpolitikk på feltet, bruken av engelsk i undervisning (ofte omtalt som EMI – English medium instruction) og val av publiseringsspråk. I dei seinare åra har det også kome noko forskning på språkpolitikk og språkbruk i den administrative delen av UH-sektoren (sjå t.d. Karlsson og Karlsson, 2019), men her er det behov for fleire granskingar.

Det er forska på bruk av engelsk i mange land, både i Europa (t.d. Solovova, Santos og Veríssimo, 2018) og utanfor Europa (t.d. Pan og Block, 2011). Fleire tidsskrift har også gjeve ut temanummer om engelsk i akademia (t.d. Liddicoat, 2016; Lanvers og Hultgren, 2018). Ein

² Det finst ingen sikre tal på brukarar av samiske språk.

god del av forskinga har vore gjort i Norden, dels fordi ein her har nytta særleg mykje engelsk i academia (sjå t.d. Hultgren, Gregersen og Thøgersen, 2014). Antologien frå Hultgren mfl. (2014) gjev innblikk i praksisar og ideologiar i dei nordiske landa og syner mellom anna at det er stor skilnad mellom ideologiar kring engelskbruk og faktisk praksis. Innleiingsvis slår redaktørane fast at engelsk er brukt i mykje større grad enn for 20 år sidan, i både undervisning og forskning, og at det er stor skilnad mellom fagfelt, der teknologiske og naturvitskaplege fag er dei som nyttar mest engelsk. Vidare slår dei fast at ein på det ideologiske nivået kan skilje mellom to motseiande diskursar, som dei kallar «internationalisation» og «culturalist». Sistnemnde inkluderer vern av nasjonalspråket, og i studiar som berre vektlegg det språklege, er liknande diskursar gjerne kalla «vareta nasjonalspråket». Diskursane *internasjonalisering* og *vareta nasjonalspråket* er avdekte av fleire, mellom anna av Salö (2016) og Soler og Vihman (2018), som har granska språkpolitikk i høvesvis Sverige og Estland. Diskursane er knytte til at mange universitet må balansere det å vere internasjonale med rolla som lokal samfunnsaktør. Salö (2016) fann ei spenning mellom praksis grunna i statens uttalte språkideologi og praksis retta mot ein transnasjonal marknad. Han har mellom anna granska publikasjonspraksisar og syner korleis forskingsevaluering og -finansiering verkar inn på kvardagen til akademikarar. Han hevdar at ein må forstå publiseringspraksisar som sosiale strategiar som svarer på endringar i academia (Salö, 2016; 2017).

Lillis og Curry (2010) er døme på andre som har vore interesserte i korleis akademikarar sjølve vert påverka av og forhold seg til ei akademisk verd der engelsk dominerer. Deltakarane i granskingane deira er fleirspråklege akademikarar som jobbar og lever i kontekstar der engelsk ikkje er det offisielle og/eller dominerande språket. Gjennom ein stor tekstorientert etnografisk studie finn dei mellom anna at kravet om å publisere på engelsk krev mykje av forskarar som ikkje har engelsk som eitt av førstespråka sine. Lillis og Curry syner korleis desse forskarane vert utfordra av høge krav til engelskkompetanse, og at det å publisere på fleire språk er både tidkrevjande og mentalt krevjande. Eit anna bidrag frå Lillis og Curry (2010) er at dei skisserer opp ulike samfunn/fellesskapar («communities») som forskarar skriv for, og som ein må forstå språkval i lys av. Også eit temanummer av *Journal of English for Academic Purposes* (Kuteeva og Mauranen, 2014) bidreg med studiar av publikasjonspraksisar i fleirspråklege kontekstar. Studiane tek mellom anna føre seg korleis fleirspråklege forskarar brukar engelsk og andre språk. Funna viser at disiplin er viktig for språkval, og at språkval primært er motiverte av faglege behov og disiplinære praksisar. I motsetnad til funna i Lillis og Curry (2010) viser fleire av studiane i Kuteeva og Mauranen (2014) at forskarar som ikkje har engelsk som førstespråk, ikkje opplever å vere vanskelegstilte (t.d. Muresan og Pérez-Llantada, 2014). Som døme på

studiar som granskar undervisningsspråk i fleirspråklege kontekstar, kan ein trekkje fram Badwan (2019). Ho tek føre seg val av undervisningsspråk i Tunisia, og studien er relevant for denne avhandlinga fordi han vektlegg spørsmål om aktørskap i val av språk. Han demonstrerer at aktørskap gjev rom for lokale tilpassingar, men at det også kan medføre usikkerheit og mangel på konsistens når det gjeld undervisningsspråk. Vidare demonstrerer artikkelen korleis mange ulike typar strukturar verkar inn på språkval.

I alle dei nordiske landa har omgrepet *parallellspråkbruk* fått mykje merksemd, både gjennom tilrådingar og rapportar (t.d. Gregersen, 2014; 2018) og som tema i eller objekt for språkpolitiske granskingar (t.d. Linn, 2010a; Hultgren, 2014; Holmen, 2017). Parallellspråkbruk har vore løfta fram som «best practice», men fleire forskarar har stilt seg kritiske til om omgrepet har den funksjonen språkpolitiske aktørar har intendert. Holmen (2017) gjev ein grundig presentasjon av historia til og bruken av omgrepet og av kva utfordringar som er knytte til det. Ho viser at omgrepet og strategien det legg opp til, har bidrege til auka merksemd kring rolla språk spelar i internasjonalisering av høgare utdanning. Ho syner også at både personar med interesser for internasjonalisering og personar med interesser for å vareta nasjonalspråket kan introdusere parallellspråkspolitikk. Dette kan ein sjå i samanheng med Johansens (2012) kritikk av at omgrepet, slik det er presentert i den norske språkmeldinga *Mål og meining*, er altfor tøyelig.

Om ein ser samla på forskinga på språkpolitikk i akademia i Norden, vert det tydeleg at der er fleire publikasjonar frå Sverige og Danmark, og dels Finland, enn frå Noreg. Eit av dei mest sentrale arbeida i den norske konteksten er Ljoslands avhandling *Lingua franca, prestisjespråk og forestilt fellesskap: om engelsk som akademisk språk i Norge. Et kasusstudium i bred kontekst* (2008; sjå også 2015). Ljosland gjev ei oversikt over stillinga til engelsk ved universitet i Nord- og Vest-Europa og relevant nordisk og norsk politikk på feltet. Ho presenterer også ein kasusstudie av ei eining ved Noregs teknisk-vitskaplege universitet som går over frå norsk til engelsk som undervisningsspråk. Ho finn at engelsk er brukt ved universitet i Noreg både som kommunikasjonsmiddel og som middel for å gje auka prestisje. Ei nyare avhandling på feltet, frå Trude Bukve, tek føre seg korleis studentar i Norden opplever språk og språkval i akademia, til dømes undervisning på engelsk. Bukve (2018; 2019) finn mellom anna at studentar som rapporterer om gode ferdigheiter i engelsk, er meir positive til undervisning på engelsk. Resultata til Bukve peikar i retning av at den nasjonale språkpolitikken

ikkje berre bør konsentrere seg om forskingsspråk og språk som kulturberar, men at han også må sikre at språk er ein ressurs for studentane i høgare utdanning.³

Linn (2010b) tek ikkje føre seg språk i akademia spesielt, men sidan artikkelen på fleire måtar er relevant for denne avhandlinga, må han med i dette kapitlet. Linn skisserer opp utviklinga i norsk offisiell språkpolitikk dei siste 40 åra, ved vekt på kva aktørar og stemmer som ytrar seg – og vert lytta til. Han ser særleg på dei språkpolitiske dokumenta *Norsk i hundre!* og *Mål og mening*. Linn (2010b) synleggjer at ein i norsk språkpolitikk har gått frå å primært drøfte forholdet mellom nynorsk og bokmål til å vere like oppteken – om ikkje meir – av forholdet mellom norsk og engelsk. Vidare viser han ei utvikling i kva for stemmer som har dominert i norsk språkpolitikk, og han peikar på kor viktig det er å inkludere stemmer «nedanfrå» – altså frå den såkalla grasrot – for å lukkast med språkpolitikk.

2.3 Språkpolitikk som prosess

Ifølgje Francis Hult (2015, s. 226) har få LPP-granskingar undersøkt utarbeidinga av språkpolitikk i sanntid. Han viser til at det finst mange granskingar av språkpolitiske dokument (sjå t.d. Hult og Källkvist, 2016; Karlsson og Karlsson, 2019), oftast gjennom ein type tekst- eller diskursanalyse. Vidare peikar han på at det også finst granskingar av korleis dokument vert sette ut i livet, og kva praktiske konsekvensar ny språkpolitikk har (sjå t.d. Honberger og Johnson, 2007; Johnson, 2010; Compton, 2013). Mange av dei nyare studiane av språkpolitiske prosessar legg særleg vekt på rolle aktørar har i å setje språkpolitikk ut i livet (jf. utviklinga på LPP-feltet presentert i teorikapitlet; sjå t.d. Johnson og Johnson, 2015). Rolla til aktørar er også i kjernen av denne avhandlinga. Det Hult (2015) derimot etterlyser, er granskingar av utarbeiding av språkpolitikk. Hult har sjølv, saman med Marie Källkvist, bidrege med ein slik studie. Det er verdt å ta ein nærare titt på denne studien, men først bør ein merke seg at også Choi (2018) etterlyser fleire studiar av språkpolitiske prosessar, men at ho peikar på at nettopp utarbeiding av språkpolitikk har fått noko meir merksemd dei siste åra, med referanse til mellom andre Forestier, Adamson, Han og Morris (2016).

Källkvist og Hult (2016) analyserer utarbeidinga av eit språkpolitisk dokument for eit universitet i Sverige. Ved å nytte neksusanalyse ser dei på diskusjonar i gruppa som utarbeidde dokumentet, og på korleis idear og diskursar frå mange ulike nivå møtest i prosessen. Källkvist og Hult (2016) viser korleis enkeltaktørar er med på å skape intertekstuelle og interdiskursive koplingar mellom politikk på mange nivå, og at eit dokument er resultat av meningsskaping

³ Eit nyare prosjekt leia av Ann-Kristin H. Gujord granskar kva plass og vilkår norsk språk har blant internasjonalt tilsette i den norske UH-sektoren. (sjå <https://www.uib.no/11e/120347/norsk-i-akademia-norwegian-academia-ninja>)

mellom aktørar og tekstar. Granskinga av den språkpolitiske prosessen ved Høgskulen på Vestlandet (HVL), som artikkel 2 og 3 i denne avhandlinga byggjer på, har mykje til felles med studien til Källkvist og Hult. Datamaterialet er nokså likt samansett, og granskingane er etnografisk orienterte. Samstundes er det skilnadar i kva forskingsspørsmål som vert stilte, og kva som vert vektlagt i analysen. Ein annan viktig skilnad er at Källkvist sjølv var medlem av gruppa ho observerte, medan eg observerte utan å ha ei offisiell rolle som deltakar i utarbeidinga av den aktuelle språkpolitikken.

Også andre har granska språkpolitiske prosessar der dei sjølve har hatt ei rolle som språkpolitiske aktørar. Lane (2015; 2016) granskar rolla til aktørar i utarbeidinga av ein standard for kvensk, og ho var sjølv medlem av det kvenske språkrådet som utarbeidde standarden. Også Røynealand (2013; 2016) har granska utarbeidinga av ein standard, i dette tilfellet ei ny norm for nynorsk. Røynealand var sjølv nestleiar i komiteen som utarbeidde norma. Dei to publikasjonane til Røynealand gjev innsikt i kva val komiteen måtte ta, og korleis han balanserte ulike krav og forventingar. Røynealand (2016) er særleg relevant for denne avhandlinga. Her granskar forfattaren i kva grad legitimitet vart oppnådd i prosessen med å utarbeide ei ny norm, og i kva grad norma vart akseptert av brukarane. Dette har fellestrekk med artikkel 2, som granskar korleis aktørane ved HVL søker å legitimere sine språkpolitiske ståstar og handlingar. Ein viktig skilnad mellom Røynealands studie og den som vert presentert i artikkel 2, er at Røynealand granskar prosessen rundt legitimering av normrevisjon (altså primært korpusplanlegging), medan artikkel 2 granskar legitimitet i ein prosess som inneber fleire typar språkplanlegging, særleg status og prestisje. Eg kjenner til få andre studiar som har teke føre seg legitimitet i språkpolitiske prosessar som omhandlar desse typane språkplanlegging. Eit unntak er Vanek, Cushing-Leubner, Engman og Kaiper (2018), som nyttar van Leeuwens (2007) rammeverk i ei gransking av eit språkpolitisk dokument. Forfatarane viser også til korleis nokre lærarar oppfatar og forhold seg til denne politikken. Dei finn at ein i dokumentet forsøker å oppnå eller hevde legitimitet gjennom å vise til autoritet i form av lover og ekspertar (forskingfunn) og gjennom å vise til moralske verdiar. Begge legitimitetskategoriane var også synlege i refleksjonane til lærarane. Også Camps (2018) ser på koplingar mellom språk og legitimitet. Ho studerer korleis limburgisk vert legitimert gjennom språkpolitiske dokument og av ulike sosiale aktørar.

Woolards (2005) teori om lingvistisk autoritet er også knytt til legitimitet, og denne teoretiske innfallsvinkelen har vore nytta av fleire i granskingar av minoriserte språk. Woolard (2016) har sjølv nytta rammeverket for å studere baskisk, og Camps (2018) har nytta det i den nemnde granskinga av limburgisk. Urla, Amorrortu, Ortega og Goirigolzarri (2018) ser på

situasjonen for og standardiseringa av baskisk i lys av teorien til Woolard. Det er også verdt å nemne antologien kapittelet til Urla mfl. er publisert i: *Standardizing Minority Languages. Competing Ideologies of Authority and Authenticity in the Global Periphery* (red.: Lane, Costa og De Korne, 2017). Som det går fram av tittelen, dekkjer denne antologien standardisering, minoritetsspråk og konkurrerande ideologiar. Vekta ligg ikkje på korpusplanlegging, men snarare på handlingane og perspektiva til aktørane som er involverte i standardiseringsprosessane som vert granska. I den norske konteksten har teoriane til Woolard vore mindre brukte, men både Bull (2004) og Mæhlum (2007) har utgreingar og drøftingar som har fellestrekk med dei ein finn hjå Woolard (2005).

2.4 Nynorsk og samisk

Over vart studiar av minoriserte språk i academia presenterte, men også studiar av statusen til nynorsk og dei samiske språka utanfor academia er relevante for denne avhandlinga. Eit utgangspunkt for granskingane er at språka er mindre brukte og dimed markerte i academia, og dette er i stor grad knytt til at dei også er mindre brukte og markerte utanfor den akademiske konteksten. Det finst lite forskning på statusen til nynorsk i storsamfunnet, men fleire granskingar av nynorsk som sidemål har vore utførte, særleg som masteroppgåver (t.d. Slettemark, 2006; Nordhagen, 2006). Desse studiane avdekkjer negative haldningar til nynorsk og stereotype oppfatningar om nynorskbrukarar. Haldningar er eit viktig bakteppe for diskursar og praksisar, og å kjenne til haldningar til nynorsk er såleis viktig i granskinga av datamaterialet frå HVL. Det har også blitt skriva masteroppgåver om språkskifte frå nynorsk til bokmål. Wold (2018) presenterer ein metaanalyse av fleire av desse masteroppgåvene og to rapportar. Ifølgje Wold tydeleggjer analysen

[...] den reelle minoritetsposisjonen nynorsk har, og viser at måten vi snakkar om og behandlar nynorsk, er med på å oppretthalde og legge grunn for sterke strukturar i det som kan omtalast som eit språkleg hegemoni. Nynorsk blir snakka ned, gløymd, ikkje tatt omsyn til, og elevar og lærarar rasjonaliserer prosessane. Det kan forklare at elevar vil legge frå seg nynorsken. (Wold, 2018⁴)

Wold ser på språkskifte frå nynorsk til bokmål, men minoritetsposisjonen ho finn at nynorsk har, vil verke inn også på andre sosiale praksisar. Andre har også demonstrert negative haldningar til nynorsk og mangelande respekt for lovverket som skal sikre bruken av språket (t.d. Vikør, 2011; Vangsnes, 2013). Thingnes (2015) finn at det er negative haldningar til nynorsk blant tilsette i universitetssektoren, og at nynorskbrukande studentar ikkje får oppfylt

⁴ Henta frå samandraget, sidetal manglar.

sine språklege rettar. I 2015 kom det ut ein antologi med oppdatert forskning på tema som rører ved nynorsk og nynorskbrukarar (Eiksund og Fretland, 2015). Han tek ikkje direkte føre seg haldningar til språket, men andre emne frå antologien er relevante for denne avhandlinga, særleg (nynorsk) identitet og koplinga nynorsk–dialekt.

På det språkpolitiske feltet er avhandlinga *Mellom nøytralitet og språksikring. Norsk offentleg språkpolitikk 1885–2005* (Bjørhusdal 2014) sentral. Bjørhusdal analyserer offentlege språkpolitiske styringsdokument frå 1885 til 2005, og ho finn at språkpolitikken som har vore ført for nynorsk og bokmål, har vore ein nøytralitetspolitikk snarare enn ein politikk som har skulla styrke det minst brukte språket, nynorsk. Bjørhusdal hevdar at denne nøytralitetspolitikken gjer det vanskeleg å sikre bruk av nynorsk, fordi ei sikring krev at nynorsk får særbehandling samanlikna med bokmål.

I forvaltingsområdet for samiske språk er norsk og samisk likestilte, men dette er ei formell likestilling snarare enn ei reell – slik det også er tilfellet med likestillinga mellom nynorsk og bokmål (t.d. Bjørhusdal, 2014). Til liks med situasjonen for nynorsk vert det uttrykt negative haldningar til samisk, og også direkte politisk og folkeleg motstand, særleg mot synleggjering av samiske språk i det offentlege rommet (sjå Puzey, 2009; Hiss, 2013a; 2013b). Dette er det også rapportert om gjennom media (sjå t.d. NRK, 2011). Johansen og Bull (2012, s. 38) koplar ulike reaksjonar på synleggjering av samisk språk til identitet. Dei forklarar negative reaksjonar mot synleggjering med mellom anna at folk opplever at eiga identitet som norsk og ikkje-same vert truga.

Vitskapleg arbeid om samisk har elles i stor grad dreidd seg om språka i seg sjølve og om revitalisering (sjå t.d. Olthuis Kivelä og Skutnabb-Kangas, 2012; Johansen, 2013; Aikio-Puoskari, 2018). Fleire publikasjonar viser vellukka revitaliseringsarbeid og aukande stoltheit over det samiske (t.d. Johansen, 2010). At det har vore ei positiv utvikling dei seinare åra, går også fram av Todal (2015). Todal spør kva rolle forvaltingsområdet for samisk språk har hatt for offentleg samisk språkplanlegging. Han viser at det har spelt ei viktig rolle, særleg for styrking av samisk som førstespråk i skulen. Vidare viser han at samisk er meir brukt i det offentlege rommet, og på fleire samfunnsområde, enn tidlegare. Samstundes må ein merke seg at framtida er usikker. Vangnes (2018) presenterer ein prognose som syner at talet på brukarar av samisk vil gå ned.

2.5 Rom for fleire forskingsprosjekt

Det finst ein god del forskning på dei sentrale områda for denne avhandlinga, men det er likevel nokre hol som avhandlinga kan bidra til å fylle. For det første er det gjennomført relativt få LPP-granskingar i Noreg, særleg som ikkje er korpusorienterte. Når det gjeld minoriserte språk i academia i Noreg, finst det ingen større granskingar. Denne avhandlinga vil difor gje eit særleg bidrag her. Bull (2012) gjev innsikt i politikk og praksis ved Sámi allaskuvla, men artikkelen byggjer på annan empiri enn artikkel 1 i denne avhandlinga gjer. Eg byggjer på arbeidet til Bull og forsøker å gje ei djupare innsikt i språkpolitikk og språkval ved Sámi allaskuvla. Å granske språkpolitikk og språkval ved ein urfolksinstitusjon tilfører også ny empiri til den internasjonale forskinga på språk i academia. Artikkel 1 syner mellom anna at Lillis og Currys (2010) inndeling i ulike fellesskapar som forskarar skriv for, ikkje rommar den akademiske urfolksfellesskapen som forskarane ved Sámi allaskuvla er ein del av og skriv for. Som artikkelen vil vise, opnar også det å granske ein urfolksfellesskap opp synet på rolla til engelsk, og det kan gje eit meir nyansert bilde av språkval og diskursar, særleg kring engelsk kontra nasjonalspråket.

Etter at Hult i 2015 hevda at det finst få granskingar av utarbeiding av språkpolitikk, har nokre kome til, men det er framleis behov for fleire. Mellom anna peikar Choi (2018) på at det er behov for meir kunnskap om aktørar som har makt til å forme språkpolitikk. Denne avhandlinga bidreg med slik kunnskap gjennom å granske ei gruppe sett ned for å utarbeide språkpolitiske retningslinjer. Vidare er det behov for meir innsikt i utarbeidinga av språkpolitikk, og særleg på legitimitet i slike prosessar. Det er få granskingar som tek føre seg rolla til legitimitet i språkpolitiske prosessar, og ein veit lite om kva legitimitetsperspektivet kan tilføre forståinga vår av slike prosessar og av språkpolitikk meir generelt.

3 Teoretisk rammeverk

I dette kapitlet presenterer og diskuterer eg det teoretiske rammeverket for avhandlinga. Først vert fagfeltet *language policy and planning* og sentrale omgrep og modellar frå feltet presenterte. Deretter presenterer eg andre teoriar og omgrep som er viktige i avhandlinga. Overordna er dette teoriar som alle støttar opp om å sjå språkpolitikk som sosial handling, sosial praksis og prosess, der ei breidde av aktørar gjennom å vere berarar av verdiar og diskursar verkar inn på utarbeiding og iverksetjing av språkpolitikk. Når sosial praksis er nytta i avhandlinga, er det definert som gjentekne sosiale handlingar som vert oppfatta som den same handlinga (sjå t.d. Scollon og Scollon, 2004).

3.1 Språkpolitikk

Avhandlinga plasserer seg innanfor fagfeltet *language policy and planning* (LPP). Omgrepa «language policy» og «language planning» vert brukte om kvarandre på feltet, og det er ikkje semje om kva forhold det er mellom dei to (Hornberger, 2006a, s. 25), og/eller korleis dei er definerte. Tidlegare var berre «planning» brukt, medan «policy» i dag er meir utbreidd (sjå t.d. Johnson, 2013, s. 3). Omgrepsbruken er relatert til utviklinga av feltet og synet på kva språkpolitikk faktisk er. Disiplinen oppstod på 1960-talet som del av sosiolingvistikken, og han dreidde han seg då hovudsakleg om språkplanlegging i tidlegare kolonistatar. Lingvistar utvikla skriftsystem og ordbøker for lokale språk og planla kva for språk som skulle fylle kva for nokre funksjonar (Ricento, 2006, s. 12–13). Ein av dei første som brukte omgrepet «language planning», var norskamerikanaren Einar Haugen. Hans definisjon viser nettopp til utvikling av skriftsystem og ordbøker: «By language planning I understand the activity of preparing a normative orthography, grammar, and dictionary for the guidance of writers and speakers in a non-homogeneous speech community.» (1959, s. 8)

Ricento (2000) skisserer den historiske og teoretiske utviklinga til feltet, og han legg vekt på ideologi, økologi og aktørskap. Frå at språkplanlegging vart sett på som ein nøytral aktivitet, vart det lagt større vekt på at ideologi spelar ei stor rolle i språkpolitikk, og ein fekk etter kvart meir kritiske analysar (t.d. Tollefson, 1991). Ein har også gått frå å sjå staten som den einaste språkplanleggingsaktøren til å inkludere ei breidde av aktørar i ulike lag av språkpolitikken. Knytt til dette er språkpolitikk no sett som både ein «ovanfrå og ned»- og ein «nedanfrå og opp»-prosess. Vidare peikar Hornberger, Tapia, Hanks, Dueñas og Lee (2018) på at meir etnografisk orienterte forskarar i dei seinare åra har bidrege til å utvikle feltet mellom anna ved å rette merksemda mot strukturar og aktørskap. Etnografiske studiar av LPP har også

gjeve innsikt i korleis nasjonale språkpolitikkar hindrar eller legg til rette for bruk av minoritetsspråk i utdanning (t.d. Hornberger, 2006b; McCarty, 2009).

3.1.1 Ulike typar språkplanlegging

Einar Haugens definisjon frå 1959 er i dag dekkjande for éin av fleire typar språkplanlegging, nemleg *korpusplanlegging*. Det var Heinz Kloss (1969) som først delte inn i ulike typar språkplanlegging. Ifølgje Kloss er korpusplanlegging retta mot strukturen og forma til språk, medan *statusplanlegging* er retta mot språks funksjonar og bruk (Kloss, 1969). Tjue år seinare utvida Cooper (1989) modellen til også å romme *tileigningsplanlegging*. Det viser til planlegging av aktivitetar som har som mål å auke bruken av, eller talet på brukarar av, eit språk, til dømes gjennom undervisning. Haarmann (1990; 1986) utvida modellen vidare då han lanserte *prestisjeplanlegging*, som rettar seg mot tiltak for å gje eit språk auka prestisje gjennom å promotere og intellektualisere det (sjå også Baldauf, 2005, s. 962). Nokre meiner at prestisjeplanlegging er del av statusplanlegging, og skil difor ikkje mellom dei to. Eit argument for å skilje er at all språkplanlegging vert påverka av kva haldningar og ideologiar som er knytte til eit språk, og av korleis språket vert evaluert (sjå t.d. Baldauf, 2005, s. 962 og Haarmann 1990, s. 104). Haarmann hevdar at

[...] any kind of planning has to attract positive values, that is, planning activities must have such prestige as to guarantee a favourable engagement on the part of the planners, and, moreover, on the part of those who are supposed to use the planned language. (1990, s. 104)

Difor meiner Haarmann at det er viktig å sjå prestisjeplanlegging som noko eige, og eg deler dette synet. Samstundes er prestisje særleg knytt til status. Eit språks status er sett i forhold til andre språk på eit gjeve område, og korleis dette forholdet vert oppfatta, avheng mellom anna av prestisje (Ager, 2005a; Hult, 2005, s. 75). Prestisje og status reflekterer såleis kvarandre. Ifølgje Ager er prestisjeplanlegging retta mot to mål som gjeld to ulike typar språk:

[...] one which is to be reinforced, strengthened or maintained in its unequal position of dominance, such as French or English; and the direct opposite, a minority language or a language which is to be rescued, reinstated, reinvigorated or revived and whose position of inequality within the state is to be corrected. (2005b, s. 35)

Granskingane i denne avhandlinga tek på mange vis føre seg forholdet mellom dei to typane språk, men prestisjeplanlegginga som aktørane eg har observert, utfører, er retta mot ei styrking av minoriserte språk. Ager hevdar at at prestisjeplanlegging for minoriserte språk mellom anna

har som intensjon å «[...] confer prestige on the formerly inferior language in order to improve its image and give speakers pride in its use [...]» (ibid.).

I denne avhandlinga er utgangspunktet språkpolitikk i heile si breidde, men som artiklane vil syne, er prestisjeplanlegging særleg sentralt.

3.1.2 Omgrep og definisjonar

I Noreg har fagfeltet LPP gått under namnet *språkplanleggingsvitskap*, med Vikørs *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis* (1988; 1994; 2007) som det sentrale verket. Innhaldet i boka reflekterer, med si vekt på skriftsystem, skriftnormer og normeringsinstansar, at ein i norsk samanheng har vore mest opptekne av språket i seg sjølv. Bjørhusdal (2014) peikar på det same, men legg til at det også finst språksosiologisk orientert LPP-forsking i Noreg (t.d. Lane, 2016, 2015; Ljosland, 2008; Mæhlum, 2007). Bjørhusdal sjølv plasserer eige arbeid innanfor LPP-feltet, med ei språkrettsleg orientering (Bjørhusdal, 2014). Med bakgrunn i det låge talet på norske LPP-studiar som ikkje tek utgangspunkt i korpusplanlegging, og som inkluderer etnografiske data, gjev mi avhandlinga eit tilskot til språkplanleggingsvitskapen i Noreg.

Det finst ingen norsk termbank for omgrep frå LPP-feltet, men Vikør (2007) føreslår nokre omsetjingar og definisjonar. Han meiner mellom anna at *språkplanlegging* dels svarer til det som i den internasjonale litteraturen er skildra som korpusplanlegging, medan *språkpolitikk* dels svarer til statusplanlegging: «Språkpolitikk vil da i første rekke seie politiske tiltak for å påverke språktilhøva i samfunnet, det sosiale forholdet mellom forskjellige språk og språkvarietetar.» (ibid., s. 101) Vikør trekkjer fram forholdet mellom nynorsk og bokmål og mellom norsk og andre språk brukte i Noreg som viktige saksområde innan språkpolitikken. Slike forhold er i kjernen av granskingane i denne avhandlinga. Samstundes er Vikørs forståing av språkpolitikk for smal til å romme heile breidda av det denne avhandlinga inkluderer i omgrepet.⁵ Avhandlinga inkluderer alle dei ulike typane språkplanlegging i omgrepet «språkpolitikk», ikkje berre statusplanlegging. Eg har difor valt å ta utgangspunkt i Johnsons (2013) definisjon av «language policy» når eg definerer «språkpolitikk»:

A language policy is a policy mechanism that impacts the structure, function, use, or acquisition of language and includes a) Official regulations [...] b) Unofficial, covert, de facto, and implicit mechanisms [...] c) Not just products but processes [...] d) Text and discourses across multiple context and layers [...]
(Johnsons, 2013, s. 9)

I «språkpolitikk» inkluderer avhandlinga dimed offisielle og uoffisielle mekanismar, produkt og prosess, tekst og diskurs, og aktiviteter over mange lag med ei rekkje involverte aktørar.

⁵ Dels fordi fagfeltet har utvikla seg mykje frå 2007 og fram til i dag.

Omgrepet «språkplanlegging» vert berre nytta når det vert referert til dei ulike typane skisserte i 3.1.1. Desse typane vert særleg nytta for å forstå og tydeleggjere samanhengen mellom handlingar og språkpolitiske mål. Når «LPP» vert nytta, refererer det til fagfeltet.

3.1.3 Språkpolitikk som prosess

Einar Haugen var tidleg ute med å skissere språkplanlegging som prosess. Ifølgje han kunne ein dele denne prosessen inn i fire steg: 1) val av norm, 2) kodifisering av forma, 3) utbygging av funksjon og 4) godkjenning frå samfunnets side (Haugen, 1969, s. 15–21). Seinare har fleire revidert Haugens modell og/eller slått han saman med andre modellar (sjå t.d. Kloss, 1969; Haugen, 1983; Hornberger, 2006a; Sayers og RenkóMichelsén, 2015). Mange LLP-modellar skildrar offisielle og eksplisitte språkpolitiske prosessar. Ein kan også sjå språkpolitikk som prosess i meir implisitt forstand gjennom at språkpolitikk – både den eksplisitte og den implisitte – stadig vert forhandla og omskapt. I granskinga av eksplisitt politikk er Haugens skilje mellom utarbeiding av språkpolitikk (i form av språknorm) og implementering av politikken framleis gjeldande. Skiljet er mellom anna inkludert i Johnsons (2009; 2013) tredeling av den språkpolitiske prosessen – om så med andre ord: *creation*, *interpretation* og *appropriation*. Ifølgje Johnson vert ein språkpolitikk oppretta, deretter tolka, før han vert appropriert. Dette gjeld uavhengig av kva type språkpolitikk det er snakk om. Til skilnad frå Haugen og andre brukar ikkje Johnson omgrepet implementering i si inndeling. Han viser til Levinson og Sutton (2001) i grunngjevinga for kvifor han heller nyttar omgrepet appropriasjon:

We believe the now conventional distinction between policy formation and implementation as phases of a policy «process» (Hill, 1993; Lewis & Wallace, 1984) implicitly ratifies a top-down perspective, unnecessarily divides what is in fact a recursive dynamic, and inappropriately widens the gulf between everyday practice and government action. [...] [W]e prefer to analyze policy in terms of how people appropriate its meanings. Appropriation, of course, highlights the way creative agents «take in» elements of policy, thereby incorporating these discursive and institutional resources into their own schemes of interest, motivation, and action. Appropriation is a kind of taking of policy and making it one's own. With this term, we draw attention to how previously excluded actors lay claim to the right to create policy. (Levinson og Sutton, 2001, s. 2–3)

Levinson og Suttons syn samsvarer med nyare LPP-forskning som inkluderer prosessar nedanfrå i språkpolitikk og ser aktørar som sentrale. Johnson slår fast at implementering «[...] inneber ein lineær prosess med lite aktørskap, medan appropriasjon refererer til dei kreative og agentive måtane språkpolitiske aktørar kan setje politikk om til praksis på» (2013, s. 212, mi omsetjing). I avhandlinga legg eg Johnsons omgrepsbruk til grunn, mellom anna fordi det ofte er stor skilnad på intendert språkpolitikk og faktisk språkpraksis.

Det finst som sagt ikkje nokon termbank for omgrep frå LPP-feltet, og eg kjenner ikkje til andre som har brukt Johnsons inndeling i publikasjonar på norsk. Eg har difor sjølv omsett dei sentrale omgrepa. Eg har valt å omsetje «create» til «opprette», men brukar også «utarbeide» og «utforme» i kapittel 6 og i artikkel 3, fordi det er betre å diskutere utarbeiding/utforming av språkpolitiske retningslinjer enn oppretting av retningslinjer. «Interpret» er omsett til «tolke», og «appropriate» er omsett til «appropriere». Det er viktig å merke seg at tydinga av «appropriasjon» ikkje overlappar heilt med slik omgrepet er brukt i daglegtalet. I avhandlinga, som hjå Johnson (2013), referer det til å gjere noko til sitt eige, men det er ikkje negativt lada slik det kan vere i andre samanhengar (å urettmessig gjere noko til sitt eige). I kapittel 6 vert også «tilpasse» brukt, men då snarare om ei skildring av handlingane til aktørane i granskingane enn som ein direkte referanse til steg tre i inndelinga til Johnson.

3.2 Aktørar og aktørskap i språkpolitikk

Som synt i presentasjonen av fagfeltet har ein dei siste tiåra sett ei gradvis utviding av kven som vert rekna som språkpolitiske aktørar. Tradisjonelt såg ein LPP-aktørar som «[...] people with power and authority who make language related decisions for groups, often with little or no consultation with the ultimate language learners and users» (Kaplan og Baldauf, 1997, s. 196, refererer til Kaplan, 1989). Slike personar er framleis sentrale, men dei er ikkje dei einaste som vert rekna som språkpolitiske aktørar. Glasgow og Bouchard (2018, s. 11) peikar på at Haarmanns lansering av prestisjeplanlegging var sentral i tydeleggjeringa av kva rolle aktørar spelar i LPP. Aktørar er viktige i LPP, men det er strid om korleis det er best å definere «aktørar», og om kva forhold det er mellom aktørskap og strukturar. I synet på aktørar og aktørskap byggjer denne avhandlinga mellom anna på Glasgow og Bouchard (2018), Bouchard og Glasgow (2018) og Johnson og Johnson (2015).

3.2.1 Aktørar

I avhandlinga vert «aktørar» brukt for seg sjølv og i samansetjingane «språkpolitiske aktørar» og «sosiale aktørar». Dette er eit resultat av at «språkpolitiske aktørar» og «aktørar» gjerne vert brukte på LPP-feltet, medan «sosiale aktørar» gjerne vert brukt innan diskursive tilnærmingar (sjå t.d. Scollon og Scollon, 2004). Alle individa som på ulike måtar har delteke i granskingane i avhandlinga, er både språkpolitiske og sosiale aktørar. Samstundes er nokre av dei språkpolitiske aktørane ikkje sosiale aktørar i seg sjølv, men dei er sette saman av sosiale aktørar. Gruppa som utarbeidde dei språkpolitiske retningslinjene ved HVL, er av denne typen, og det er også dei to høgskulane som inngår i granskingane. Ser ein på det nasjonale nivået, er

Språkrådet døme på ein språkpolitisk aktør. Språkrådet er ikkje å rekne som ein sosial aktør, men enkeltindividua som er tilsette i Språkrådet, er sosiale aktørar.

Det finst mange definisjonar av språkpolitiske aktørar, og også fleire inndelingar etter ulike typar aktørar. Nokre deler inn etter kva som gjer at ulike aktørar har påverknad (t.d. Zhao og Baldauf, 2012), andre etter ei mikro-makro-inndeling (t.d. Baldauf, 2006), og andre igjen etter meir detaljerte lag (t.d. Ricento og Hornberger, 1996). Johnson og Johnson (2015) delar inn i to typar aktørar, *arbiters* og *implementers*, og hevdar at språkpolitisk makt er delt mellom desse to. Dei definerer «arbiter» (heretter «normsetjar») som

[...] any language policy actor (potentially: teachers, administrators, policymakers, etc.) who wields a disproportionate amount of power in how a policy gets created, interpreted, or appropriated, relative to other individuals in the same level or context. (ibid., s. 225, sjå også Johnson, 2013, s. 100–101)

Johnson og Johnson (2015) nyttar ei trakt som illustrasjon for å syne skilnaden mellom normsetjarar og andre aktørar:

[...] while policy decisions are socially negotiated between multiple actors within and across levels, at some point, there is one language policy arbiter who has singular power with regard to how a policy is interpreted and appropriated and all subsequent decisions in the policy process must funnel through them. (2015, s. 226)

Normsetjarane opptretr altså som eit filter som språkpolitikken må gjennom, til dømes når språkpolitikk skal utarbeidast lokalt, og når statlege politikk vert rekontekstualisert lokalt. Johnson og Johnson (2015) kritiserer sjølve denne modellen for å framstille prosessen hierarkisk, men forsvarer det med at «[...] the nature of the language policy arbiter is such that they tend to make the process more hierarchical and structured by exerting their power» (ibid., s. 238). Johnson (2013) peikar på at det ikkje er mogleg å føreseie kva stilling ein normsetjar har innan ein institusjon eller eit samfunn, sidan normsetjarane kan finnast på alle språkpolitiske nivå og ha ulik grad av institusjonell autoritet. Eg er samd i at nokre aktørar har meir makt enn andre, men i motsetnad til Johnson meiner eg at det ofte er føreseieleg kva posisjon ein normsetjar har, og kven dei mest sentrale normsetjararane er. Dette baserer eg mellom anna på Sandøy (2003). Sandøy skisserer opp ulike alternativ for korleis ei (internalisert/operativ) skriftnorm blir skapt gjennom ein prosess der ulike aktørar verkar inn. Sandøy skisserer først opp to ulike modellar som har til felles at alle medlemane i eit kollektiv er likeverdige og har like stor påverknad på norma. Deretter avviser han desse modellane og slår fast at «[n]ormdanning er ein prosess der somme påverkar meir enn andre, der somme er sterke og andre føyelege, somme er premissleverandørar, mens andre er mottakarar, somme har makt,

andre ikkje» (Sandøy, 2003, s. 265). Sandøy nyttar *normagentar* om dei aktørane som har størst påverknad på norma, og han trekkjer fram avisa *Aftenposten* som eit døme. Sandøy demonstrere at det er føreseieleg at det er den store avisa *Aftenposten* med dei mange (mektige) lesarane, som er normagenten. Normer for skiftspråket høyrer heime i korpusplanlegginga, men drøftingane og konklusjonane til Sandøy kan overførast til andre typar språkplanlegging og til spørsmål om språkpolitiske aktørar meir generelt.

3.2.2 Aktørskap og strukturar

Tollefson (2013) hevdar at det innan LPP-feltet er ein skilnad mellom studiar som vektlegg strukturar, og studiar som vektlegg aktørskap. Glasgow og Bouchard (2018, s. 14) byggjer mellom anna på Tollefsons påstand når dei understrekar at det er behov for ei ny tilnærming på LPP-feltet som kombinerer strukturar og aktørskap. Eg deler Glasgow og Bouchards syn og meiner at det er uheldig å skilje skarpt mellom strukturar og aktørskap – dei er snarare knytte saman. Glasgow og Bouchard hevdar at «[...] people are not simply acting at the ground level regardless of what happens around or above them: they are also embedded in broader structural and cultural realities, with their constraining and enabling potential» (2018, s. 9). Samstundes synleggjer Glasgow og Bouchard (2018) at forholdet mellom strukturar og aktørskap er svært komplekst.

«Language and agency» av Ahearn (2001) er ein klassikar når det gjeld spørsmål om i kva grad aktørar faktisk har *aktørskap*. Ahearn stiller mange sentrale spørsmål og skisserer opp ulike ståadar i synet på dette. Ho definerer aktørskap («agency») som «[...] the socioculturally mediated capacity to act» (2001, s. 112), men legg til at dette er ein lite spesifikk definisjon. Ut frå definisjonen ser ein at aktørskap alltid må sjåast i samanheng med det som avgrensar aktørskapen. Det går endå tydelegare fram hjå Priestley, Edwards, Priestley og Miller, som hevdar at «[...] agency is a matter of personal capacity to act, combined with the contingencies of the environment within which such action occurs» (2012, s. 196). Det er dette synet som ligg til grunn når aktørskap vert drøfta i denne avhandlninga. Vidare skil eg mellom individuell og kollektiv aktørskap der skiljet er relevant. Individ opptre og har aktørskap som individ, men individa kan også opptre som kollektiv (sjå t.d. Bouchard og Glasgow, 2018). Ein skilnad mellom dei to typane er ifølgje Bouchard og Glasgow (2018, s. 58) at kollektiv aktørskap har artikulerte mål.

For å seie noko om forholdet mellom aktørskap og strukturar er det også naudsynt å tydeleggjere kva som er meint med strukturar. For Bouchard og Glasgow er strukturar «[...] a set of regulative systems that provided the raw materials for and range of potential actions, and specifies the material and objective costs and benefits of those actions» (2018, s. 31). Bouchard

og Glasgow framhevar kulturdimensjonen ved struktur og hevdar at studien av aktørskap er ein stor samtale om den komplekse samhandlinga menneske har med strukturelle og kulturelle krefter (ibid., s. 22). Vidare viser dei til Choi (2018, s. 216), som ser strukturar som eit sett med forhold som avgrensar eller mogleggjer handlingane til aktørar. Strukturar gjer det gjennom å vere ressursar og verktøy for handling, eller hindringar og barrierar. Strukturar kan også reprodusere eller transformere handlingane til aktørar – og omvendt (Choi, 2018).

Språkval er sentralt for alle granskingane som inngår i denne avhandlinga, og spørsmålet om val er nært knytt til spørsmål om aktørskap. Det har alt blitt tydeleg at struktur, kultur og aktørskap er knytte saman, og ein kan seie at eit val vil vere eit resultat av samspelet mellom desse. I Ahearns (2001) diskusjon av aktørskap vert Bourdieu trekt fram. Bourdieus sosiologi er relasjonelt orientert, og han skildrar dei underliggande strukturane og sosiale relasjonane mellom aktørar (sjå t.d. Bourdieu og Wacquant, 1995). Bourdieu nyttar omgrepet *habitus* og føreslår at individ er disponerte for å tenkje og handle på ein viss måte og gjere val som er påverka av sosiale normer (Bourdieu, 1977; 1991). Folks val må såleis forståast i samanheng med disposisjonane deira. Også Scollon og Scollons omgrep *historisk kropp* («historical body») synleggjer korleis personlege erfaringar og vanar, ved å bli kroppslege minne, kan verke inn på handlingane våre. Ahearn (2001, s. 118) kritiserer Bourdieu for å gje lite rom for aktørskap, fordi habitus låser individet til visse tenkje- og handlemåtar. I denne avhandlinga vil eg vektlegge aktørar og aktørskap, men også sjå korleis desse blir forma av ulike strukturar – der eg inkluderer habitus, historisk kropp og kontekst. I «val» inkluderer eg i difor både umedvitne og medvitne val, og eg ser val som resultat av ønska til aktørane i kombinasjon med strukturane som omgjev dei.

Eit anna spørsmål som dukkar opp når ein granskar aktørskap i språkpolitikk, er om språkpolitikk i seg sjølv kan reknast som aktørskap. Liddicoat (2018, s. 149) hevdar at språkpolitikk ofte har blitt sett som struktur snarare enn aktørskap. Han meiner dette synet på språkpolitikk plasserer aktørskap berre hjå aktørane på makronivå, medan lokale aktørars aktørskap er sett som avgrensa av språkpolitikk. Dette synet har også gjort at ein har vore mest interessert i korleis aktørar responderer på politikken som avgrensar dei (ibid.). Også Glasgow og Bouchard (2018, s. 13) drøftar om språkpolitikk er struktur eller aktørskap. Dei peikar på at seinare forskning har synt at aktørar ser språkpolitikk som strukturelle og kulturelle avgrensingar og moglegheiter («enablements»), og at aktørar kan nytte seg av desse i eit forsøk på å oppnå individuelle og kollektive mål. I 6.3.3 vender eg tilbake til spørsmålet om språkpolitikk er struktur eller aktørskap og ser det i lys av datamaterialet i denne avhandlinga og funna presenterte i dei tre artiklane.

3.3 Diskurs

Diskurs er eit sentralt omgrep i denne avhandlinga. Å granske forholdet mellom diskurs, språkbruk og kontekst er ikkje noko nytt, det har snarare sterke røter i sosiolingvistik, lingvistisk antropologi og andre nærliggande felt (sjå t.d. Duranti og Goodwin, 1992). Sidan omgrepet er i bruk på mange fagfelt og vert definert på ulike måtar mellom og innanfor ulike fagfelt, er det viktig å tydeleggjere korleis det vert brukt og operasjonalisert i denne avhandlinga. Korleis ein definerer diskurs i eit forskingsprosjekt, vil i tillegg til å avhenge av fagfelt vere avhengig av forskingsobjektet og forskingsinteressa. Det kan også vere vanskeleg å skilje teori om diskurs frå analyse av diskurs, og diskursanalyse må sjåast som både eit teoretisk og eit metodisk rammeverk (sjå t.d. Gee, 1999; 2014).

Diskurs kan definerast som «language-in-use» og «language in action» (t.d. Scollon og Scollon 2004, s. 6; Blommaert 2005, s. 2) eller som «the way people engage each other in communication» (t.d. Scollon og Scollon, 2004, s. 8–9). Gee hevdar at når lingvistar nyttar diskurs i denne tydinga, er dei opptekne av «[...] the relationship between language and context, with the ways in which context help determine the full extent to what we mean or can be taken to have meant» (2014, s. 20). Diskurs er då sett som språk brukt i ein spesifikk kontekst. Kontekst er sentralt for studien av diskurs uavhengig av definisjon.

Andre definisjonar av diskurs opnar opp for å også inkludere det ikkje-lingvistiske. Blommaert (2005, s. 3) definerer diskurs slik: «Discourse to me comprises all forms of meaningful semiotic human activity seen in connection with social, cultural, and historical patterns and developments of use.» Han inkluderer alle semiotiske uttrykk, ikkje berre språk, sidan han meiner desse utgjer «action»-delen av den mykje brukte «language in action»-definisjonen. Ein annan definisjon av diskurs som er mykje brukt, er frå Gee (1999). Gee operere med to lag av diskursar, som han kallar diskurs med liten og stor D. Diskurs med liten d referer til språk i bruk. Diskurs med stor D er derimot definert på følgjande måte:

[...] different ways in which we humans integrate language with non-language «stuff,» such as different ways of thinking, acting, interacting, valuing, feeling, believing, and using symbols, tools, and objects in the right places and at the right times so as to enact and recognize different identities and activities, give the material world certain meanings, distribute social goods in a certain way, make certain sorts of meaningful connections in our experience, and privilege certain symbol systems and ways of knowing over other. (Gee, 1999, s. 13)

Denne definisjonen er mindre konsis enn den frå Blommaert (2005). Gee hevdar at ulike tilnærmingar til diskurs legg vekt på ulike delar: informasjon, handling eller identitet (2014, s. 20). Sjølv vektlegg han identitet, og definisjonen over er meint å dekkje interaktiv

identitetsbasert kommunikasjon som nyttar språk så vel som andre tilgjengelege ressursar (ibid., s. 24). Det er språk i bruk, men Gee inkluderer også korleis språk er knytt til måtar å tenkje, handle og føle på for å gje verda meining. Definisjonen frå Gee er brukt av mellom andre Scollon og Scollon (2004). Scollon og Scollon er samde i skiljet mellom diskurs med liten og stor D, men dei meiner det sjeldan er forvirring kring kva nivå av diskurs det er snakk om (ibid., s. 4–5).

Ein siste definisjon av diskurs det er verdt å trekkje fram her, er frå Dryzek (2010). Dryzek arbeider innan politisk teori og empirisk samfunnsvitskap og har mellom anna skrive om demokratiteori og legitimitet. Arbeidet hans er sentralt for artikkel 2. For Dryzek er diskurs «[...] a shared way of comprehending the world embedded in language», og han skriv vidare at diskurs er «[...] a set of concepts, categories, and ideas that will always feature particular assumptions, judgments, contentions, dispositions, intentions, and capabilities» (2010, s. 31). Ein diskurs er samanvoven med verdiar og ideologiske posisjonar og ber i seg ei oppfatning av kva som er sunn fornuft og akseptabel kunnskap. Vidare har eit individ eit repertoar av diskursar. Ramberg (2016) skildrar Dryzeks syn på dette slik:

Our subjective discursive repertoire will at any one time comprise an indefinite number, variously related, from the flexible to the virtually petrified, the ephemeral to the ingrained, from those we dispose over more or less at will to those that have us in their steely grip. (ibid., s. 74)

Kva for diskurs som er relevant når, vil vere avhengig av kontekst og «the issue at hand» (Dryzek, 2010, s. 32).

Blommaert, Gee og Dryzek definerer diskurs ulikt og vektlegg ulike sider av omgrepet. Samstundes er det mykje overlapp mellom dei ulike definisjonane av diskurs, og til saman dannar dei grunnlaget for korleis diskurs er brukt i denne avhandlinga. Felles for alle er viktigheita av kontekst, interaksjon og identitet. Datamaterialet i granskingane i avhandlinga må forståast i lys av konteksten det oppstår i. Scollon og Scollons (2004) omgrep *discourses in place* – stadlege diskursar⁶ – bidreg til å tydeleggjere dette. Omgrepet refererer til verdiar, syn og ideologiar som er til stades når handling skjer (Scollon og Scollon, 2004). Det framhevar at diskursar er del av den situerte konteksten som medierer handling (Hult, 2015, s. 224), og at ei handling er diskursivt knytt til staden der handlinga finn stad. Ei handling kan difor ikkje forståast i isolasjon. Ei ytring i eit møte eller eit val av språk til ein publikasjon eller i interaksjon

⁶ Sidan det er få publikasjonar skrivne på norsk (eller andre skandinaviske språk) som nyttar Scollon og Scollons omgrep og analyseverktøy, er det ikkje etablert nokon norsk term for *discourses in place*. Åsa Palviainen (2012), som skriv på svensk, brukar «närvarande diskurser». Hilde Sollid (2019), som skriv på norsk, nyttar «stedlige diskurser». Eg føretrekkjer Sollids omgrepsbruk.

er døme på handlingar. Mange diskursar vil vere til stades når ei handling finn stad: «All places in the world are complex aggregates (or nexus) of many discourses which circulate through them.» (ibid., s. 14) Nokre av desse vil vere av lite direkte relevans for ei spesifikk handling, medan andre er relevante og viktige. Scollon og Scollon framhevar kor viktig det er å skilje desse frå kvarandre.

Interaksjon er sentralt i Gees definisjon og hjå fleire av dei andre som har teoretisert kring diskurs. Når menneske samhandlar, samhandlar også diskursar (Dryzek, 2010; Gee, 2014, s. 25). Blommaert hevdar at «[...] discourse can become a site of meaningful social differences, of conflict and struggle [...]» (2005, s. 4). Diskursar kan dimed vere i konflikt med kvarandre, noko også Dryzek peikar på:

[...] discourses enable as well as constrain communication, and deliberation can enter when discourses intersect. Though most actions, practices, and uses of language reinforce the prevailing constellation of discourses, more reflective interventions can sometimes challenge that configuration. (2010, s. 32)

Dryzek hevdar her at når diskursar i konflikt møtest, kan status quo bli forsterka eller utfordra. Spørsmålet er kva diskursar som veg tyngst på kva tidspunkt. Diskursar i konflikt er særleg sentralt for artikkel 2 i denne avhandlinga, men det er også til stades i artikkel 1 og 3.

Som nemnt over legg Gee vekt på identitet i sin definisjon av diskurs. Inkludert i definisjonen er rolla til diskursar i produksjon og varetaking av ulike identitetar og maktrelasjonar (Gee, 2014; også Scollon og Scollon, 2004, s. 5). Diskursar skapar og opprettheld identitet, og ei gransking av diskursar er også ei gransking av identitet. Dryzek deler oppfatninga om at identitet vert skapt i sosial samhandling. Han meiner at diskursar bidreg til å danne identitetar. Denne avhandlinga granskar diskursane aktørar brukar, inkludert verdiane og dei ideologiske posisjonane diskursane ber i seg, i interaksjon. Avhandlinga analyserer dimed ikkje sjølvve interaksjonen, men diskursane. Det som vert vektlagt, er kva for diskursar språkpolitiske aktørar brukar i sosial handling, meiningsskaping, syn på verda, produksjon og reproduksjon av tenkjemåtar og kunnskap.

Avhandlinga deler også Blommaerts syn på at diskursar er underlagde *lagdelt* «*samtidighet*» («layered simultaneity»), som

[...] occurs in real-time, synchronic event, but is simultaneously encapsulated in several layers of historicity, some of which are within the grasp of the participants while others remain invisible but are nevertheless present. It is overdetermined, so to speak, by sometimes conflicting influences from different levels of historical context. (Blommaert, 2005, s. 130–131)

Fleire lag av kontekstar opererer samstundes, og fleire moglege meiningar vert difor (re)produserte. Ifølgje Blommaert snakkar folk «[...] *from a particular point in history, and they always speak on history*» (2005, s. 126, utheving i originalen). Folks handlingar må forståast i lys av historia dei er ein del av, og gjennom sine handlingar kan folk verke inn på det som skjer her og no. Blommaert (ibid., s. 127–128) viser til Bourdiues *habitus* for å illustrere korleis historie kan verke inn på handlingar, og Scollon og Scollons omgrep *historisk kropp* («historical body») har same funksjon (jf. 3.2.2). Blommaert (2005, s. 136) slår fast at historia – og verda – betyr ulike ting for ulike personar, avhengig av ståstad. I nyare sosiolingvistisk og diskursanalytisk forskning står nettopp tid og historiske aspekt sentralt (som påpeikt i Lane, 2019).

Kva ein legg i omgrepet diskurs og fokuserer på i analysen av diskursar, vil også verke inn på korleis ein ser forholdet mellom aktørskap og struktur. Diskursar kan reknast som ein type struktur. Det viser Blommaert (2005) når han trekkjer inn omgrepet *habitus*, og det kjem også til uttrykk hjå Ramberg når han, med ein referanse til Dryzek, uttrykkjer at nokre diskursar «have us in their steely grip» (Ramberg 2016, s. 74). Diskursar både mogleggjer og avgrensar kommunikasjon. Seinare i kapittelet vert legitimitetsteori presentert, og diskursar i konflikt vil vere sentralt også der.

3.4 Minoriserte språk og forholdet mellom språk og verdiar

Når ein høyrer eller les eit språk, koplar ein dette språket til verdiar, ideologiar og geografiske stadar. Dette gjeld både for eigne og andres språk, og koplingane kan verke inn på korleis ein oppfattar det aktuelle språket og brukarane av det. Kathryn Woolard har gjennom fleire publikasjonar utforska slike koplingar, og ho argumenterer for at det finst to ideologiar som gjev språklege former autoritet, nemleg *autentisitet* og *anonymitet*:

[...] an *ideology of authenticity*, which holds that a language variety is rooted in and directly expresses the essential nature of a community or a speaker, and an *ideology of anonymity*, which holds that a given language is a neutral vehicle of communication, belonging to no one in particular and thus equally available to all. (Woolard, 2016, s. 7, mi utheving)

Med autoritet meiner Woolard (2005; 2016) at språkbrukarar i kraft av språket dei brukar – uavhengig av om det har institusjonell legitimitet – kan styre og overtude andre. Woolard drøftar spørsmål om nasjonalitet, språk og personleg identitet, legitimitet og autoritet, og ho peikar på skiftande dynamikkar for korleis språk vert oppfatta, og kva status og rolle dei har. Dei to formene for lingvistisk autoritet er grundig presenterte i artikkel 3, der Woolards rammeverk er nytta for å forstå diskursar kring nynorsk. I artikkelen vert også Mæhlums (2007)

tradisjons- og modernitets-akse presentert og nytta. Med utgangspunkt i norsk empiri drøftar Mæhlum ulike *språkmøte*: dialekt–standardtalemål, dialekt–dialekt, nynorsk–bokmål, nasjonalspråk–globalspråk (engelsk), minoritetsspråk–majoritetsspråk. Ein sentral dimensjon i granskinga og forståinga av desse møta er nettopp motsetninga tradisjon–modernitet. Det er fleire overlapp mellom rammeverka til Woolard og Mæhlum. Mellom anna illustrerer begge koplinga mellom språk og verdiar ved hjelp av ein akse, der det eine ytterpunktet av aksen vert definert ut frå det andre ytterpunktet. Begge ser også ein samanheng mellom ulike typar språk og kva geografisk og sosial tilknytning språk har.

Med utgangspunkt i at autentisitet og anonymitet ikkje er faste konstruksjonar, føreslår Camps (2018, s. 27–28) at det er meir produktivt å sjå dei som handlingar, som autentiserings- og anonymiseringsprosessar. Ho viser til Bucholtz (2003), som skil mellom autentisitet som ideologi og autentisitet som sosial praksis. Når ein ser autentisitet som sosial praksis, legg ein vekt på at autentisitet ikkje eksisterer utan autentiseringsprosessen: «Where authenticity presupposes that identity is primordial, authentication views it as the outcome of constantly negotiated social practices.» (ibid., s. 408) Bucholtz meiner ein bør snakke om effektar av autentisitet, oppnådd/skapt gjennom «[...] autentiseringspraksisen til dei som brukar og evaluerer språk» (ibid., mi omsetjing). Dette synleggjer at alle sosiale praksisar er prosessar, og at verdiar knytte til språk ikkje er statiske. Eit slikt syn på forholdet mellom verdiar og språk ligg til grunn for denne avhandlinga. Difor vert også dei mindre brukte språka avhandlinga tek føre seg, omtalte som *minoriserte språk*. I valet av omgrep lener eg meg særleg på Costa, De Korne og Lane (2017) og Léglise og Alby (2006). Med utgangspunkt i språksituasjonen i Fransk Guyana utfordrar Léglise og Alby (2006) statiske og deskriptive kategoriar som til dømes «truga språk» og «dominanerande språk». Dei stiller seg kritiske til internasjonale oversikter over lingvistiske situasjonar og språkstatus og spør om språk har ein konstant status, eller om statusen til eit språk vil variere og vere meir og mindre tydeleg i ulike tilfelle (ibid: 69). Utgangspunktet for forfattarane er språket kali’na, og dei ser på statusen til språket i forhold til dei andre språka det eksisterer saman med. Léglise og Alby (2006) hevdar at det er i forholdet til desse andre språka at kali’na er minorisert. I bruken av *minorisering* viser dei til Py og Jeanneret (1989) og hevdar at ein ved hjelp av omgrepet kan konseptualisere språkleg ulikskap som ein dynamisk prosess «[...] governed by the very development of oral interaction, constructed and constructible with each speech act» (Léglise og Alby, 2006, s. 69).

Også Costa mfl. (2017) gjer lesaren merksam på at mange av omgrepa som er brukte om språk, er problematiske. Forfattarane minner om at ideen om ei minoritetsgruppe oppstod samstundes som ideen om ei majoritetsgruppe og etableringa av den moderne nasjonalstaten

(ibid.: 8). Det at nokre språk fekk status som standard, gjorde at andre vart posisjonerte under desse i eit språkleg hierarki. Dette må ein vere medviten om når ein skal omtale språk og statusen til språk. Costa mfl. (2017) løftar fram omgrepet *minorisert* og hevdar at det synleggjer at minoritetsstatus verken er ibuande eller fast (ibid., s. 8). Det er snarare slik at minoritetar er «smidde ut av» majoritetar, og at visse grupperingsprosjekt inneber at eit marginalisert kollektiv «andre» vert skapt (ibid.). Costa mfl. viser til Léglise og Alby (2006) når dei hevdar at omgrepet også tydeleggjer at kategoriar som «minoritet» er konstruerte som resultat av prosess. Eit språk er ikkje minorisert før det er sett opp mot eit anna språk, slik Léglise og Alby viser. Omgrepet minorisert refererer dimed til forholdet mellom språk, ikkje til språket i seg sjølv.

Léglise og Alby (2006) føreslår «minoritization» som erstatning for omgrepet «minorized language» og «minorization», som dei meiner er meir statiske omgrep. Eg er samd i behovet for omgrep som syneleggjer prosess, men i samsvar med Costa mfl. (2017) meiner eg at omgrepet «minorisert» nettopp gjer det. I den norske konteksten er det omgrepet *minoritetsspråk* som er mest utbreidd. I tillegg til å gje inntrykk av at språkstatus er statisk, er omgrepet nært knytt til vernet nokre språk har under Den europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk. Dette er eit anna argument for å nytte omgrepet «minorisert», slik eg gjer i denne avhandlinga.

3.5 Stad

Omgrepet «stad» er definert ulikt på ulike fagområde, og bruken av omgrepet samsvarer ikkje alltid med korleis ordet «stad» er brukt i daglegtalen. I sosiolingvistikken er omgrepet brukt på ein annan måte enn det som har vore vanleg i variasjonslingvistikken. Skiljet i bruk går særleg på om ein stad primært er sett som noko konkret og objektivt (slik det gjerne er gjort i delar av variasjonslingvistikken) eller som noko sosialt og kulturelt. Mange vil hevde at stad inneheld litt av begge delar.⁷ Denne avhandlinga legg Cresswells (2015) forståing av stad til grunn. Han skil mellom *place* og *space*, og han ser «place» som eit dynamisk produkt av sosial samhandling som utfoldar seg i «space». På norsk kan ein omsetje «place» med *stad* og «space» med *rom*. Ein kan dimed seie at rom er det konkrete og objektive, medan stad er det sosiale og kulturelle. Cresswell vektlegg sistnemnde, og han hevdar at stad er ein måte å «sjå, kjenne og forstå verda på» (ibid., s. 18, mi omsetting). Vidare meiner han at «[w]hen we look at the world as a world of places, we see different things. We see attachments and connections between people and place. We see worlds of meaning and expertise» (ibid.).

⁷ Sjø Røynealand (2005, s. 127–130) for ei grundig utgreiing om omgrepet og korleis det er brukt innanfor ulike område av lingvistikken og til ulike tider.

Stad er også sentralt for fleire av dei andre forskarane denne avhandlinga lener seg på. Blommaert, til dømes, skil også mellom stad og rom og definerer stad som «rom gjort sosialt og kulturelt viktig» (2005, s. 254, mi omsetjing). Han hevdar at

Space can be filled with [sic] all kinds of social, cultural, epistemic, and affective attributes. It then becomes «place», a particular space on which senses of belonging, property rights, and authority can be projected. (2005, s. 222)

Det er såleis overlapp mellom Cresswells og Blommaerts syn på stad. Også Mæhlum (2002; 2007) ser på stadar som noko meir enn det fysiske og geografiske. For Mæhlum representerer ein stad eit «bestemt sosialt og kulturelt innhold» (2002, s. 77). Ein geografisk stad er knytt til visse sosiokulturelle verdiar. Vidare trekkjer ho fram at ein stad bind notid og fortid saman: «Stedet representerer [...] en form for kontinuitet, en erfaringsramme og referanseramme som vi deler med fortida. Slik kan vi si at stedet får funksjon som et bindeledd eller en formidler av tradisjonen.» (ibid.) I tradisjon–modernitets-aksen er det mellom anna ei geografisk – og sosial – kopling som skil dei to ytterpunkta av aksen frå kvarandre. Woolards (2005) akse har den same koplinga mellom geografisk stad og språk. Dei språka som er stadbundne, er ifølgje Woolard også bundne til ei viss sosial gruppe. Mæhlum og Woolard verkar såleis å ha same synet på stad. Når Scollon og Scollon (2004) viser til stad, er det særleg gjennom omgrepet stadlege diskursar. «(Discourses) *in place*» viser til diskursar som er til stades i sosial handling, men ut frå skildringa av stadlege diskursar kan ein også slå fast at Scollon og Scollon viser til ein fysisk stad der sosial handling skjer. Ifølgje Scollon og Scollon er alle stadar komplekse neksusar av diskursar, og i lys av det føregåande kan ein seie at det er desse diskursane som gjer staden til noko meir enn det konkrete og objektive.

Sjølv om dei ulike teoriane viste til over ikkje nyttar same formuleringar eller eksplisitt samsvarer med kvarandre, har dei alle til felles at stad er ein kontekst fylt av mening. Cresswells syn om at stad er ein måte å sjå, kjenne og forstå verda på, er sams for alle teoriane eg nyttar.

3.6 Legitimitet

Få LPP-granskingar har konsentrert seg om legitimitet, men i sosiolingvistikken meir generelt har legitimitet vore eit mykje brukt omgrep. Ein har granska kva språk som er legitimt å bruke i kva samanhengar, kven som er legitime brukarar av eit språk, kven som har legitimitet til å uttale seg om språk, osv. I denne avhandlinga er omgrepet legitimitet primært brukt for å granske legitimitet for to sosiale – og språkpolitiske – praksisar: legitimering av språkval og legitimering av språkpolitiske prosessar. Legitimitet vert definert som «[...] a discursively

created sense of acceptance in specific discourses or orders of discourse» (Vaara, Tienari og Laurila, 2006, s. 789). Det er diskursen og karakteristikkane ved han som definerer kva som vert oppfatta som legitimt. Med referanse til Wodaks banebrytande arbeid på feltet hevdar Vaara mfl. (ibid., s. 793) at ein ikkje kan sjå legitimitet uavhengig av ein bestemt sosiohistorisk kontekst, fordi diskursar nettopp oppstår i kontekst. Vidare hevdar dei at legitimitet er ein føresetnad for institusjonalisering av spesifikke idear, praksisar, former eller endringar. Samstundes bidreg institusjonalisering til legitimitet «[...] i den forstand at etablerte og vidt spreidde idear, praksisar eller former lett vert oppfatta som legitime og ikkje lenger treng spesifikk legitimering» (ibid., s. 791, mi omsetjing). Legitimitet vert skapt gjennom diskursar og strategiar, som kan byggje på ulike grunnlag (t.d. van Leeuwen, 2007).

3.6.1 Legitimitet for språkval

Språk kan ifølgje Woolard (2005) bli tillagde autoritet enten ved å bli oppfatta som anonyme og nøytrale eller ved å bli oppfatta som autentiske og stadbundne. Vidare kan eit språk gjennom å bli tillagt autoritet få legitimitet, også uavhengig av om det har institusjonell legitimitet. van Leeuwen (2007) skildrar korleis diskursar kan skape legitimitet for sosiale praksisar, og autoritet er ein av fire kategoriar som han skisserer opp:

- 1) Authorization, that is, legitimation by reference to the authority of tradition, custom and law, and of persons in whom institutional authority of some kind is vested.
- 2) Moral evaluation, that is, legitimation by (often very oblique) reference to value systems.
- 3) Rationalization, that is, legitimation by reference to the goals and uses of institutionalized social action, and to the knowledge society has constructed to endow them with cognitive validity.
- 4) Mythopoesis, that is, legitimation conveyed through narratives whose outcomes reward legitimate actions and punish non-legitimate actions.

(van Leeuwen, 2007, s. 92, ein tidleg versjon vart presentert i van Leeuwen og Wodak, 1999)

Dei ulike formene for legitimitet, legitimitetskategoriane, kan førekome kvar for seg eller i kombinasjon, og dei kan brukast både for å legitimere og for å delegitimere sosiale praksisar. van Leeuwen karakteriserer legitimitet som eit svar på eit spørsmål om «kvifor», som til dømes kvifor skal ein gjere akkurat dette på akkurat denne måten. Dei fire kategoriane lista opp over er ulike måtar å svare på spørsmålet om kvifor på. I denne avhandlinga er det særleg den første kategorien som er relevant, men også den tredje er eksplisitt til stades i datamaterialet. Kategoriane van Veeuwen presenterer, har underkategoriar (sjå van Leeuwen, 2007, s. 92–107). Underkategoriane til autoritet er personleg autoritet, ekspertautoritet, rollemodellautoritet, upersonleg autoritet og autoritet basert på tradisjon. Dette er fem typar autoritet ein kan vise til

for å legitimere til dømes eit språkval. Ein kan til dømes vise til eiga rolle, ekspertutsegner, rollemodellar som har gjort det same valet, lover og reglar eller til at ein alltid har brukt dette språket. Underkategoriane til rasjonalitet er instrumentell og teoretisk rasjonalitet. Førstnemnde legitimerer praksisar ved å vise til mål, bruk og effekt, medan sistnemnde viser til korleis noko er, gjennom definisjon, forklaring eller spådomar baserte på ekspertise.

Vaara mfl. (2006, s. 789) hevdar at for å forstå komplekse, men subtile meiningsskapings-prosessar der fenomen vert legitimerte, er det naudsynt å ha meir kunnskap om diskursive prosessar, praksisar og strategiar nytta for å konstruere legitimitet. På bakgrunn av dette føreslår dei ein modell for diskursive legitimeringsstrategiar. Empirien forfattarane tek utgangspunkt i, er frå ei gransking av korleis ei samanslåing i industrien vert framstilt i media, men legitimeringsstrategiane dei kjem fram til, kan nyttast i granskingar av legitimitet også på andre område. Overføringsverdien til sosiolingvistikken vert tydeleggjord også i artikkelen ved at forfattarane viser til arbeid gjort av lingvistar (van Leeuwen og Wodak, 1999). Strategiane Vaara mfl. skisserer opp, er måtar å nytte diskursive ressursar på for å etablere legitimitet, og dei kan vere medvitne og umedvitne. Modellen inneheld fem legitimeringsstrategiar: normalisering, autorisering, rasjonalisering, moralisering og narrativisering. Som ein ser, har desse fleire fellestrekk med kategoriane greidde ut om over, og Vaara mfl. seier at modellen frå van Leeuwen og Wodak (1999) – som van Leeuwen (2007) byggjer på – er eit viktig referansepunkt. Det er viktig å merke seg at det her er snakk om *legitimeringsprosessar* snarare enn allereie etablert legitimitet. Av dei fire strategiane presentert i Vaara mfl. (2006) er det særleg autorisering og normalisering ein finn i datamaterialet denne avhandlinga byggjer på, men også rasjonalitet vert nytta. Normalisering legitimerer gjennom å syne at noko er normalt og naturleg, gjennom å til dømes vise til eksempel. Autorisering legitimerer med referanse til autoritetar av ulike typar – van Leeuwen (2007) skildrar som nemnt fem ulike typar autoritetskategoriar. Vidare legitimerer rasjonalitet gjennom å syne nytte eller funksjon, og Vaara mfl. (2006) vektlegg her den instrumentelle rasjonaliseringa. Moralisering, den nest siste strategien, legitimerer gjennom referanse til verdiar, medan narrativisering legitimerer gjennom å konkretisere og dramatisere. Denne siste strategien har fellestrekk med van Leeuwens strategi mytedanning («mythopoesis»).

3.6.2 Legitimitet i språkpolitiske prosessar

Kor sentralt legitimitet er, vil avhenge av den sosiohistoriske konteksten. I Noreg står demokratiet sterkt, og det er rådande diskursar i det norske samfunnet som definerer kva som er legitim sosial praksis. Legitimitetsstrategiane og -kategoriane presenterte over har eit breitt nedslagsfelt og kan gjelde for sosiale praksisar av ulike slag – i denne avhandlinga særleg for

val av språk og for handlingar gjorde i ein språkpolitisk prosess. Skal ein sjå nærare på legitimitet for ein språkpolitisk prosess som heilskap, må ein også trekkje inn annan teori. Her er *deliberativt demokrati* sentralt:

[...] for a collective decision to be legitimate, it must be subject to reflective acceptance of those subject to it, who should be able to participate in consequential deliberation concerning the production of the decision. (Dryzek, 2010, s. 37)

For at ei avgjerd skal vere legitim, må ho vere akseptert av dei ho gjeld for, og desse personane må ha hatt høve til å drøfte prosessen som resulterte i avgjerda. Ifølgje Dryzek avheng innhaldet i offentleg politikk av kva for nokre diskursar som veg tyngst på kva tidspunkt. Vaara mfl. (2006, s. 791⁸) viser til at søking etter legitimitet er sentralt for all forvaltning, og at legitimitet såleis er knytt til makt. Mange diskursar vil vere til stades når avgjerder vert tekne, og ifølgje Ramberg (2016) er diskursiv representasjon nøkkelen til å oppnå legitimitet i politiske prosessar. Ramberg hevdar at

[*l*]egitimate decisions are central to the democratic mediation of this basic opposition between divisive conflict of view or interest and the shared need for common, coordinated action. *Legitimacy* ensures that concerted action is shaped and executed not principally through force, but by virtue of *acknowledgement*. Thus, the central function of political legitimacy is to confer a *normative* stamp; legitimate decisions-in-conflict *ought* to be respected. (Ramberg, 2016, s. 65, uthevingar i originalen)

Ramberg peikar på at det ofte er motstridande syn og interesser til stades i avgjerdsprosessar, men at det også er eit behov for felles handling. For at avgjerdsprosessar skal vere legitime, må ulike personar ha fått uttalt seg, og der må vere spor av diskursiv interaksjon, deliberasjon og endring:

In the place of consensus, what we demand of deliberative processes is that competing discourses are represented in such a way as to keep other discourses within discursive reach. Discursive reach is a concept of intellectual and affective commitment, expressed in terms of a willingness to accommodate, to adjust, to stretch and to revise features of any particular discourse so as to make an increasing number of connections and cross-points and calibrations with competing discourses – not in order to magically create agreement, but in order to bring into being a common ground that will make conflict and disagreement more specific, more particular, more concrete, visible, tractable, and – perhaps – more manageable. (ibid., s. 76)

⁸ Med referanse til Dowling og Pfeffer (1975) og Ashforth og Gibbs (1990).

Om ein ser dette sitatet i lys av den språkpolitiske prosessen som vert granska i artikkel 2 og 3, er det gruppa som utarbeider språkpolitikken, som må sikre at alle diskursar er representerte. På den måten kan dei arbeide for at den språkpolitiske prosessen vert oppfatta som legitim.

3.7 Avrunding

Dette kapittelet opna med eit historisk riss av utviklinga på LPP-feltet. Teoriane eg deretter har presentert, har ulike opphav, men dei kan alle nyttast i granskingar som plasserer seg innanfor nyare språkpolitisk forskning. Teoriane støttar opp om å sjå språkpolitikk som prosess. Det gjeld teoriane som har utspring i LPP-feltet, men også teoriane om forholdet mellom språk, verdiar og status. Prosess er som synt sentralt også her, og prosess vert dimed eit sentralt perspektiv i avhandlinga. Vidare er sosiale aktørar i kjernen av fleirtalet av teoriane, gjennom å vere berarar av verdiar og diskursar, å legitimere språk og språkval og å utarbeide og appropriere språkpolitikk.

4 Metodologi og metode

Dette kapittelet presenterer metodane og metodologien for denne avhandlinga. Først vert det metodologiske rammeverket, etnografisk diskursanalyse og språkpolitisk etnografi, presentert. Deretter vert metodane intervju og observasjon skildra. Frå del 4.3 går eg over til å skildre det konkrete datamaterialet som avhandlinga byggjer på, og datainnsamlingsprosessen ved Sámi allaskuvla og HVL. Deretter vert analysemetodane skildra, før eg avslutningsvis drøftar etiske vurderingar og posisjonalitet.

4.1 Etnografisk diskursanalyse

Etnografisk orienterte granskingar orienterer seg mot korleis folk konstruerer mening i sosial praksis (Anderson-Levitt 2006, s. 281), og etnografar «lokaliserer språkpraksisar i deira mest relevante kontekstar og fangar dei med all deira kompleksitet» (Canagarajah, 2006, s. 155, mi omsetjing). Slike skildringar høver godt om granskingane som inngår i denne avhandlinga. Granskingane har også andre etnografiske trekk. Dei ser på korleis noko er, snarare enn korleis det bør vere, hypotesane er utvikla undervegs, og granskingane er styrte av empiri (ibid.). Vidare koplær dei det vesle og det store, slik Blommaert (2005) framhevar at etnografiske studiar gjer:

[Ethnography] is, and always has been, an approach in which the analysis of small phenomena, is set against an analysis of big phenomena, and in which both levels can only be understood in terms of one another. (Blommaert, 2005, s. 16)

Det finst mange ulike metodar og analysar som kan skildrast som etnografiske. Blant desse er den etnografisk diskursanalysen, som ifølgje Kjelsvik og Lane (2011, s. 237) er kjenneteikna av «[...] fokus på meningsproduksjon, deltakande observasjon og analyse av skriftlege og munnlege tekstar i lys av menneskelig samhandling og materiell og sosial kontekst». Ein slik diskursanalyse vil ikkje berre sjå på det språklege, men snarare på alle aspekt ved ein situasjon. Kjelsvik og Lane (2011) framhevar at datamaterialet i slike analysar er breitt samansett, men samstundes lokalt og avgrensa. Som med hypotesane veks også metoden fram parallelt med ei auka forståing for forskingsobjektet (ibid.; Lane, 2011). Eberle og Maeder (2011) har ei skildring av etnografen og det han gjer, som høver godt til rolla eg har hatt i granskingane som inngår i denne avhandlinga:

An ethnographer enters a field with all his or her senses, and takes into account the architecture, the furniture, the spatial arrangements, the ways people work and interact, the documents they produce and use, the contents of their communication, the timeframe of social processes, and so on. (2011, s. 54)

I dei to kontekstane for datainnsamling har ulike delar blitt vektlagde. Observasjonen ved Sámi allaskuvla dekkjer alt som er inkludert i sitatet over, medan observasjonen ved HVL primært var av interaksjon og dokumenta som vart produserte. Som det går fram av sitatet over, er forskaren sjølv til stades og observerer. Via uformelle samtalar, ulike typar observasjon og intervju har eg sjølv samla inn alt materialet som inngår i avhandlinga.

4.1.1 Språkpolitisk etnografi

Med det etnografiske som utgangspunkt vert språkpolitikk sett som situerte i sosiokulturelle prosessar:

Sometimes these processes involve cultural artifacts conventionally associated with policy – declarations, regulations, and laws – but ethnographers are equally concerned with implicit policy processes – the ways in which people accommodate, resist, and ‘make’ policy in everyday social practice. Ethnographic studies of LPP seek to describe and understand these complex processes and in particular, the power relations through which they are constructed. (McCarty, 2015, s. 81–82)

For å spisse metodologien endå eit hakk frå etnografisk diskursanalyse og på den måten søke å forstå slike prosessar som McCarty skildrar, nyttar eg rammeverket språkpolitisk etnografi («ethnography of language policy», t.d. Hornberger og Johnson, 2007; Johnson, 2009). Det kombinerer etnografi og kritiske tilnærmingar til språkpolitikk. Ifølgje Johnson skal språkpolitisk etnografi

[...] include both critical analyses of local, state, and national policy texts and discourses as well as data collection on how such policy texts and discourses are interpreted and appropriated by agents in a local context. (2009, s. 142)

Skildringa til Johnson høver godt til granskingane denne avhandlinga presenterer. Vidare demonstrerer skildringa korleis rammeverket reflekterer den seinare utviklinga av LPP-feltet, gjennom at fleire nivå og aktørar er inkluderte. Språkpolitisk etnografi syner kompleksiteten i språkpolitikk og språkpolitiske prosessar og at både politiske dokument og aktørar har innverknad på faktisk språkpolitikk. Rammeverket støttar datainnsamlinga og analysen ved å rette merksemd mot fem sentrale tema i granskinga av språkpolitikk (Johnson, 2009, s. 144–155):

1) *Aktørar* viser til alle som er involverte i å opprette, tolke og appropriere språkpolitikk (jf. 3.2).

2) *Mål* viser til intensjonen til språkpolitikken slik han er uttrykt i eit språkpolitisk dokument. Desse måla kan avgrense handlingsrommet og aktørskapen til språkpolitiske aktørar. Samstundes er det vanskeleg å analysere seg fram til mål og intensjonar berre basert på tekst. Tekstar kan uttrykkje mange intensjonar, og nokre av desse kan vere i konflikt med kvarandre. Det er også vanskeleg å føreseie kva faktisk innverknad ein tekst vil ha, fordi dette er avhengig av mellom anna korleis teksten vert tolka av aktørar.

3) *Prosessar* viser til oppretting, tolking og appropriering. Språkpolitikk er meir enn språkpolitiske dokument, det er også korleis desse vert utarbeidde og sette ut i livet (jf. kap. 3).

4) *Diskursar som opprettar og vidarefører språkpolitikk*, viser til dei diskursane som finst både i sjølve språkpolitikken og utanfor, til dømes i språkpolitiske dokument og gjennom intertekstuelle koplingar til andre dokument og politikkar. Ein studerer språkpolitisk diskurs, og språkpolitisk tekst er ein del av denne diskursen. Nokre politikkar, ofte uttrykte i politiske dokument, har særleg stor diskursiv makt.

5) *Den sosiale og historiske konteksten språkpolitikken opererer innanfor*, rettar merksemda mot at språkpolitikk opererer innanfor ein sosial, historisk og fysisk kontekst. Kvar enkelt kontekst har eigne sirkulerande og dominerande diskursar, som verkar inn på alle delar av språkpolitikken og den språkpolitiske prosessen.

Desse fem temaa er på ulike måtar viktige i granskingane som inngår i avhandlinga.

4.2 Metodar

Innanfor både etnografisk diskursanalyse og språkpolitisk etnografi vil ein sjå på analyseobjektet frå fleire vinklar, fordi ulike metodar kan gje ulike innsikter. Ifølgje McCarty (2015, s. 89) kan dokument, intervjutranskripsjonar og feltnotat utgjere ein database som bidreg med djupne, breidde og truverd til forskingsresultata. Ein slik kombinasjon av metodar vert kalla *triangulering* (sjå t.d. Grønmo, 1996; Agar, 1996). Johnson illustrerer korleis ulike metodar utfyller kvarandre i LPP-forsking spesifikt:

Intertextual and interdiscursive analysis helps illuminate how text production is linked to discursive and sociocultural practices but qualitative research methods, like interviewing and participant observation, uncover how and why particular policies are recontextualized in particular ways in particular settings. (Johnson, 2015, s. 170–171)

Metodane nemnde i sitatet, er brukte i denne avhandlinga, nettopp med mål om at dei skal utfylle kvarandre og gje ei djupare forståing for forskingsobjektet. Gjennom å kombinere fleire metodar kan ein også motverke eventuelle svakheiter ved enkeltmetodar.

4.2.1 Intervju

Intervju er ein av dei mest sentrale metodane i denne avhandlinga. Johnson skildrar kva metoden kan tilføre til språkpolitiske granskingar:

Interviews can help reveal how the beliefs and actions of language policy agents impact the creation, interpretation, appropriation, and instantiation of language policy. [...] Interview responses may tell us about the beliefs, ideologies, and discourses circulating in the contexts being studied. As Hammersly and Atkinson (1995: 126) put it, '[Insider accounts] can be used both as a source of information about events, and as revealing the perspectives and discursive practices of those who produced them.' This balance is important in language policy interviewing because the perspectives of the agents, the discourses that circulate in a given context, and the actual processes are all of note. (Johnson, 2013, s. 241)

Intervjua utførte for denne avhandlinga gjev tilgang til nettopp syn, ideologiar, diskursar og handlingar. Sitatet frå Johnson er også ei påminning om kva intervjuet ikkje gjev tilgang til, og om at ein må vere medviten om kva perspektiv ein vert presentert for. Den som intervjuar, vel kva tema som skal snakkast om i intervjuet, og korleis hen formulerer og stiller spørsmål. Samstundes vil deltakarane ha forventingar om forskarens haldningar til dei aktuelle problemstillingane og om det føretrekte svaret. Det verkar inn på svara deltakarane gjev, og må takast omsyn til i analysen. Vidare skapar deltakarane mening og produserer kunnskap i intervjusituasjonen (Silverman, 2011, s. 182; 203). Ein kan lære mykje av å granske korleis dette vert gjort. Gjennom intervju får også deltakarane høve til å uttale seg og på den måten vere med på å påverke resultatet av forskinga – dei får sjølve uttale seg om det som gjeld dei.

Alle intervjua som inngår i denne avhandlinga, var halvstrukturerte. Denne intervjutypen er skildra og drøfta av mange, mellom andre av Silverman (2011) og Dôrnei (2007). Gjennom halvstrukturerte intervju kan ein ope utforske eit emne og avgrense og motverke førehandspåtekne oppfatningar. Gjennom intervjua kan ein som forskar oppdage uventa moment og få nye idear og syn på det ein studerer. Deltakaren kan bli oppmoda om å utdjupe og utforske temaa og problemstillingane som vert tekne opp, og forskaren kan imøtekome dei mangfaldige og nyanserte refleksjonane til deltakarane. Intervjua i denne avhandlinga inneheldt både lukka og opne spørsmål. Dei lukka spørsmåla skulle primært gje informasjon om konkrete emne, til dømes faktainformasjon om institusjonane i studien. Dei opne spørsmåla var derimot meinte å gje innsikt i synsmåtar, tolkingar, opplevingar og meiningar og gje svar med meir djupne og kompleksitet. Alle intervjua hadde ein tilhøyrande

intervjuguide. Guiden var dels tilpassa dei ulike personane som skulle intervjuast, og han vart endra undervegs i datainnsamlinga. Spørsmål vart lagde til og tekne vekk etter som det vart tydeleg kva som fungerte og ikkje, og etter som nye idear og tema kom opp. Eg stilte også oppfølgingsspørsmål som ikkje var del av guiden, så dei enkelte intervjuar vart nokså forskjellige frå kvarandre. Det gjeld særleg intervjuar ved Sámi allaskuvla. Det var ikkje formålstenleg å prøve å skape ein einskapleg intervjuprosedyre for alle intervjuar (jf. t.d. Briggs, 1986; Cicourel, 1964). Dette fordi alle intervjuar var unike, og forholdet mellom meg som intervjuar og deltakarane – og rollene vi hadde – varierte.

4.2.2 Observasjon

I tillegg til intervju er observasjon den mest sentrale metoden i denne avhandlinga. Observasjon er for mange kjernen av etnografiske studiar, og målet med observasjon er gjerne å sjå kva som går føre seg i konteksten ein ønskjer å studere, frå perspektivet til dei involverte aktørane. Fordi eg er tilsett ved ein akademisk institusjon i Noreg, er eg del av den same fellesskapen som deltakarane. Mange av diskursane som verkar inn på kvardagen til deltakarane i studien, verkar også inn på min kvardag som universitetstilsett og forskar (sjå også 6.7). Difor er eg på mange måtar ein deltakande observatør i studien av språk i høgare utdanning i Noreg. Om ein derimot ser nærare på dei enkelte granskingane, er eg snarare ei fluge på veggen. I studien av den språkpolitiske prosessen ved HVL har eg til dømes observert frå sidelinja – eg har ikkje vore medlem av gruppa som utarbeidde dei språkpolitiske retningslinjene (slik t.d. Källkvist var i Källkvist og Hult, 2016). Ifølgje mellom andre Silverman (2011, s. 128; 147) byrjar ein ikkje med å teste hypotesar når ein observerer. Snarare byrjar ein med å utforske, og på denne måten kan datamaterialet føre ein i ei anna retning enn det ein først hadde tenkt. Dette vil gjerne også gjere at ein snevrar inn forskingsinteressa (ibid.). Det var denne innstillinga eg hadde med meg då datainnsamlinga tok til. Samstundes er det slik at analyseprosessen byrjar allereie når ein tek feltnotat, men fordi eg frå byrjinga av ikkje visste sikkert kvar eg ville ende opp, var det viktig å også skrive ned konkrete skildringar. På den måten kunne eg analysere datamaterialet også seinare i prosessen, når nye interesser og spørsmål dukka opp.

4.3 Deltakarane og oversikt over datamaterialet

Datamaterialet er samla inn ved to institusjonar: Sámi allaskuvla og HVL. Det er språkpolitikkar og språkval ved desse institusjonane som er under lupa, men enkeltindivid er dei handlande aktørane. Dimed kan ein seie at tilsette, og dels studentar, ved dei to institusjonane er deltakarar i denne granskinga. Omgrepet deltakar er likevel ikkje heilt dekkjande, sidan ulike personar har delteke på ulike måtar. Dei som har blitt intervjuar, ved

Sámi allaskuvla og HVL, vel eg å kalle deltakarar. Dei som derimot ikkje har blitt intervju, men som på ulike vis har blitt observerte, vel eg å frå no av kalle aktørar. Bruken av omgrepet aktørar er også teoretisk grunngeven, sidan eg ser ei breidde av individ som sentrale *språkpolitiske aktørar* (jf. kap. 3). Eg nyttar også ordet «medleman» om dei som var del av gruppa som utarbeidde dei språkpolitiske retningslinjene for HVL.

4.3.1 Datamateriale frå Sámi allaskuvla

Datamaterialet frå Sámi allaskuvla vart samla inn over to besøk ved høgskulen, eitt over tre dagar i september 2017 og eitt over ti dagar i april 2018. Materialet er intervju, observasjon og språkpolitiske dokument. Eg fekk kontakt med tilsette ved institusjonen gjennom professor Pia Lane ved Senter for fleirspråklegheit, Universitetet i Oslo. Saman med tilsette ved høgskulen arrangerte ho ein workshop i september 2017, som fann stad ved Sámi allaskuvla. Eg deltok på workshopen, og på denne måten vart eg kjend med institusjonen. Eg fekk også møte personar som skulle bli sentrale i prosjektet, enten som hjelparar eller som deltakarar. Eg nytta også dette første besøket til å observere språkpraksisar ved institusjonen og vurdere kva spørsmål det ville vere interessant å stille i ei gransking av språkpolitikk og språkval ved institusjonen. Då eg skulle besøke høgskulen sju månadar seinare, fekk eg arrangert intervju og observasjonar gjennom kontaktane eg hadde opparbeidd meg. Observasjonen hadde fleire former. Viktigast var det at eg oppheldt meg på høgskulen fulle arbeidsdagar og såleis kunne observere og dels ta del i kvardagen ved institusjonen. Eg fekk også høve til å observere noko undervisning og møteverksemd, men det er verdt å merke seg at språkbarrierar gjorde at eg ikkje kunne oppfatte innhaldet i mykje av interaksjonen eg observerte. Under opphalda skreiv eg ned alt som eg meinte var relevant for studien, som feltnotat.

Høgskulen gav meg eit eige kontor, der dei fleste av intervju fann stad. Til saman intervju eg elleve personar. Sju av desse var tilsette, og av dei arbeidde éin i administrasjonen og to i leiinga. Tre av dei elleve var studentar, og éin hadde tidlegare vore rektor ved institusjonen. To av studentane vart intervju saman. Eit fåtal av intervju vart avtalte før eg kom til institusjonen, dei andre avtalte eg medan eg var i Kautokeino. Intervju føregjekk på norsk med dei deltakarane som snakka norsk og finsk-svensk, og på engelsk med éin deltakar som ikkje kunne norsk eller svensk. Eg gjorde lydopptak av alle intervju og skreiv feltnotat. Eg hørde gjennom alle lydopptaka mange gongar og noterte ned alt som fanga interessa mi, og som var relevant for tematikken i avhandlinga. Då eg hadde formulert dei endelege forskingsspørsmåla for artikkel 1, lytta eg gjennom alle intervju på nytt. Eg transkriberte dei delane av intervju som var særleg relevante for spørsmåla.


| Deltakar | Intervjulengde |
|------------------------|--------------------------|
| administrativt tilsett | 25 min |
| leiing (rektor) | 36 min |
| leiing | 28 min |
| vitskapleg tilsett | 35 min |
| vitskapleg tilsett | 55 min |
| vitskapleg tilsett | 15 min |
| vitskapleg tilsett | 27 min |
| student | 29 min |
| student | 26 min (intervjua saman) |
| student | |
| tidlegare rektor | 47 min |
| | Til saman 5 t og 23 min |

Tabell 1: Intervju ved Sámi allaskuvla

Granskinga ved Sámi allaskuvla byggjer også på sentrale dokument frå høgskulen, særleg *Strategiplan 2017–2021*, *Årsrapport 2017–2018*, *Tildelingsbrev 2018* og *Application to World Indigenous Higher Education Consortium* (ein søknad frå Sámi allaskuvla til WINHEC om å bli akkreditert som urfolksinstitusjon). Saman med observasjonen ved institusjonen gav desse dokumenta kjennskap til og forståing av språkpolitikk, visjonar og språkleg praksis. Dette var viktig for utforminga av det vidare arbeidet, særleg for utarbeidinga av spørsmål til intervju. Eg brukte også dokumenta i analysen av intervju gjennom å til dømes samanlikne språkpolitikken og måla presenterte der med kva deltakarane rapporterte om i intervju.

4.3.2 Datamateriale frå HVL

Materialet frå HVL vart samla inn mellom juni 2017 og april 2018, og innsamlinga kan delast inn i tre fasar: intervju med prorektorar ved HVL (juni 2017), observasjon av møta i gruppa som utarbeidde dei språkpolitiske retningslinjene (hausten 2017), og observasjon av høyringsrunden for retningslinjene (vinter/vår 2018) (slik det også er skissert i artikkel 3). Innsamlingsfasane med tilhøyrande datamateriale er presenterte i figur 1.



Figur 2: Innsamlingsfasar ved HVL med tilhøyrande datamateriale

I første fase av datainnsamlinga intervjuja eg dei tre prorektorane ved HVL. I utgangspunktet ønskte eg å intervjuje rektoren ved institusjonen, men hen av slo førespurnaden min. Grunngevinga var at hen var ny og ikkje hadde følgt prosessen fram mot fusjonen. Hen foreslo at eg heller kunne intervju ein av prorektorane, og slik vart det. Intervjuja med prorektorane vart avtalte via e-post og dels over telefon. To av intervjuja fann stad på HVL i Bergen, og eitt over telefon. Eg tok lydopptak av alle intervjuja og transkriberte desse. Intervjuja med prorektorane er berre inkluderte i artikkel 3. Likevel var dei viktige for heile granskinga av språkpolitikk ved HVL gjennom at eg fekk eit første møte med institusjonen og eit innblikk i institusjonens språklege identitet(ar) og visjonar.

Den vidare kontakten med HVL hadde som utgangspunkt at eg ville få meir informasjon om vedtaket om å ha nynorsk som hovudmål. Gjennom å følgje med på sakspapir og liknande som låg ope på nettet, fann eg ut kven som var involverte i sakene som omhandla nynorskvedtaket, og eg tok kontakt med desse. Kommunikasjonen om vedtaket gjekk etter kvart over til å handle om utarbeiding av språkpolitiske retningslinjer. Seinare vart den primære kontaktpersonen min ved høgskulen leiar i gruppa som skulle lage retningslinjene. Kontakten med gruppa var dimed etablert før gruppa vart sett ned. Gruppleiaren fekk informasjon om at eg ønskte å observere møta i gruppa, og at eg ville sende ut eit informasjonsskriv med samtykkeskjema. Då gruppemedlemene var valde ut, informerte leiaren dei om at arbeidet med

språkpolitiske retningslinjer ville bli del av ei gransking. Dette gjorde hen på eige initiativ. Ingen av medlemne protesterte på deltaking i granskinga. Etter at leiaren kort hadde informert gruppa om prosjektet, sende eg ut eit informasjons- og samtykkeskriv på e-post. Gruppa var sett saman av fem personar: éin seniorrådgjevar (HiSF), to vitskapleg tilsette ved Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking (HiSF og HiB), éin administrativt tilsett ved avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt (HSH) og éin student (HiB). Studenten vart først oppnemnd av Studenttinget etter det første møtet i gruppa. Hen deltok difor berre på møte to og tre.

Gruppa hadde tre møte, og under alle møta gjorde eg lydopptak og skreiv feltnotat. Dei to første møta var fysiske. Alle sat rundt eit bord, og lydopptakaren stod midt på bordet. Eg tok feltnotata på datamaskin, med skjermen ute av syne for gruppedlemne. Det tredje møtet føregjekk via Skype. Alle, inkludert meg, kunne høyre og sjå kvarandre. For ikkje å forstyrre lyd kvaliteten med tastelydar noterte eg for hand og førte feltnotata inn på datamaskin etter møtet. I feltnotata skreiv eg ned det som utmerkte seg som viktig, og alt som ikkje ville bli registrert av lydopptakaren, til dømes skildring av rommet og stemningar. På det andre og det tredje møtet viste gruppedlemne til utkast til retningslinjer, og alle – også eg – hadde det aktuelle dokumentet framføre seg. Ved HVL observerte eg i utgangspunktet berre møta i gruppa, så observasjonen der var meir konkret og tidsavgrensa enn ved Sámi allaskuvla. Samstundes besøkte eg institusjonen nokre gongar i løpet av forskingsperioden, og under besøka noterte eg ned relevante observasjonar. Eg tok også notat om noko merkte seg ut på nett- eller Facebook-sida til høgskulen.

Då datainnsamlinga byrja, var ikkje planen å nytte e-postane mellom medlemne som datamateriale, og det var heller ikkje noko gruppedlemne gav tillating til gjennom samtykkeskjemaet. Likevel vart eg lagd i kopi på e-postane mellom medlemne, og eg uttrykte overfor gruppedlemne at eg sette pris på det. Seinare henta eg inn munnleg og skriftleg løyve frå alle medlemne til å nytte e-postane som datamateriale på linje med lydopptaka og feltnotata. E-postkorrespondansen mellom medlemne vart samla inn gjennom at eg låg i kopi på alle e-postar frå leiaren. Oftast kom også svara frå andre medlemar til meg, men i nokre få tilfelle vart dei vidare sende til meg frå leiaren i gruppa i ettertid. Grunna det gode samarbeidet med leiaren er det rimeleg å anta at storparten av e-postane mellom gruppedlemne har blitt registrert og dimed er med som datamateriale i studien. Alle e-postane vart lasta ned og lagra. Via observasjonen av kommunikasjonen som føregjekk på e-post, fekk eg også tilgang til alle dokumenta som sirkulerte mellom medlemne. Det var særleg leiaren i gruppa som introduserte dokument som hen meinte kunne vere sentrale for arbeidet. Leiaren sende også ut utkast til

retningslinjer og innstillingstekst⁹ til retningslinjene på e-post, så eg hadde alltid tilgang til sisteutkastet som gruppa arbeidde med. Det gjorde at eg også kunne notere direkte i retningslinjene – analysen tek som kjent til allereie under datainnsamlinga (t.d. Silverman, 2011). Om gruppa til dømes drøfta innhaldet i eit spesifikt avsnitt, noterte eg mine første tankar kring drøftinga i margen ved det aktuelle avsnittet.

Då gruppemedlemene fekk informasjon om studien via e-post, vart det spesifisert at lydopptaka ikkje skulle transkriberast, og at medlemene ikkje ville bli direkte siterte i presentasjonar av studien. Det vart gjort fordi eg trudde medlemene ikkje ville samtykke til at materialet vart transkribert, og/eller at det skulle bli sitert i publikasjonar. Opptaka vart difor ikkje transkriberte, men eg skreiv detaljerte handlingsreferat i tabellform. Med handlingar meiner eg spørsmålsstilling, skifte i tema, referansar til styringsdokument osv. Her er to illustrerande døme på slike handlingar: «medlem 5 går tilbake til å snakke om administrasjonsspråk» og «medlem 1 spør om alle styresaker skal skrivast på nynorsk». I første kolonnen av tabellreferatet stod tidspunktet i lydopptaket der ei hendinga fann stad. I andre kolonnen vart hendinga skriven inn, og i siste kolonnen vart relevante kommentarar og merknadar til hendinga førte inn. På denne måten var det lett å halde oversikt over møta, og det var enkelt å finne att dei ulike hendingane i opptaka og lytte igjen dersom noko var uklart eller det var behov for fleire detaljar. Då studien utvikla seg, såg eg kor fruktbart det ville vore om eg kunne ha sitert gruppemedlemene. Eg valde difor å spørje dei om eg kunne nytte enkelte sitat i dei to artiklane som inngår i denne avhandlinga. Alle samtykte, og dei har godkjent sitata som er inkluderte i artikkel 2 og 3. I samtykkeskjemaet alle hadde skrive under på, var det ikkje presisert om lydopptaka skulle transkriberast eller ei. Medlemene trong difor ikkje å signere eit nytt skjema.

Data frå fase tre, høyringsrunden, vart samla inn etter om lag same framgangsmåte som data frå fase to. Eg mottak all informasjon om høyringsrunden frå og med planleggingsstadiet. Sjølv høyringssvara fekk eg tilsende frå leiaren i gruppa. Desse vart drøfta via e-post i gruppa, og eg mottok alle desse drøftings-e-postane. Høyringsinstansane var dekanar, avdelingsleiarar og leiaren ved Studenttinget. Deira kommentarar til retningslinjene som var på høyring, vart sende inn via eit nettskjema. Det var berre tre instansar som sende inn høyringssvar: Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI), Fakultet for helse- og sosialvitskap (FHS) og Studenttinget. I tillegg til å fylle ut nettskjemaet sende FLKI inn to høyringssvar dekanen hadde

⁹ Dette dokumentet skildrar bakgrunnen for arbeidet med retningslinjene. I dokumentet vert det også greidd ut om sentrale tema i retningslinjene (særleg nynorsk og parallellspråksbruk) og referert til rapportar og politiske dokument som har vore sentrale i arbeidet med retningslinjene.

motteke frå sine tilsette. Høyringsprosessen var open, og høyringssvara må reknast som offentlege dokument. Difor har eg ikkje bede høyringsinstansane om løyve til å nytte høyringssvara deira i granskingane.

Eg har også observert to andre møte ved HVL: møte i utvida leiargruppe 12. desember 2017, der retningslinjene var oppe som sak, og møte i styret ved HVL 26. april 2018, der retningslinjene vart vedtekne. Eg fekk løyve til å observere det første møtet via Skype. Det andre møtet vart strøymt på nettsidene til HVL, så eg trong ikkje løyve eller tilgang for å observere det. Tabell 1 gjev ei oversikt over aktørane som er involverte i den språkpolitiske prosessen ved HVL og refererte til i avhandlinga. Tabell 2 gjev ei samla oversikt over datamaterialet frå HVL.

| | |
|---|---|
| Medlemar i gruppa som utarbeidde dei språkpolitiske retningslinjene | seniorrådgjevar (leiar i gruppa) |
| | vitskapleg tilsett ved Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking |
| | vitskapleg tilsett ved Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking |
| | administrativt tilsett ved Avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt |
| | student |
| Høyringsinstansar som leverte høyringssvar | dekanen ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI) |
| | dekanen ved Fakultet for helse- og sosialvitskap (FHS) |
| | leiaren ved Studenttinget |
| Rektor | rektor |
| Leiargruppa | 10 medlemar (rektor, tre prorektorar, to direktørar og fire dekanar) |
| Høgskulestyret | 11 medlemar (fem HVL-tilsette, to HVL-studentar og fire eksterne medlemar) |

Tabell 2: Aktørane involverte i den språkpolitiske prosessen ved HVL og refererte til i avhandlinga

| | Data | Spesifikasjon |
|---|--|---|
| Intervju med prorektorane | intervju med 3 prorektorar ved HVL (juni 2017) | 90 minutt til saman |
| Data frå arbeidet i gruppa som utarbeidde språkpolitiske retningslinjer, før høyringsrunden | feltnotat | 3 møte |
| | lydopptak | 3 møte (6 timar og 13 minutt) |
| | e-postutveksling mellom gruppemedlemene | juni 2017–april 2018 |
| | utkast til språkpolitiske retningslinjer | fleire utkast, hovudfokus på «Språkpolitiske retningslinjer for Høgskulen på Vestlandet. Forslag frå ei arbeidsgruppe [...] 27.11.2017» |
| | «Innstilling frå ei arbeidsgruppe» | utkast og endeleg dokument |
| Data frå møte i leiargruppa ved HVL 12.12.2017 | feltnotat | |
| | lydopptak | 14 minutt |
| Data frå høyringsrunden | høyringssvar leverte via eit nettskjema | 3 høyringssvar: Fakultet for helse- og sosialvitskap (FHS), Fakultet for lærarutdanning, |

| | | |
|---|---|--|
| | | kultur og idrett (FLKI) og Studenttinget |
| | to vedlegg til høyringsvar frå FLKI | «Språkpolitiske retningslinjer for Høgskulen på Vestlandet» – med kommentarar i margen frå tilsette ved FLKI |
| | «Språkpolitiske retningslinjer for Høgskulen på Vestlandet. Revidert forslag frå ei arbeidsgruppe [...] 9.03.18» – med kommentarar i margen med grunngjevingar for endringar og avvisingar av endringsframlegg e-postutveksling mellom gruppemedlemene | gruppas drøftingar av høyringsinnspela |
| Data frå møte i høgskulestyret 26.04.2018 | «Språkpolitiske retningslinjer for Høgskulen på Vestlandet. Forslag frå ei arbeidsgruppe. Revidert etter høyringsinnspel [...] 19.03.2018» | sakspapir |
| | «Innstilling frå ei arbeidsgruppe, 27.11.2017» | sakspapir |
| | alle høyringssvara | sakspapir |
| | «Høyringsinnspel til ‘Språkpolitiske retningslinjer for Høgskulen på Vestlandet’ Merknader frå arbeidsgruppa» | sakspapir: brev som oppsummerer høyringsrunden og endringane gruppa har gjort som følgje av ho |
| | «Rektor sine merknader» | sakspapir: merknadar frå rektor med framlegg til endringar |
| | feltnotat | |
| | lydopptak | 30 minutt |
| Endeleg dokument | «Språkpolitiske retningslinjer for Høgskulen på Vestlandet» (vedteke 26.04.2018) | |
| | «Innstilling frå ei arbeidsgruppe, 27.11.2017» | |

Tabell 3: Data frå HVL

4.3.3 Jamføring

Som nemnt i 4.2.1 var alle enkeltintervjua i granskingane noko ulike, men eit hovudskilje går mellom intervjua gjennomførte ved HVL og dei gjennomførte ved Sámi allaskuvla. Dette kan forståast ut frå at rollene til og forholdet mellom intervjuar og deltakar varierte. Ved HVL hadde alle som deltok i intervjua, ei leiarrolle ved institusjonen, og eg hadde ikkje møtt nokon av dei tidlegare. Ved Sámi allaskuvla var deltakargruppa derimot meir variert, frå studentar til leiarar. Eg hadde også snakka med fleire av deltakarane før intervjua, sidan eg hadde opphalde meg ved institusjonen i nokre dagar. Vidare gjennomførte eg intervjua ved HVL fleire månadar før intervjua ved Sámi allaskuvla. Intervjua med personar i leiarposisjonar ved Sámi allaskuvla

hadde samstundes fellestrekk med intervjuet med HVL, særleg ved at dei var meir formelle enn dei andre intervjuet. Det illustrerer at *roller* verkar inn på intervjusituasjonen.

Granskinga av Sámi allaskuvla og HVL er også basert på ein annan type datamateriale, nemleg nasjonale (språk)politiske dokument. Det er særleg St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining* og Universitets- og høgskulerådets *Språkpolitisk plattform* som er sentrale. Andre politiske dokument som kan verke inn på språk i akademia, vart også inkluderte. Her er *universitets- og høgskulelova* og ulike forskingsmeldingar sentrale (St.meld. nr. 30 (2008–2009), St.meld. nr. 14 (2008–2009), Meld. St. 18 (2012–2013), Meld. St. 7 (2014–2015)). Desse dokumenta vart ikkje analyserte, men fordi eg kjenner dokumenta godt, såg eg tydeleg når dei vart trekte inn i språkpolitikken og drøftingane ved institusjonane gjennom intertekstualitet og/eller -diskursivitet. Vidare har eg lent meg på analysar andre har gjort av norsk språkpolitikk (særleg Johansen, 2012; Bjørhusdal, 2014).

4.4 Analyse gjennom koding

Etter at datamaterialet var samla inn, vart det koda. Saldaña (2013, s. 3) skildrar ein kode som «[...] a word or short phrase that symbolically assigns a summative, salient, essence-capturing, and/or evocative attribute for a portion of language-based or visual data». Ein forskar vert kjend med materialet allereie under innsamlinga og vil alt då ha sett kategoriar og tema. Eg skreiv ned slike førsteinntrykk og idear, men den faktiske kodinga var systematisk og forsøksvis uavhengig av førsteinntrykket. Kodane som vert brukte i analysane, var ikkje førehandsbestemte, men vart genererte ut frå datamaterialet. Når ein kodar eit materiale, vert det gruppert og omgruppert, og koplingar kjem til syne (sjå t.d. Grbich, 2007; Saldaña, 2013). Koding er dimed ei god hjelp når ein ønskjer å få oversikt over og få auge på samanhengar og brot i datamaterialet. For denne avhandlinga vart følgjande data koda:

- alle intervjuet frå begge institusjonane
- handlingsreferata frå møta i gruppa som utarbeidde språkpolitiske retningslinjer for HVL
- dei språkpolitiske retningslinjene for HVL (utkast og endelege)
- innstillingsteksten til retningslinjene (*Innstilling frå ei arbeidsgruppe, 27.11.2017*)
- fusjonsavtalen for HVL (*Avtale om gjennomføring av fusjon, 25. mai 2016*)
- strategidokumentet for Sámi allaskuvla (*Strategiplan 2017–2021*)

Kodinga bidrog mellom anna til å synleggjere kva som verkar inn på språkpolitiske val ved Sámi allaskuvla og HVL, korleis fordelinga mellom ulike tema var i diskusjonane i gruppa ved

HVL, og kva diskursar som sirkulerte ved Sámi allaskuvla og i den språkpolitiske prosessen ved HVL. Kodinga synleggjorde også at det var ei tydeleg tematisk og diskursiv utvikling i den språkpolitiske prosessen ved HVL. Mykje av analysen føregjekk manuelt gjennom at eg tok utskrift av datamaterialet og koda det med fargepennar. Seinare vart det koda materialet lagt inn i ulike Excel-dokument slik at det var lett å halde oversikt over kodane. Gjennom kodinga vart det lettare å sjå fellestrekk mellom ulike intervju og også mellom ulike typar datamateriale.

I første omgang vart materialet deskriptivt koda, det vil seie at det vart koda ut frå innhald. Deretter vart alle desse ulike datasekvensane koda på nytt i meir detalj, og kodane vart også grupperte i kategoriar ut frå likskapar (jf. McCarty, 2015, s. 89). Ut frå desse kategoriane genererte eg meir overordna tema. Skilnaden mellom kategori og tema kan forklarast slik: Ein kategori er eit ord eller ein frase som skildrar eit eksplisitt datasegment, medan eit tema er ein frase eller ei setning som skildrar meir subtile prosessar som finst i datamaterialet (Rossman og Rallis, 2003; som vist til i Saldaña, 2013, s. 14). Overfører ein dette til datamaterialet frå HVL, til dømes, er «nynorsk» og «bokmål» døme på kategoriar, medan «spenning mellom ideal og realitet» er døme på eit tema (sjå vedlegg 6). Ifølgje McCarty (2015, s. 89) utgjer «[t]hematic constructs rooted in empirical data [...] the evidentiary foundation for interpretations, assertions, and theoretical propositions». Når datamaterialet var ferdig koda, vart det granska ved hjelp av diskursanalytiske tilnærmingar og språkpolitisk etnografi. Som synt i 4.1.1 rettar språkpolitisk etnografi merksemda mot fem sentrale tema: *aktørar, mål, prosessar, diskursar og kontekst*. Analysen er basert på korleis diskursar er konstruerte eller sette ut i livet av aktørane som inngår i granskingane.

Datamaterialet vart også analysert med tanke på intertekstualitet og -diskursivitet. Målet med denne analysen var å forstå korleis ein språkpolitikk er knytt til og hentar og skapar meining ut frå ein annan (språk)politikk (sjå t.d. Johnson, 2015). Det gjeld til dømes korleis lokal politikk er knytt til nasjonal politikk. Gjennom å studere koplingar mellom ulike tekstar og diskursar kan ein oppnå ei meir grundig forståing av språkpolitikken. Det er særleg materialet frå HVL som vart analysert for slike koplingar, men også materialet frå Sámi allaskuvla vart granska med dette for auget. Ein tekst – i vid forstand – ber alltid i seg ulike meiningar, og kva for ei meining som kjem til syne, er avhengig av intertekstuelle og interdiskursive koplingar (Johnson, 2015, s. 170). Språkpolitikk er ofte knytt til tidlegare og gjeldande språkpolitiske dokument og til tidlegare og gjeldande diskursar (ibid., s. 168). Når ein tekst vert teken i bruk i ein annan kontekst, vil han bli rekontekstualisert. Ifølgje Johnson (ibid.) er rekontekstualisering avhengig av intertekstuelle koplingar til tidlegare tekstar og diskursar og av den nye konteksten som teksten inngår i, og dei syna, ideologiane og

maktforholda som finst der (sjå også Wodak og Fairclough, 2010; Blackledge, 2006). Rekontekstualitet viser til korleis tekstar (inkludert diskursar og sjangrar) kan bevege seg både romleg og temporalt og bli tekne i bruk på ein dels annan måte enn det som først var intendert. Ein direkte eller indirekte referanse til språkpolitiske dokument er intertekstuell, medan ein referanse til diskursar er interdiskursiv (Johnson, 2015, s. 168). Ifølgje Fairclough kan interdiskursivitet gjere ein merksam på «[...] the potential heterogeneity of text in terms of the diverse discourse conventions, types of discourses, which can be drawn upon in their production» (1992, s. 284). Interdiskursivitet er særleg viktig i artikkel 2. Den intertekstuelle og -diskursive analysen følgde grovt sett den same framgangsmåten som er skildra over. Då eg koda materialet, markerte eg datasekvensar med «intertekstualitet» og/eller «interdiskursivitet» der det var koplingar til andre tekstar og diskursar. Eg la også inn kva for tekstar og diskursar det var direkte eller indirekte referansar til (sjå vedlegg 6 for døme).

4.5 Validitet og reliabilitet

Denne avhandlinga inneheld fleire utdrag frå lokale styringsdokument og høyringssvar og sitat frå språkpolitiske aktørar frå intervju og observasjon. Eg har ønskt å bruke og analysere mykje data, både for å inkludere alt som inngår i Johnsons (2013) vide definisjonen av språkpolitikk (sjå 3.1.2), og fordi etnografiske analysar skal byggje på ei breidde av data (jf. 4.1). Eg har også ønskt å syne fram mykje av datamaterialet i dei tre artikkane. På denne måten kjem aktørane eigne formuleringar og dimed stemmene deira til syne. Det løftar fram aktørane og tydeleggjer kor sentrale dei er for mitt syn på LPP og i dei enkelte granskingane. Vidare får lesaren sjå kva materiale slutningane i analysen vert trekte på grunnlag av, og han kan sjølv gjere seg opp ei meining om materialet og slutningane. Det gjer analysane meir transparente. Utfordringa er å unngå *kirsebærplukking*: å velje ut delar av materialet som støttar opp om eigne påstandar (sjå t.d. Grønmo, 1996; Silverman, 2011). Triangulering (sjå 4.2) motverkar dette ved at materialet i utgangspunktet ikkje er einsidig. Vidare er det viktig å ha full oversikt over materialet. Sidan eg har arbeidd med dette prosjektet over lang tid, og sjølv vore til stades under datainnsamlinga, kjenner eg materialet godt. For å unngå kirsebærplukking er det elles viktig å inkludere dei delane av materialet som er mindre eintydige og kan fortelje ei alternativ historie. Spenningar og motsetningar er sentrale for dette prosjektet, noko som automatisk fører til at desse vert inkluderte i utvalet av materialet. Kva delar av materialet ein vel ut, kan likevel bli påverka av eigen person:

[...] en streng prioritering og begrensning med hensyn til utvelgelsen av sitater [kan] være problematisk, fordi utvelgelsen kan bli for sterkt preget av forskerens personlige oppfatninger og sosiokulturelle bakgrunn. (Grønmo, 1996, s. 97)

Seinare vil eg kome nærare inn på eigen ståstad og korleis denne kan ha verka inn på arbeidet (sjå 4.6.2). Når eg er open om det, kan andre vurdere korleis ståstaden min eventuelt kan ha verka inn. Eg har vidare forsøkt å vere tydeleg på kva teoretisk ståstad eg tolkar datamaterialet ut frå, sidan teoretisk ståstad verkar inn på tolkingane ein gjer (t.d. Silverman, 2011). Eit siste viktig grep er å grunngje dei metodiske vala og å skildre den metodiske framgangsmåten i detalj. Det har eg gjort i dette kapittelet. Når det gjeld reliabilitet, er det i mitt tilfelle særleg interessant å sjå på kodinga av datamaterialet. Reliabilitet refererer til konsistens og stabilitet eller til «[...] the degree of concistency with which instances are assigned to the same category by different observers or by the same observer on different occasions» (Hammersley, 1992, s. 67). Ein må spørje seg om andre ville ha koda materialet på den same måten som eg har gjort. Som skildra i 4.4 oppstod kodane ut frå materialet. Ville andre ha sett dei same kodane? Og dersom nokon hadde fått utdelt lista mi over kodar, ville dei då ha koda materialet på den same måten? Dette har eg ikkje eit endeleg svar på, men gjennom å kode i fleire rundar og drøfte kodinga med rettleiarane mine har eg styrkt reliabiliteten.

4.6 Ethiske vurderingar og posisjonaltet

I tråd med nasjonale retningslinjer søkte eg Norsk senter for forskingsdata (NSD) om godkjenning til dette forskingsprosjektet (prosjektnummer 53373, sjå vedlegg 1). Sjølve søknadsprosessen gjorde meg merksam på fleire sider ved forskningsetikk, og han bidrog såleis til å gjere meg betre rusta til å gjennomføre prosjektet i tråd med etiske retningslinjer. NSD godkjende prosjektet, inkludert informasjons- og samtykkeskrivet, i april 2017. Skrivet var tilgjengeleg på norsk og engelsk, men ikkje på noko samisk språk. I praksis var ikkje det eit problem sidan alle deltakarane ved Sámi allaskuvla kunne lese og forstå norsk og/eller engelsk. I retrospekt ser eg likevel at det hadde vore betre å også ha skrivet på (nord)samisk sidan slike val er viktige språkpolitisk.

Alle som deltok i granskingane, fekk informasjon både munnleg og skriftleg. Dei skreiv alle under på at dei samtykte til deltaking gjennom intervju og/eller observasjon, og på at personopplysingar (bakgrunnsopplysingar som arbeidsplass, yrke osv.) kunne publiserast og lagrast. Før eg starta datainnsamlinga, vart det klart at eg også måtte gjere lydopptak av møta i gruppa som utarbeidde språkpolitiske retningslinjer for HVL. Eg sende difor inn ei endring til NSD, som godkjende at eg gjorde lydopptak under observasjonen av møta. Lenger ut i

prosjektet måtte eg som nemnt i 4.3.2 også hente inn samtykke frå gruppa eg observerte ved HVL, om å sitere dei. At eg i utgangspunktet ikkje skulle sitere gruppemedlemane, kan ha gjort at dei kjende seg tryggare til å ytre seg slik dei ønskte. Som kjent vil deltakarar kunne tilpasse ytringane sine fordi ein forskar er til stades, og særleg dersom det ein ytrar, vert sitert i ettertid. Dersom gruppemedlemane ved HVL ytra seg friare enn dei ville gjort om dei frå byrjinga visste at dei ville bli siterte, var dette ikkje intendert. Ein slik intensjon ville vore forskningsetisk problematisk.

Alt det innhenta datamaterialet vart oppbevart på ein trygg måte. Digitale dokument vart lagra på ein passordbeskytta server ved UiO. Data som var noterte ned for hand eller av andre årsaker eksisterte på papir, vart oppbevarte i eit låst skåp på kontoret mitt på UiO. Undervegs i forskingsprosjektet kom det ikkje fram nokon klager på framgangsmåten, og ingen av deltakarane trekte seg frå prosjektet.

4.6.1 Personvern og anonymitet

Personane som har delteke i granskingane som inngår i avhandlinga, er på ulike måtar språkpolitiske aktørar i kraft av sine stillingar i akademia. Det er i kraft av desse rollene dei har delteke i prosjektet, ikkje som privatpersonar. At prosjektet overordna handlar om institusjonell språkpolitikk, ikkje om enkeltindivid, gjer etiske spørsmål mindre presserande. Samstundes har fleire av deltakarane og aktørane eg har observert, eit språkleg engasjement utover sine respektive stillingar. Særleg i den samiske konteksten er språklege spørsmål nært knytte til personleg identitet og engasjement. Dette har eg måtta ta omsyn til i vurderingar av personvern, anonymitet og liknande.

I mange studiar av språkpolitikk i akademia er institusjonane datamaterialet er henta inn ved, anonymiserte (t.d. Källkvist og Hult, 2016). Eg skulle gjerne gjort det same for å i større grad sikre anonymiteten til personane som inngår i granskingane mine, men det ville ikkje vore mogleg å skjule kva for nokre institusjonar det er snakk om. Sámi allaskuvla er ein unik institusjon, det finst ingen andre samiske høgskular som denne. HVL er som mange andre høgskular i Noreg resultat av ei samanslåing, og såleis kunne institusjonen vore ein annan. Språkleg sett skil han seg derimot frå alle andre som er resultat av samanslåingar. For artikkel 3 var det også naudsynt å ha med ein god del bakgrunnsinformasjon om institusjonen. Til saman

gjorde dette at eg ikkje har skjult kva for institusjonar eg granskar. Eg har ikkje fått protestar på dette frå dei respektive høgskulane, og HVL har sjølv omtalt forskingsprosjektet mitt.¹⁰

Eg har i størst mogleg grad ønskt å anonymisere dei personane som på ulike måtar har delteke i prosjektet. Samstundes har det vore viktig å syne kva for roller personane har, fordi dette er viktig for å mellom anna forstå deira potensielle innverknad på språkpolitikken eg granskar. Konklusjonen var å ikkje bruke namn, men å inkludere bakgrunnsopplysingar som til dømes arbeidsplass og yrke. Det er offentleg kjent kven som var medlemmar av gruppa som utarbeidde språkpolitikken ved HVL, men sidan eg konsekvent nyttar «medlem x» når eg omtalar dei, er det vanskeleg å finne ut kven av dei som har sagt kva. Eit anna gjennomgåande val i avhandlinga er at eg ikkje nyttar «han»/«ho» om personane som deltek. Eg har nytta «hen» eller «they» der eg trong pronomeren. I artikkel 2 har eg valt å ikkje kalle leiaren av gruppa «medlem», men «leiar» («Chair»). Årsaka til dette er at artikkelen drøftar spørsmål om legitimitet og granskar ein politisk prosess i detalj, og då er roller og makt viktig. Gruppeleiaren er klar over at hen i artikkel 2 vert omtalt som nettopp leiar av gruppa, og hen har ikkje protestert på dette.

Ønsket om å i så stor grad som mogleg verne om anonymiteten til personane som deltok i granskingane, har også verka inn på vala gjorde for sjølve forskingsprosjektet. I byrjinga ønskte eg å ha minst mogleg fokus på enkeltindivid, men etter som eg utvikla min teoretiske ståstad, vart dette ønsket utfordra. Etnografen er oppteken av sosiale aktørar, og om ein skal forstå språkpolitikk, så må ein inkludere dei språkpolitiske aktørane. Prosjektet utvikla seg dimes til å i større grad sjå personane snarare enn institusjonane som deltakarane i granskingane. Dette skapte nye utfordringar. At det er mogleg å kjenne att nokre av personane dersom ein forsøker, gjorde at eg ikkje kunne legge så mykje vekt på individa som eg kanskje hadde ønskt. I artiklane ønskte eg å ikkje gje for mange opplysingar om personane, og innsamling av bakgrunns historier og liknande var heller ikkje del av datainnsamlinga då ho fann stad. Resultatet vart at alle personane som har delteke i granskingane, er sett som sentrale sosiale aktørar – men artiklane går ikkje i detalj på enkeltindivid og historiene deira.

¹⁰ «Ph.d.-student Jorunn Simonsen Thingnes har følgd arbeidet i gruppa i samband med sitt doktorgradsprosjekt [...] I prosjektet studerer ho konkret Høgskulen på Vestlandet og Samisk Høgskole. Thingnes har delteke på dei tre møta i arbeidsgruppa, og gjort lydopptak av møta. Ho har stått på e-postlista og fått tilsendt alle sakspapir til møta, pluss innspel og kommentarar mellom medlemmene i løpet av prosessen.» (*Innstilling frå ei arbeidsgruppe, 27.11.2017*)

4.6.2 Posisjonalitet

Denne avhandlinga rører ved spørsmålet om den norske språksituasjonen. Slike spørsmål har vore og er verdiladde, og dei er ofte knytte til personleg bakgrunn og politisk ståstad. Dette gjer det viktig å reflektere kring eiga rolle gjennom heile forskingsprosessen. Slembrouck (2005) definerer *refleksivitet* som det å fremje eit medvit kring eigen sosialhistorisk ståstad i høve til forskinga ein held på med.

Eg er nynorskbrukar, og for meg var nynorsk eit nøytralt språk heilt til eg flytta vekk frå kjerneområdet for nynorsken. Då oppdaga eg at det å skrive nynorsk av mange vert oppfatta som markert. Som resultat av opplevingane eg hadde, byrja eg å engasjere meg for nynorsk og for dei språklege rettane til nynorskbrukarane. Eg var mellom anna leiar i Studentmållaget i Oslo og sentralstyremedlem i Norsk Målungdom. Etter kvart utvida engasjementet mitt for nynorsk seg til å gjelde språklege rettar meir generelt og minoriserte språk spesielt. Med utgangspunkt i synet på språkpolitiske aktørar presentert i teorikapittelet er eg sjølv ein slik aktør: gjennom offisielle verv, språkleg praksis og forskarrolla. Nokre av aktørane eg har observert og intervjuet, vil kjenne til engasjementet mitt for nynorsk. Dette kan ha gjeve fleire utslag, avhengig av aktørane sine syn på nynorsk, men det er forsøkt teke omsyn til i val av metode og i analyseprosessen. Aktørar utanfor prosjektet har også forventingar til arbeidet mitt, til kva eg vektlegg og ønskjer å oppnå, og til kva resultat mine vil vise. Til dømes har eg opplevd at mange trur eg skriv ei avhandling om «den store stygge ulven» engelsk, og kor bra dei synest det er at eg gjer det.

Tilknyttinga mi til nynorsken er eit viktig bakteppe for denne avhandlinga, og det er viktig å vere open om ho. Ved HVL kan eg stort sett reknast som ein «insider» ved at eg er frå Vestlandet, og dels også ved at eg nyttar nynorsk. Det er truleg at dette slo ut positivt då eg ønskte tilgang til å observere den språkpolitiske prosessen ved institusjonen. Ved Sámi allaskuvla er eg derimot ein «outsider» språkleg, og også dels kulturelt. Mangelen på tilknytting til det samiske er like viktig for denne avhandlinga som det tilknyttinga til nynorsken er. Eg har ikkje samisk bakgrunn, og eg snakkar ikkje noko samisk språk. Samtalane eg hadde med tilsette og studentar ved Sámi allaskuvla, måtte gå føre seg på norsk eller engelsk. Dette er ei etisk utfordring, men det er i mindre grad ei praktisk utfordring sidan alle samar i Noreg i dag også snakkar norsk. Samstundes er eg sjølv brukar av eit mindre brukt språk, nynorsk, og eg er det ein kan kalle ein språkaktivist. Eg var spent på om nynorsken skulle opne eller stenge dører i den samiske konteksten. Det er eit anna mindre brukt språk i høve til bokmål, men samanlikna med samisk har det ein heilt annan posisjon, og det er dels majoritetsspråket. Under feltarbeidet opplevde eg utelukkande at det var positivt at eg var nynorskbrukar.

Når ein studerer grupper som er minoriserte, er det særleg viktig å vere merksam på etiske utfordringar. Samane har historisk vore offer for ein hard assimileringpolitikk, og det er ingen tvil om at dei og språka deira har lidd (sjå t.d. Minde, 2005). Også forskarar har vore sentrale i den forferdelege behandlinga av samane, gjennom til dømes måling av storleiken på hovudskallar (sjå t.d. Schanche, 2002). Denne historia er det viktig å vere klar over når eg som forskar frå Sør-Noreg og hovudstaden – som på mange måtar er ein representant for det norske storsamfunnet – ønskjer å forske på samiske forhold. Eg valde å snakke med fleire av deltakarane om dette. Det gav meg rom til å reflektere, og det verka relasjonsbyggjande. Samstundes er det viktig å anerkjenne at Noreg i dag har kome langt når det gjeld situasjonane for samane. Eg ønskjer ikkje å skape eit bilde av at samar treng hjelp utanfrå. Dette ønsket vart forsterka då ein av deltakarane i granskinga uttalte at hen er lei av at samane vert framstilte som offer. Ei utfordring i arbeidet med denne avhandlinga har dimed vore å ta fornorskingshistoria på alvor og inkludere ho i forståinga av språklege praksisar ved Sámi allaskuvla, samstundes som eg ikkje vil framstille samane som offer. Eg vil gje dei ei anna stemme, men ved berre å skrive dette posisjonerer eg meg dels over dei, som ein som faktisk kan gje dei ei slik stemme. Det er problematisk, og det syner at det å velje orda sine med omhug er viktig når ein forskar i ein urfolkskontekst (sjå t.d. Smith, 1999) – som det også er i mykje anna sosiolingvistisk forskning.¹¹ Artikkel 1, som omhandlar Sámi allaskuvla, syner korleis fornorskingshistoria verkar inn på språkval tekne av tilsette ved institusjonen i dag. Samstundes tek han føre seg aktørskap og strukturar og syner at tilsette ved institusjonen har viljar, evner og moglegheiter til å jobbe mot avgrensande strukturar. På denne måten håpar eg at eg har klart å oppnå det eg ønskte – utan at det har gått ut over validiteten og reliabiliteten i granskinga. Her kan ein merke seg at deltakarane i granskinga med få unntak er akademikarar. Sidan dette ofte er ei ressurssterk gruppe, er faren for å framstille deltakarane som offer mindre.

Om ein ser på «insider/outsider»-perspektivet, er det også relevant å nemne at eg er akademikar, slik som dei fleste av deltakarane og aktørane eg har observert. Dette gjorde at eg på mange måtar vart posisjonert som ein likesinna, både ved Sámi allaskuvla og ved HVL. Dette var særleg tydeleg dei gongane det var snakk om engelskvenlege strukturar i akademia, som eit sitat brukt i artikkel 1 syner: «du veit i den her akademiske verda kor mykje press vi har med engelsken» (vitskapleg tilsett, Sámi allaskuvla). Her er det også verdt å legge til at eg er juniorforskar, og at eg stort sett intervjuar og observerte personar som er over meg i det

¹¹ Sjå t.d. Cameron, Frazer, Harvey, Rampton og Richardson (1993) for meir overordna drøftingar om forholdet mellom deltakar og forskar og for korleis forskning kan kome både deltakar og forskar til gode.

akademiske hierarkiet. Vidare er det for posisjonalteten min verdt å trekkje fram eit sentrum–periferi-aspekt: mellom by og land, og mellom Noregs største universitet og høgskular i distriktet. Dette aspektet er særleg gjeldande for granskinga ved Sámi allaskuvla, men det er også til stades i granskinga av HVL, om så i noko mindre grad. Eg trur at bakgrunnen min frå Bygde-Noreg bidrog til å vege opp for dei potensielt skarpe motsetnadane mellom sentrum og periferi. I tillegg snakkar eg ei dialekt som ligg langt frå dialekter som er assosierte med Oslo. Dette kan ha verka positivt inn i den samiske konteksten ved at dialekta mi ikkje koplar meg til hovudstaden, som har vore sentrum for tidlegare undertrykkjande og rasistisk maktutøving og forskning.

Over har eg primært drøfta korleis eg kan ha blitt oppfatta av dei som deltok i granskingane. Ein må også spørje seg korleis min eigen posisjon har verka inn på korleis eg ser deltakarane og datamaterialet: Kva ser eg når det er nettopp desse brillene eg har på? Kan eg behandle spørsmåla, særleg om nynorsk, med tilstrekkeleg distanse? Først vil eg slå fast at det er heilt vanleg å forske på det ein interesserer seg for – interesse og engasjement ligg ofte bak eit forskingsprosjekt. Vidare vil eg slå fast at ingen er nøytrale når det gjeld språkspørsmål. Kvar forskaren kjem frå, er dels svaret på kvifor ein utfører forskinga ein utfører. McCarty (2015, s. 90) framhevar korleis forskaren sjølv verkar inn på forskinga:

Any ethnographic account, no matter how rich in description, is by necessity partial and perspectival. Not only can we not attend to every single detail in fieldwork (nor is this desirable), what we choose to focus on and what we edit out are steeped in our disciplinary training, subject position, and the questions we ask.

McCarty framstiller ikkje dette som eit problem, men minner snarare om at ein må vere medviten eiga rolle. Det kan ein mellom anna gjere gjennom å syne refleksivitet gjennom heile prosjektet:

The reflexivity is to be found at all levels, from the reactions of informants to the presence of an ethnographer to the influences of Western intellectual traditions on ethnographers' theoretical orientation. It is also present in all stages of the research, from selection of topic through fieldwork to analysis and writing up. (Davies, 1999, s. 229)

Dette er ei rettesnor i prosjektet mitt. Det har vore nyttig å drøfte etiske dilemma med nære kollegaar. Eg har hatt utbyte av å snakke med andre nynorskbrukarar som på ulike vis har forska på den nynorske språksituasjonen. Vidare har eg også hatt utbyte av å snakke med andre som har forska i urfolkskontekstar. Gjennom eit forskingsopphald i Australia fekk eg innsikt i urfolksforskning meir breitt. Landet har eigne etiske retningslinjer for forskning som vedkjem

urfolk, og sjølv om situasjonen for urfolk i Australia er ein annan enn situasjonen for samar i Noreg, fekk eg større innsikt i etiske vurderingar gjennom å bli kjend med desse retningslinjene.

5 Samandrag av artiklane

Avhandlinga er sett saman av tre artiklar. Den første artikkelen vart publisert i *Current Issues in Language Planning* i september 2019. Artikkel 2 er send inn til *Linguistics and Education*, og artikkel 3 til *Maal og Minne*. Dette kapittelet gjev eit kort samandrag av dei tre artiklane og trekkjer fram funn og bidrag til forskarfellesskapen.

5.1 Artikkel 1: Making linguistic choices at a Sámi University: negotiating visions and demands

I denne artikkelen granskar eg val av publiseringsspråk gjort ved Sámi allaskuvla. Publiseringsspråk er sett som eit vindauge inn til språkval og språkpraksisar og kva som verkar inn på desse. Datamaterialet består av intervju med tilsette og studentar, observasjon og styringsdokument frå institusjonen. Eit sentralt spørsmål i artikkelen er korleis val av publiseringsspråk reflekterer høgskulens samiske visjon og dei ulike fellesskapane han er ein del av. Sentralt for granskinga er kva for nokre diskursar frå dei ulike fellesskapane som er til stades når aktørar ved Sámi allaskuvla gjer språklege val.

Funn og bidrag: Artikkelen viser at vala gjorde av aktørar ved Sámi allaskuvla, er eit resultat av både strukturane som omgjev dei, og av individuell og kollektiv aktørskap. Han viser såleis at enkeltaktørar spelar ei viktig rolle i språkpolitikk, og at desse aktørane er del av ein prosess der språkpolitikk kontinuerleg vert forhandla og rekontekstualisert når språkval vert gjorde. Artikkelen er eit tilskot til den stadig veksande forskinga på språkval i akademia og til publiseringsspraksis meir spesifikt. Han gjev innsikt i ein kontekst der det er meir enn to språk å velje mellom, og han kompliserer det bildet ein har av to ofte konkurrerande diskursar i akademia: internasjonalisering og varetaking av nasjonalspråket. Artikkelen viser at det er mogleg å bruke fleire språk om kvarandre, og at nasjonalspråk kan vere vel så trugande for mindre brukte språk som det engelsk kan vere.

5.2 Artikkel 2: Language policy formation in higher education: discursive tension and legitimacy-seeking deliberation

I artikkelen granskar eg utarbeidinga av språkpolitiske retningslinjer ved Høgskulen på Vestlandet (HVL). Meir spesifikt vert forhandlingar om bruk av engelsk ved institusjonen studert ved hjelp av teoriar om legitimitet og språkpolitisk prosess. Datamaterialet består av observasjon av arbeidet i gruppa som utarbeidde retningslinjene, høyringssvar frå høyringsrunden ved institusjonen og dei endelege retningslinjene. Analysen avdekkjer kva for diskursar som er til stades i denne språkpolitiske prosessen. Han syner også korleis aktørane

arbeider for å legitimere egne ståstar og sikre at dei endelege retningslinjene vert oppfatta som legitime av tilsette ved høgskulen.

Funn og bidrag: Artikkelen demonstrerer at nasjonale styringsdokument verka inn på utarbeidinga av lokal politikk ved HVL, og at konflikten mellom språkpolitikk og forskingspolitikk som finst nasjonalt, vart spegla lokalt. Vidare syner artikkelen at enkeltaktørar spelte ei viktig rolle i den språkpolitiske prosessen, mellom anna ved at han synleggjer korleis aktørane henta ulike styringsdokument og diskursar inn i prosessen. Metodisk demonstrerer artikkelen at språkpolitisk etnografi er eit godt rammeverk i granskinga av språkpolitiske prosessar. Rammeverket synleggjer at språkpolitikk er diskursivt konstruert, og at det er diskursar som skapar legitimitet for vala som vert gjorde. Blikket frå innsida av prosessen er sjeldan og gjev eit detaljert og unikt datamateriale. Den teoretiske innramminga i spørsmål om legitimitet er også eit nytt bidrag, som gjev interessante og nye innsikter i forståinga av språkpolitiske prosessar.

5.3 Artikkel 3: Å velje eit minorisert språk: mellom språkpolitiske ideal og språkleg realitet

Denne artikkelen tek utgangspunkt i HVLs vedtak om å ha nynorsk som hovudspråk. Han granskar kvifor dei språkpolitiske aktørane ved institusjonen argumenterer for nynorsk også etter at språkvalet er gjort, og korleis dei argumenterer for valet. Vidare tek han føre seg spenningsfeltet som oppstår mellom språkpolitiske ideal og språkleg realitet når nynorskvedtaket skal konkretiserast. Datamaterialet er det same som i artikkel 2, men denne artikkelen inkluderer også intervju med prorektorane ved HVL.

Funn og bidrag: Artikkelen demonstrerer at aktørane ved HVL hadde behov for å legitimere valet av nynorsk. Vidare viser han at dei gjorde det gjennom å syne at språket er autentisk for Vestlandet. Ved hjelp av teori om språkleg autoritet og omgrepet *minorisert* viser artikkelen at nynorsk er del av ein minoritetsspråksdiskurs der språkval stadig må forklarast og forsvarast. Såleis kastar artikkelen lys over statusen til nynorsk og diskursane kring språket. Personane som utarbeidde retningslinjene, måtte balansere mellom ein visjon for nynorsk ved HVL og ei røynd der nynorsk ikkje står like sterkt som institusjonens overordna språkpolitikk skulle tilseie. Artikkelen gjev eit sjeldan innblikk i korleis språkpolitikk vert utarbeidd, og korleis språkval vert argumenterte for og forsvarte.

6 Diskusjon og konklusjon

Denne avhandlinga granskar språkpolitikken ved Høgskulen på Vestlandet og Sámi allaskuvla, med utgangspunkt i at institusjonane har minoriserte språk som hovudspråk. Det overordna målet for avhandlinga er å granske

- korleis strukturar i akademia, diskursar og ideologiar (især autentisitet og anonymitet) verkar inn på val av minoriserte språk og språkpolitiske reguleringar,
- kor mykje rom det er for aktørskap når språkval skal gjerast, og
- korleis språkval og språkpolitiske prosessar vert legitimerte.

Dei tre artiklane som inngår i denne avhandlinga stiller følgjande forskingsspørsmål:

Artikkel 1: Korleis reflekterer val av publiseringsspråk Sámi allaskuvlas visjon og fellesskapane institusjonen er ein del av?

Artikkel 2: Kva for diskursar møtest i utarbeidinga av språkpolitiske retningslinjer ved Høgskulen på Vestlandet? Korleis arbeider aktørane for å oppnå legitimitet for ståstadane sine og for den språkpolitiske prosessen som heilskap?

Artikkel 3: Kvifor argumenterer dei språkpolitiske aktørane for nynorsk også etter at språkvalet er gjort? Korleis argumenterer dei for nynorsk? Korleis bidreg HVL til å oppretthalde og/eller endre eit etablert bilde av nynorsk?

Spørsmåla har ulikt detaljnivå og veg ulikt når funna frå avhandlinga som heilskap skal summerast opp og diskuterast. Til saman rommar spørsmåla dei sentrale temaa for avhandlinga: aktørskap og struktur, ideal og realitet, prosess, legitimitet og minoriserte språk. Dette avsluttande kapittelet tek føre seg dei ulike temaa. Det har også som mål å syne kvifor det å studere to ulike UH-institusjonar som nyttar ulike språk, gjev djupare innsikt i desse temaa. Mot slutten av kapittelet vert avhandlingas bidrag presentert, etterfølgt av avhandlingas avgrensingar og framlegg til vidare forskning.

6.1 Mellom språkpolitikk og forskingspolitikk

Artikkel 2 spør kva for nokre diskursar som møtest i utarbeidinga av språkpolitiske retningslinjer ved HVL. Analysen syner at gruppa som utarbeidde retningslinjene, er oppteken av å vareta norsk, medan høyringsinstansane etterlyser engelsk grunna internasjonalisering. Med andre ord kan ein seie at dei to gruppene brukar ulike diskursar. Desse diskursane (vareta norsk og verdien av internasjonalisering) finn ein også i politiske dokument nasjonalt, i

stortingsmeldingar om høvesvis forskning og språk. Røyneland mfl. (2018) peikar på at universitet og høgskular står overfor krav som ikkje overlappar, og dette kjem tydeleg til uttrykk i materialet frå HVL. Ein kan seie at konflikten mellom diskursane nasjonalt er rekontekstualisert lokalt. Koplinga mellom det nasjonale og det lokale er ekstra tydeleg i datamaterialet frå HVL fordi dei to gruppene med aktørar (gruppa som utarbeidde retningslinjene, og høyringsinstansane) refererer til politiske dokument frå høvesvis språkfeltet og forskingsfeltet når dei grunngeiv ønska sine. Det er viktig å merke seg at det også er andre diskursar til stades i den språkpolitiske prosessen ved HVL, og at aktørane i ulik grad posisjonerer seg ulikt innanfor dei enkelte diskursane.

Funna i artikkel 1 nyanserer bildet ein har av dei to diskursane varetta norsk og verdien av internasjonalisering i akademia. Internasjonaliseringsdiskursen er til stades ved Sámi allaskuvla gjennom at presset om å nytte engelsk kjem ovanfrå via nasjonale krav og retningslinjer. Samstundes er diskursen rekontekstualisert og modifisert ved institusjonen til å gjelde internasjonalt urfolkssamarbeid. Av datamaterialet går det fram at internasjonalisering ved Sámi allaskuvla betyr urfolkssamarbeid og urfolknettverk snarare enn meir marknadsstyrte delar av internasjonaliseringa av akademia som til dømes finansiering gjennom internasjonale studentar. Såleis har aktørane ved Sámi allaskuvla dels gjort ein struktur som er avgrensande for bruk av urfolksspråk, om til ein struktur som støttar opp om samarbeid mellom urfolk. Samarbeidet føregår i stor grad på engelsk, men som det går fram av artikkel 1, har urfolksspråk ein verdi innanfor denne internasjonale fellesskapen. Det å granske ein institusjon der språket som er brukt parallelt med engelsk, ikkje er eit nasjonal- eller majoritetsspråk, gjev eit meir nyansert bilde av diskursane. Konflikten mellom diskursane vert ikkje direkte spegla ved Sámi allaskuvla, slik som ved HVL. Internasjonaliserings-diskursen vert dels rekontekstualisert til å støtte opp under det samiske, og det er samisk som skal varetakast, ikkje norsk. Her verkar historia inn på kva diskursar som er til stades lokalt. Samstundes vert det tydeleg at det samiske også kan styrkast gjennom bruk av engelsk ved at Sámi allaskuvla styrker seg gjennom ein internasjonal urfolksfellesskap. Engelsk vert nytta som kommunikasjonsmiddel i denne fellesskapen, men dei rådande diskursane i fellesskapen gjev verdi til dei samiske språka. Også andre norske institusjonar kan styrke seg gjennom internasjonalt samarbeid, men dette er særleg viktig ved Sámi allaskuvla fordi institusjonen er liten i nasjonal samanheng, men stor og viktig i den internasjonale akademiske urfolksfellesskapen. Diskursane avdekte ved HVL er også avdekte i andre granskingar (sjå 2.2), og granskinga frå HV støttar såleis opp om allereie kjend kunnskap. Granskinga frå Sámi allaskuvla tilfører ny kunnskap om diskursane. Samstundes ligg det bakt inn i diskursen om å

vareta norsk ved HVL at institusjonen primært skal ta ansvar for å vareta nynorsk. Dette vert tydeleg om ein ser artikkel 2 og 3 i samanheng. Til slutt bør ein merke seg at granskinga ved Sámi allaskuvla ikkje er av ein offisiell og eksplisitt språkpolitisk prosess, og at det er mogleg at andre diskursar ville ha kome til syne dersom det var ein slik prosess som vart granska.

6.2 Legitimitet

Granskinga av språkpolitikk ved HVL hadde som utgangspunkt ei interesse for språkpolitiske prosessar, og det vart tidleg klart at legitimitet var ein nøkkelterm. Artikkel 2 spør korleis aktørane ved HVL arbeider for å oppnå legitimitet for ståstadane sine og for den språkpolitiske prosessen som heilskap. Legitimitet viste seg også å vere eit nøkkelord i analysen i artikkel 3. Utgangspunktet for denne analysen var ei nysgjerrigheit kring kvifor dei språkpolitiske aktørane ved HVL argumenterte for nynorsk også etter at språkvalet var gjort. Avhandlinga granskar legitimitet for to sosiale praksisar, som skil seg frå kvarandre, men som også har mykje til felles: legitimering av val av eit konkret språk og legitimering av ein språkpolitisk prosess.

6.2.1 Kva lærer legitimitetsomgrepet oss om språkpolitikk?

Vektlegginga av legitimitet i denne avhandlinga har gjeve ei meir djuptgåande forståing av og innsikt i språkpolitikk generelt og språkpolitikk som prosess spesielt. Forståinga og innsiktene kan summerast opp i tre punkt. For det første har vektlegginga tydeleggjort at språkpolitikk er eit tverrfagleg felt. Avhandlinga har nytta teoriar frå andre fagområde og vist at desse lèt seg bruke på språkpolitiske data, og at dei bidreg med kunnskap om aktørars (språkpolitiske) handlingar og praksisar. Språkpolitikk må alltid granskast innanfor ein gjeven kontekst, og i denne avhandlinga er konteksten UH-sektoren, og nærare bestemt to norske høgskular. Dette er organisasjonar, og det som føregår innan dei, kan analyserast i lys av det. Vidare er språkpolitikk politikk og kan analyserast i lys av det. Difor er organisasjonsteori (Vaara, Tienari og Laurila, 2006) og politisk teori (Dryzek, 2010) særleg aktuelt.

For det andre har vektlegginga av legitimitet synleggjort korleis dei ulike stega i den språkpolitiske prosessen (oppretting, tolking og appropriering, jf. Johnson, 2009; 2013) er knytte saman. Det er primært det første steget, oppretting/utarbeiding, som er granska i artikkel 2 og 3. Samstundes vert det i artikkel 2 hevda at dersom dette steget vert oppfatta som legitimt, kan det vere lettare å oppnå legitimitet for det endelege språkpolitiske produktet. Om språkpolitikken er tillagd legitimitet, vil det vidare vere meir truleg at han vert tolka og appropriert utan for store endringar. Dette vil særleg gjelde dersom aktørane i prosessen har oppnådd legitimitet gjennom å involvere og anerkjenne alle konkurrerande diskursar. Ei gransking av legitimitet synleggjer såleis korleis dei ulike stega av den språkpolitiske prosessen

er knytte saman – og kor viktig prosessen er for resultatet. Dette fører oss over til spørsmålet om kor viktig autoritet er i språkpolitikk. Spørsmålet er knytt til kven som er aktørar, og om språkpolitikk er ein *top-down*- eller *bottom-up*-prosess. Gransking av legitimitet i språkpolitikk gjev innsikt i desse spørsmåla. Om eit språkpolitisk produkt i Noreg skal bli tillagt legitimitet, er det viktig at prosessen med å utarbeide produktet er oppfatta som legitimt (sjå t.d. Røyneland, 2016). Dette må forståast i lys av at den demokratiske diskursen står sterkt i Noreg. Linn (2010b) hevdar at ein i Noreg har tatt lærdom av eiga språkpolitiske historie, der prosessar og reformer pressa gjennom ovanfrå mislukkast. Han drøftar kva for nokre stemmer («voices») som uttalar seg og lyttar i norsk språkpolitikk, og hevdar at erfaringa frå Noreg tilseier at det er naudsynt å ta omsyn til stemma «nedanfrå» om ein skal lukkast med språkpolitikk (ibid., s. 126). Linn viser også til at det er aktørane nedanfrå som skal setje politikken om til praksis. Basert på mellom andre Røyneland (2016) og Linn (2010b) kan ein altså hevde at det ikkje er tilstrekkeleg at ei gruppe aktørar som har fått i oppdrag å utarbeide eit språkpolitisk produkt, gjer dette ovanfrå. Når ein involvere andre aktørar, involverer ein også ofte andre diskursar, og det er diskursar som skapar legitimitet for sosiale praksisar (jf. van Leeuwen, 2007). Ved HVL vert andre diskursar involverte gjennom høyringsrunden. Også samansetjinga av gruppa som skal lage språkpolitikken, er viktig. Det er ikkje tilstrekkeleg at denne er sett saman av ekspertar (sjå Røyneland, 2016). Det vil likevel ikkje seie at ekspertar ikkje spelar ei rolle i språkpolitikk. Ved HVL er ekspertautoritet ein av typane autoritet gruppa viser til for å legitimere vala ho gjer. Dette tyder på at ekspertautoriteten framleis er viktig, men berre i kombinasjon med vidare deltaking og diskursiv deliberasjon. Granskinga ved HVL syner også at andre typar autoritet spelar ei like viktig rolle som ekspertautoriteten: upersonleg autoritet gjennom vektlegging av lover og retningslinjer, og tradisjonsautoritet gjennom å vise til tradisjon. I tillegg kan ein legitimere eit val gjennom å vise til rasjonalitet og normalisering (jf. Vaara mfl., 2006; van Leeuwen, 2007). Det som vert synleg her, er at desse ulike typane legitimitetskategoriar og legitimeringsstrategiar representerer noko som kjem ovanfrå (ekspertutsegner og lover og forskrifter), men at det også like godt kan kome «nedanfrå» («slik har vi alltid gjort det hjå oss»).

Avhandlinga nyttar dels ulike teoriar for å granske legitimitet i språkpolitisk prosess og for eit språkleg val. Samstundes er eit val ofte resultat av ein prosess, i alle fall når det gjeld språkval for ein institusjon. Vidare kan eit språkval bli utfordra slik at valet – i alle fall hjå den enkelte – må gjerast om att og om att. Det personlege valet skil seg samstundes frå språkvalet til ein institusjon i at det ikkje er avhengig – i alle fall ikkje heilt – av legitimitet frå andre for å

kunne setjast ut i livet. Det vil seie at legitimering gjennom diskursiv deliberasjon er særleg viktig i offisielle og eksplisitte prosessar ved institusjonar og liknande.

6.2.2 Kva lærer legitimitetsomgrepet oss om å velje minoriserte språk?

Å sjå datamaterialet i lys av legitimitetsteori har også gjeve større forståing av val av minoriserte språk i akademia. Legitimitetsomgrepet tydeleggjer korleis brukarar av minoriserte språk stadig må forsvare og legitimere valet og bruken av desse språka. Dette er særleg tydeleg i artikkel 3, der aktørane argumenterer for valet av nynorsk utan at dei er bedne om å gjere det. Artikkelen syner at nynorsk er del av ein minoritetspråksdiskurs der språkval må forsvarast. Han syner også korleis aktørane argumenterer for valet av nynorsk og såleis søker å legitimere det. Tradisjon og autentisitet er viktig i denne legitimeringsprosessen. Artikkel 2 demonstrerer også at valet av norsk, i møte med engelsk, må forsvarast og legitimerast. Engelsk har ein stadig sterkare posisjon i UH-sektoren, og i nokre tilfelle kan norsk (bokmål og nynorsk) vere eit markert val. I artikkel 1 er ikkje legitimitetsomgrepet nytta i analysen av datamaterialet, men også denne artikkelen handlar indirekte om legitimering av eit språkval. Organisasjonen World Indigenous Higher Education Consortium (WINHEC) akkrediterer Sámi allaskuvla som urfolksinstitusjon. Dette kan bidra med legitimitet til forskingsmiljøa ved høgskulen og til samisk som forskingsspråk. Samstundes bidreg medlemskapen i WINHEC og samarbeidet han fostrar, til at høgskulen kan svare på krav om internasjonalisering frå nasjonalt hald.

Samisk er i ein meir minorisert posisjon enn nynorsk er, men samstundes kan ein tenkje seg at valet av nynorsk ved HVL krev ei anna – og ekstra – legitimering enn bruken av samisk ved Sámi allaskuvla gjer. Årsaka ligg i kva oppdrag dei to institusjonane har. Sámi allaskuvla er ein særeigen institusjon i det norske UH-landskapet, med eit særleg språkleg ansvar for samisk. HVL er derimot ein høgskule på linje med andre norske høgskular. Ein kan såleis seie at sjølv om strukturar, til dømes i internasjonalt akademia, i lita grad støttar opp om bruk av minoriserte språk, er der nasjonale strukturar som støttar opp om Sámi allaskuvla. Høgskulen må i mindre grad legitimere språkvalet fordi det ligg i kjernen av verksemda og oppdraget til høgskulen. HVL er i ein annan situasjon, både innerter for eigne tilsette og utetter. Ved Sámi allaskuvla er dei tilsette medvitne om at det samiske er i kjernen av verksemda, medan tilsette ved HVL ikkje nødvendigvis har noko forhold til nynorsk. Her er det viktig å merke seg at strukturar i samfunnet alltid er i endring, og at bruken av samisk ved Sámi allaskuvla ikkje kan takast for gjeven. Sjølv med støttande strukturar er bruk av samiske språk alltid utfordra av sterkare språk som norsk og engelsk (jf. artikkel 1).

6.3 Aktørar og aktørskap

6.3.1 Aktørar

Avhandlinga ser alle som på ulike måtar deltek i granskingane, som språkpolitiske aktørar. Dette er med utgangspunkt i den vide definisjonen av språkpolitikk som ligg til grunn for avhandlinga, og ei interesse for å sjå kva og kven som verkar inn på språkpolitikk, både når politikken er tekst, når han vert sett ut i praksis, og når han vert rekontekstualisert, forhandla og attskapt.

Gruppa som utarbeidde språkpolitiske retningslinjer for HVL, vert i artikkel 2 omtalt som *arbiters* etter Johnson og Johnson (2015). Dette omgrepet, som eg omset til *normsetjarar*, synleggjer at nokre aktørar har større innverknad på språkpolitikk enn det andre har. Å tydeleggjere dette var viktig i artikkelen fordi han tek opp spørsmål om legitimitet i språkpolitiske prosessar. Johnson og Johnson (2015) skisserer opp den språkpolitiske prosessen som ei trakt der ulike normsetjarar er filter som språkpolitikken må gjennom, både når prosessen går over fleire nivå (t.d. det nasjonale og lokale), og når han primært føregår på eitt nivå (t.d. det lokale). Som artikkelen syner, er det gruppemedlemene som er normsetjarane i den språkpolitiske prosessen ved HVL. At det er gruppa som er sett ned for å utarbeide språkpolitikk, som har mest makt til å påverke politikken, er ikkje overraskande. Det støttar opp om synet mitt på at det til ei viss grad er føreseieleg kven som er normsetjarar (jf. drøfting i 3.2.1). Dei aktørane som ikkje er normsetjarar, vert av Johnson og Johnson (2015) kalla «implementers». Ingen av aktørane som er del av granskingane i denne avhandlinga, implementerer politikk utan å tolke og appropriere han. Eg foreslår difor å skilje mellom «normsetjarar» («arbiters») og «aktørar» heller enn mellom «normsetjarar» og «implementers». Johnson og Johnson (2015, s. 223) legg sjølve vekt på at språkpolitikk vert appropriert og ikkje implementert, nettopp grunna individuell aktørskap. At nokre aktørar har meir innverknad på språkpolitikk enn andre har, vert tydeleg når ein nyttar «normsetjarar» om desse. Ved å nytte «aktør» heller enn «implementers» om dei resterande, vert også desse framstilte med aktørskap.¹² Avhandlinga nyttar vidare «appropriere» framom «implementere», men i artikkel 2 vert også «implementere» brukt. Det er gjort når synsvinkelen er hjå gruppa som utarbeidde

¹² Badwan (2019) drøftar også termen «arbiter». Ho nyttar heller «language policy influencers» og oppgjev tre grunnar for dette: 1) I konteksten ho granskar, er det ikkje nokon offisiell politikk å appropriere, 2) termen «arbiter» verkar å referere til individ som har reell autoritet til å utarbeide språkpolitikk, medan det i hennar gransking er ei breidde av aktørar som kan verke inn på politikk og praksis, men utan å ha denne reelle autoriteten, og 3) konteksten ho granskar, er ikkje like hierarkisk og strukturert som prosessen skildra av Johnson og Johnson (2015). Badwan hevdar at fordi eksterne krefter også har makt, er ikkje makt berre fordelt på «arbiters» og «implementers».

dei språkpolitiske retningslinjene – hjå normsetjarane – heller enn hjå meg som forskar. Gruppa tok i utarbeidinga omsyn til andre aktørar, mellom anna i søken etter legitimitet, men det er likevel rett å seie at ho *ønskte* at retningslinjene skulle implementerast.

I 3.2 vart det vist til at aktørar i tidlegare LPP var sett som «[...] people with power and authority who make language related decisions for groups, often with little or no consultation with the ultimate language learners and users» (Kaplan og Baldauf, 1997, s. 196, refererer til Kaplan, 1989). Gruppa som utarbeidde dei språkpolitiske retningslinjene ved HVL, hadde makt og autoritet til å gjere språkrelaterte val for tilsette ved institusjonen. Språkpolitikken vart utforma ovanfrå, men samstundes konsulterte gruppa språkbrukarane. Såleis var også aktørar «nedanfrå» inkluderte. Samstundes kan ein stille spørsmål ved dette, sidan høyringsinstansane var personar i leiarposisjonar – og det var opp til desse å lytte til grasrota. Vidare var det opp til gruppa som utarbeidde retningslinjene, å avgjere i kva grad dei skulle lytte til innspela som kom nedanfrå.

LPP-feltet inkluderer i dag aktørar både ovanfrå og nedanfrå, men i denne avhandlinga ser det ikkje til å stikke under stol at aktørane som er granska, stort sett er i maktposisjonar og opererer ovanfrå og ned. Samstundes er alle aktørane del av eit større hierarki. Mange har skissert opp og/eller drøfta modellar som skisserer LPP-prosessar over ulike nivå/lag (t.d. Kaplan og Baldauf, 1997; Hornberger og Johnson, 2007; Hult, 2010; Johnson, 2013; Johnson og Johnson, 2015). Denne avhandlinga granskar lokale språkpolitiske prosessar, snarare enn å sjå på forholdet mellom ulike nivå (t.d. mikro-makro/stat-institusjon-individ), men hierarkiet kjem likevel til uttrykk, særleg i artikkel 1. Til dømes er rektor ved Sámi allaskuvla i ein maktposisjon ved eigen institusjon, samstundes som hen er underlagt statlege føringar og må forhalde seg til politikk frå det nasjonale nivået. Dette gjeld også aktørane i leiande posisjonar ved HVL. Vidare er gruppa som utarbeidde dei språkpolitiske retningslinjene, hierarkisk plassert under rektor, styret og staten. Framstillingar av hierarki er ofte einsidige og stilistiske, og dei har ein tendens til å skjule (lokal) aktørskap. Denne avhandlinga har ikkje søkt å skisserer opp eit språkpolitisk hierarki i norsk akademia, men det er viktig å slå fast at maktforhold finst – utan at det betyr at aktørar er utan aktørskap.

6.3.2 Aktørar som berarar av diskursar

I artikkel 1 vert det ikkje skilt mellom ulike typar aktørar. Årsaka til dette er at artikkelen legg vekt på vala enkeltaktørar tek, heller enn å sjå ulike aktørar i forhold til kvarandre. Artikkelen gjev innsikt i aktøren som individ, og saman med empiri frå artikkel 2 og 3 kan ein seie noko om kven den språkpolitiske aktøren er, og kva som gjer at han handlar slik han gjer. Aktørane er posisjonerte historisk og stadleg, og dei ber med ser erfaringar, ideologiar, diskursar og

verdiar. Artikkel 1 og 3 viser korleis historie og stad på ulike måtar verkar inn på vala som aktørane gjer. Historia har ulike utslag for dei ulike språka og institusjonane. Ved HVL vert nynorsk vald dels fordi valet samsvarer med val som er tekne tidlegare, medan samisk ved Sámi allaskuvla snarare vert vald for å motverke resultatet av ei historie som har svekt dei samiske språka. Aktørar ved begge institusjonane har i ulik grad opplevd å måtte forsvare språkvalet sitt, og desse og andre opplevingar verkar inn på handlingane og praksisane deira. Aktørane gjer val frå ein stad, og denne staden formar korleis dei ser og forstår verda. Ved begge institusjonane vert det eksplisitt uttrykt at staden er knytt til sosiokulturelle verdiar, og også at staden kan formidle tradisjon, og at språket er ein viktig del av denne tradisjonen (sjå også 6.5).

I datamaterialet frå HVL er det tydeleg at aktørar innan institusjonen ber med seg ulike diskursar. Desse møtest i høyringsrunden. Artikkel 2 demonstrerer korleis diskursar kring varetaking av norsk møter diskursar kring internasjonalisering og dimed meir engelskbruk. Ulike aktørar vektlegg ulike sider av spørsmåla dei står overfor, og dette må sjåast i samanheng med verdiane og dei ideologiske posisjonane til aktørane. Ved Sámi allaskuvla vert derimot konflikhtar mellom diskursar først synlege når aktørane omtalar strukturane som omgjev dei. Denne skilnaden ligg nok dels i at datamaterialet frå dei to institusjonane er ulikt. Materialet frå Sámi allaskuvla opnar i mykje mindre grad opp for møte mellom lokale aktørar. Samstundes meiner eg at skiljet også kan forklarast ved at HVL er ein mindre einskapleg institusjon enn det Sámi allaskuvla er – noko eg snart vender tilbake til.

I artikkel 3 er det tydeleg at diskursar er knytte til identitet, og artikkelen demonstrerer korleis det ved HVL vart forhandla om ein felles vestlandsk identitet, og om i kva grad nynorsk er sentralt for denne identiteten. Konflikthane som vert synleggjorde i artikkel 3, er ulike dei syneleggjorde i artikkel 2, men dei har også mykje til felles. Det vert tydeleg når ein tek inn at diskursar er vovne saman med verdiar og ideologiske posisjonar, og at dei er sentrale for produksjon og varetaking av identitet (jf. Scollon og Scollon, 2004; Gee, 2014). Hjø gruppa som utarbeidde dei språkpolitiske retningslinjene, er det diskursen kring å vareta norsk som veg tyngst. Vidare ber fleire av gruppemedlemene med seg erfaringar som nynorskbrukarar, dei knyter språket til staden dei kjem frå, og dei veit at dei ikkje kan ta språket for gjeve. Fleire av aktørane som argumenterer for bruk av norsk, argumenterer også for nynorsk. Dette kan sjåast i samanheng sidan nynorskbrukarar i større grad enn bokmålsbrukarar opplever språket sitt som truga. Dette er ein kontrast til dei av høyringsinstansane som ønsker meir internasjonalisering, og som ikkje kjenner seg heime i skildringa av at nynorsk er fellesspråket på Vestlandet. Den sistnemnde gruppa kjenner seg ikkje att i diskursen som vert presentert i utkastet til retningslinjene – ulike aktørar ser verda på ulikt vis. Samstundes er det ikkje fullt overlapp

mellom korleis aktørane stiller seg til spørsmålet om engelsk og til spørsmålet om nynorsk som fellesspråk. Det er også skilnadar innetter i gruppa og mellom høyringsinstansane. HVL er ein institusjon som er spreidd over eit stort geografisk område, og som har mange tilsette som arbeider innanfor ulike fagfelt. Det vil seie at mange ulike diskursar er til stades, og desse vil verke inn på korleis ein språkpolitikk vert tolka og appropriert (jf. Johnson, 2013, s. 139). Tilsette ved Sámi allaskuvla verkar å sjå og forstå verda på same måte i større grad enn det tilsette ved HVL gjer. Språkpolitikk kan ifølgje Bouchard og Glasgow (2018, s. 27) vere ein ressurs for identitetsarbeid og eit symbol for sosial relasjon, og ved Sámi allaskuvla er det det. Ved HVL er det mindre eintydig korleis språkpolitikken kan vere eit symbol for sosial relasjon – og språkpolitikken som identitetsarbeid står overfor fleire utfordringar.

6.3.3 Språkpolitikk, aktørskap og struktur

Bouchard og Glasgow (2018, s. 45) hevdar at mykje av LPP-litteraturen definerer aktørskap ut frå evna personar har til å stå imot språkpolitikk. Johnson (2013, s. 54) viser til at mykje forskning har granska korleis politikkar som gjeld utdanningsinstitusjonar, marginaliserer minoritetsspråk (med Tollefson (2002) som døme), men også at andre granskingar har teke føre seg lokal aktørskap i språkpolitiske prosessar (med García og Menken (2010) som døme). Samstundes slår Bouchard og Glasgow (2018) fast at ikkje alle språkpolitikkar er undertrykkjande. Dette er eit viktig poeng i denne avhandlinga, og det er eit poeng som har blitt løfta fram undervegs i arbeidet. Det verkar som mange på LPP-feltet tek det som gjeve at alle granskingar av språkpolitikk har som utgangspunkt at politikken ein granskar, er negativ for språkbrukarane han gjeld for. Dette kan dels vere fordi mange forskarar er kritisk orienterte,¹³ men også fordi mange språkpolitikkar diverre opprettheld maktubalansar og ikkje opnar opp for bruk av minoriserte språk. Språkpolitikk kan vere avgrensande, men han kan også mogleggjere bruk av minoriserte språk, slik mellom andre Hornberger (2002) viser. Artikkel 1 demonstrerer at norsk språkpolitikk, kombinert med utdanningspolitikk, har opna opp for bruk av samisk i høgare utdanning dei siste tiåra. Bruk av nynorsk i høgare utdanning er også støtta av den nasjonale språkpolitikken. Dette betyr ikkje at språka har tilstrekkeleg med støtte, men utgangspunktet for avhandlinga er altså ikkje ein språkpolitikk som hindrar bruk og brukarar av mindre brukte språk. Sidan det er uvanleg å granske språkpolitikk som i det store og heile støttar minoriserte språk, tilfører denne avhandlinga ny empiri som kastar lys over spørsmål om språkpolitikk generelt og også over språkpolitikk og aktørskap meir spesifikt.

¹³ Tollefson (2013, s. 27) hevdar at språkpolitikk innanfor kritiske retningar er sett som «[...] mechanisms for creating and sustaining systems of inequality that benefit wealthy and powerful individuals, groups, institutions, and nation-states».

Som synt i teorikapittelet hevdar Liddicoat (2018) at språkpolitikk ofte er sett på som struktur som avgrensar aktørskapen til lokale aktørar. Spørsmålet vert då korleis ein kan granske språkpolitikk og aktørskap når den aktuelle språkpolitikken ikkje hindrar aktørane. Ahearn (2001, s. 115–116) hevdar at opposisjonsaktørskap («*oppositional agency*») berre er éi av mange former for aktørskap, og at det difor er villeiande å sjå aktørskap som eit synonym for motstand. Basert på dette synet kan ein hevde at aktørane ved HVL og Sámi allaskuvla kan utøve aktørskap – også innanfor ein kontekst der ønska deira er støtta av nasjonal språkpolitikk. Om det er samsvar mellom måla ein aktør har, og politikk, kan ein sjå politikken som ein støttande struktur. Men kan ein også sjå politikken som aktørskap? Dette spørsmålet kan ein svare på ved å sjå på materialet frå Sámi allaskuvla. Institusjonen har ikkje noko språkpolitisk dokument, men institusjonen har likevel ein tydeleg, lokalt utarbeidd språkpolitikk, som mellom anna er uttrykt i visjonen og strategidokumentet. Institusjonen og dei tilsette verkar å ha det same målet, noko som skapar nye spørsmål kring aktørskap. Er handlingar og praksisar ved Sámi allaskuvla motiverte av enkeltindivids ønske og/eller av institusjonens politikk? Kollektiv aktørskap er eit stikkord her. Bouchard og Glasgow viser til arbeidet til Archer arbeid (t.d. 2003; 2004) når dei hevdar at «[...] human agents regularly mediate cultural and structural constraints and enablements in social contexts, with regards to and often in collaboration with other agents [...]» (Bouchard og Glasgow, 2018, s. 55). Individ opptre og har aktørskap som individ, men i mange tilfelle handlar individ også som kollektiv. Bouchard og Glasgow (20018) peikar på at eit skilje mellom individuell og kollektiv aktørskap er at sistnemnde må ha artikulerte mål. Desse måla må «[...] result from collective identification of collective needs, group deliberations, negotiations of power relationships and the articulation of strategies satisfactory to a majority» (ibid., s. 59). Visjonen for Sámi allaskuvla er døme på eit slikt mål. Sámi allaskuvla kan sjåast som eit kollektiv som opptre med eit felles mål, omringa av strukturar som hindrar og mogleggjer aktørskap. HVL har også uttrykte mål, som ein mellom anna finn i fusjonsavtalen. Det nynorske språket har ein sentral plass i dokumenta som skisserer opp institusjonens mål, men det er ikkje inkludert i dei konkrete formuleringane av visjon og verdiar (sjå *Strategi 2019–2023*; HVL, 2019b¹⁴). Ved Sámi allaskuvla verkar det å vere tydelegare kollektiv aktørskap for bruk av det minoriserte språket. Dette må forståast i lys av historia til språket og politikken ført overfor språket og brukarane av det. Aktørskap avheng av at aktørar har mål dei ønskjer å oppnå, og midlane dei treng for å nå dei, og av strukturelle og kulturelle krefter (Bouchard og Glasgow, 2018, s. 72–73). Aktørane som inngår i granskingane

¹⁴ Dette dokumentet inngår ikkje i datamaterialet for artikkel 2 og 3, fordi det ikkje låg føre då datamaterialet vart samla inn.

i denne avhandlinga, må forhalde seg til språkpolitikk frå fleire ulike nivå, og dei utarbeider også språkpolitikk sjøve. Språkpolitikane dei må forhalde seg til, er dels avgrensande, og dels opnar dei opp for moglegheiter og støttar opp om aktørane sine mål. Handlingane og praksisane til aktørane er vidare dels med på å oppdretthalde strukturar, og dels bidreg dei til å bryte ned og endre slike strukturar.

Samstundes syneleggjer avhandlinga at det ikkje er tilstrekkeleg å ta omsyn til språkpolitikk når ein granskar (språkleg) aktørskap i UH-sektoren. Som artikkel 1 syner, er aktørskapet til enkeltaktørar ved Sámi allaskuvla støtta av nasjonal språkpolitikk og lokale politikkar og strukturar. Samstundes er det mange andre strukturar som motverkar bruk av samisk, og dimed avgrensar aktørskapet til dei sosiale aktørane ved Sámi allaskuvla. Deltakarane refererer mellom anna til Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) og Noregs forskingsråd (NFR). Dette er aktørar – og strukturar – som ikkje i utgangspunktet er språkpolitiske, men som artikkelen demonstrerer at har innverknad på språkval tekne av aktørane ved Sámi allaskuvla. Som vi har sett, er det ikkje samsvar mellom føringane i nasjonal forskingspolitikk og nasjonal språkpolitikk, og institusjonen må forhalde seg til begge. Vidare er det mange diskursar frå den internasjonale akademiske fellesskapen som motverkar bruk av samisk – og av norsk. Språkleg aktørskap er viktig i møte med desse strukturane, slik artikkel 1 syner. Avhandlinga demonstrerer dimed at ein i granskingar av språkpolitikk må vektlegge både aktørskap og mange ulike strukturar.

6.4 Språkpolitikk som prosess

Dette kapittelet har alt rørt ved språkpolitikk som prosess, mellom anna gjennom å sjå på rolla til aktørar og på legitimitet. Aktørskap gjer språkpolitikk til prosess, også når prosessen ikkje er eksplisitt. Artikkel 2 og 3 i avhandlinga tek føre seg utarbeidinga av språkpolitiske retningslinjer ved HVL, og datamaterialet er sjeldan detaljert og tett på den språkpolitiske prosessen. Det bidreg med empiri som støttar opp om allereie kjend kunnskap om språkpolitiske prosessar, og som gjev nye innsikter i slike prosessar. Empirien bidreg primært med kunnskap om det første steget i prosessen (oppretting), men artikkelen syner samstundes at dette steget ikkje kan sjåast uavhengig av dei to neste (tolking og appropriering). Gruppa som utarbeidde retningslinjene, er i utarbeidinga medvitne om korleis retningslinjene kjem til å bli tolka og appropriert ved institusjonen. Dette verkar direkte inn på kva val gruppa gjer. Gjennom høyringsrunden og høyringsinnspelane frå dei tenkte framtidige brukarane av retningslinjene får ein også innblikk i steg to i prosessen – ein ser korleis retningslinjene vert tolka. I 6.2.1 vart det tydeleg at legitimitet i eitt steg kan verke inn på legitimitet i eit anna steg. Å dele den

språkpolitiske prosessen inn i tre er nyttig, men funna frå HVL syner at ein i granskinga av ein prosess også må vere medviten om at denne prosessen kan inngå i andre prosessar. Gruppa som utarbeidde språkpolitiske retningslinjer ved HVL, tolkar og tilpassar nasjonal språkpolitikk samstundes som ho utarbeider lokal språkpolitikk. Med andre ord er det første steget av den lokale prosessen ved HVL del av dei to siste stega av ein nasjonal språkpolitisk prosess. Dette vert tydeleg gjennom intertekstuelle og interdiskursive koplingar og gjennom korleis aktørane ved HVL legitimerer eigen prosess og politikk ved å referere til lover, retningslinjer og språkpolitisk ekspertise. Nasjonal og nordisk språkpolitikk vert tillagd autoritet av gruppe-medlemene i den språkpolitiske prosessen ved HVL, og nasjonal politikk vert innlemma i retningslinjene utan noko særleg tilpassing. Samstundes vert den nasjonale språkpolitikken utfordra i høyringsrunden av den nasjonale forskingspolitikken.

Artikkel 1 tek ikkje føre seg ein offisiell eksplisitt prosess, men materialet frå Sámi allaskuvla viser likevel korleis ein institusjon forhold seg til språkpolitiske føringar frå det nasjonale nivået. Med andre ord gjev granskinga empiri til korleis språkpolitikk vert tolka og appropriert. Vidare, og kanskje vel så viktig, demonstrerer datamaterialet frå Sámi allaskuvla korleis språkpolitikk er prosess også når det ikkje føregår ein offisiell, eksplisitt språkpolitisk prosess. Når tilsette og studentar gjer språkval, vert språkpolitikk medvite og umedvite rekontekstualisert og forhandla. Avhandlinga syner at det er aktørar som driv prosessen, uavhengig av type prosess. Shor og Wrigth (2011) peikar på at politikkar («policies») høyrer til og er del av bestemte sosiale og kulturelle verder, som dei både skapar og reflekterer. Dimed er «[...] policies [...] not simply external, generalised or constraining forces, nor are they confined to texts. Rather, they are productive, performative and continually contested» (ibid., s. 1). Datamaterialet som inngår i denne avhandlinga, støttar opp om dette synet på politikk.

6.4.1 Minorisering som prosess

May viser til at forkjemparar for minoritetsspråksrettar hevdar at hierarkiet mellom minoritets- og majoritetsspråk er etablert som følgje av ein prosess som er historisk, sosialt og politisk konstruert (2006, s. 259). Vidare er ein minoritetsspråksposisjon ofte resultat av statsdanning der eitt språk vart utpeikt som nasjonalspråket (som også poengtert av Costa mfl., 2017), noko som innebar legitimering og institusjonalisering. Med legitimering meiner May at eit språk til dømes fekk offisiell status, medan institusjonalisering viser til at eit språk vart akseptert og sjølv sagt på fleire samfunnsområde (2007, s. 261). Dette førte ofte til at andre språk ikkje fekk innpass på desse områda. Ein konsekvens av dette var at nasjonalspråka vart assosierte med det moderne og framtidsetta, medan andre språk vart assosierte med tradisjon og det gamaldage

og utdatertre. Desse utgreiingane frå May tek opp mange av dei sentrale temaa i denne avhandlinga, og avhandlinga viser at ein kan sjå nynorsk og dei samiske språka i lys av dei.

Fornorskingsprosessen, som var grunna nettopp i stats- og nasjonsdanning, var ein sosial og politisk prosess. Han svekte dei samiske språka i talet på brukarar, og han gjorde at dei ikkje vart institusjonaliserte, men snarare mista plassen dei hadde hatt i delar av samfunnet. Dette historiske bakteppet er til stades ved Sámi allaskuvla når språkval vert gjorde. Det går mellom anna fram av kor medvitne aktørane er om historia og rolla deira i å «ta tilbake språket». Nynorsk var derimot på mange måtar eit nasjonalspråk allereie frå det vart teke i bruk, mykje takk vere den same stats- og nasjonsdanningsprosessen som svekte dei samiske språka. Språket fekk offisiell legitimitet, og det vart institusjonalisert – men for mange vart det ikkje eit sjølvstøtt språk å sjå i bruk. I dag har også dei samiske språka fått offisiell legitimitet, i alle fall i forvaltingsområdet for samiske språk. Men brukarar av både nynorsk og samisk må stadig legitimere eigen språkbruk. I datamaterialet frå HVL er dette tydeleg ved at aktørane argumenterer for valet av nynorsk utan at dei er bedne om det. Ved Sámi allaskuvla kjem det til uttrykk gjennom at språkvalet stadig vert utfordra, til dømes gjennom at viktige styringsdokument må skrivast på norsk. Dette tyder på at offisiell legitimitet og institusjonalisering, som May (2007) trekkjer fram, ikkje er tilstrekkeleg for at språk ikkje skal bli minoriserte. Kanskje finst forklaringa i faren May peikar på for at «[...] minoritetsspråk bli sett som (berre) berarar av ‘tradisjon’ og ‘historisk identitet’[...]» (2006, s. 257, mi omsetjing). Som vi har sett, hevdar også Woolard (2005; 2016) og Mæhlum (2007) at mindre brukte språk vert assosierte med tradisjon og det gamaldagse. Nynorsk representerte det norske og dimed det tradisjonelle då språket vart teke i bruk og spreidd (sjå t.d. Mæhlum, 2007), og språket har aldri vore assosiert med det moderne. Artikkel 3 viser at nynorsk framleis vert knytt til tradisjon, og at tradisjonsargumentasjonen vert atskapt – vel å merke av brukarane sjølve, og ikkje som noko negativt. Likevel kan konsekvensane vere negative. May hevdar også at minoritetsspråk av nokre vert sett som identitetsberarar («carriers of identity»). Artikkel 3 illustrerer at nynorsk har ein slik funksjon. Den instrumentelle verdien av minoritetsspråk er derimot ofte avgrensa som resultat av at andre språkvarietetar gjennom sosiale og politiske prosessar har fått ein privilegert posisjon i det offentlege (May, 2006, s. 264).

Aktørar ved både Sámi allaskuvla og HVL er opptekne av å auke prestisjen til høvesvis samiske språk og nynorsk. Sámi allaskuvla bidreg til at dei samiske språka, særleg nordsamisk, kan bli utvikla som fagspråk og nytta i UH-sektoren. Det internasjonale urfolksnettverket (WINHEC) spelar også ei viktig rolle for prestisjen til samiske språk, noko som vart trekt fram i 6.2.2. Nynorsk har vore nytta i høgare utdanning og forskning sidan tidleg på 1900-talet, men

språket er likevel markert. Fleire av aktørane ved HVL er opptekne av nynorsk fagterminologi. Utan fagterminologi er det vanskeleg å bruke nynorsk i vitenskapleg arbeid. Det vert også ytra håp om at HVL med sin storleik kan legge press på tilbydarar av data- og nettenester slik at fleire av desse vert tilgjengelege på nynorsk. Det vil gjere nynorsk meir synleg og såleis potensielt mindre markert. Omgrepet minorisert viser til forholdet mellom språk, ikkje til ein eigenskap ved språk i seg sjølv (Costa mfl., 2017, s. 8). Statusen til minoriserte språk er etablert som resultat av ein prosess, der nasjons- og statsbygging spelte ei rolle. Men det er viktig å merke seg at prosessen ikkje har eit sluttunkt, og at statusen til språka dimed ikkje er statisk. Strukturar endrar seg, og i akademia har ein til dømes sett at statusen til og bruken av norsk har endra seg i løpet av dei siste tiåra. Enkeltinstitusjonar og -personar er aktørar i desse pågåande prosessane.

6.5 Å velje minoriserte språk – har ein eigentleg høve til det?¹⁵

Empirisk gjev avhandlinga kunnskap om språk i akademia, og særleg om val og bruk av mindre brukte språk. Nynorsk og samisk står på ulike måtar i relasjon til eit majoritetsspråk. Ved begge institusjonane er dette språket norsk bokmål – i tillegg til engelsk. Den språklege avstanden til bokmål er ulik for nynorsk og samisk, og det er også det historiske forholdet til majoritetsspråket. Det betyr likevel ikkje at ikkje noko er felles. Om ein tek føre seg institusjonane og språka innanfor denne konteksten, ser ein fellestrekk. Alle tilsette og studentar ved Sámi allaskuvla kan eit nasjonalspråk, og for mange er dette norsk bokmål. På same måte kan alle nynorskbrukarane ved HVL bokmål. Det vil seie at dei som nyttar samisk eller nynorsk, i ulik grad og medvite/umedvite har valt å bruke dette språket framfor bokmål. Likevel: Sidan dei også meistrar majoritetsspråket og det språket nettopp er i ein majoritetsposisjon, vil dei i nokre situasjonar måtte bruke det. Ved Sámi allaskuvla må aktørane til dømes rapportere til staten på norsk. Dette skil brukarane av dei minoriserte språka frå brukarane av majoritetsspråket, som sjeldan eller aldri må bruke eit minorisert språk, i denne samanhengen samisk eller nynorsk. Her må det merkast at nynorskbrukarane vil kunne nytte sitt eige språk og bli forstått – sjølv om dei i nokre tilfelle må nytte bokmål, til dømes i samskriving. Å nytte eit samisk språk og bli forstått er derimot utelukka i dei fleste tilfelle. Det er ikkje alltid mogleg å velje å bruke minoriserte språk, særleg ikkje om språket ikkje er gjensidig forståeleg med majoritetsspråket.

¹⁵ Overskrifta er ein referanse til Lasagabasters artikkel *Language policy and language choice at European Universities: Is there really a 'choice'?* (2015).

Eitt spørsmål er kva språk det er praktisk mogleg å bruke, eit anna spørsmål er kva språk som har autoritet og legitimitet. Majoritetsspråka er ifølgje Woolard (2005; 2016) sosialt nøytrale og universelt tilgjengelege. Til samanlikning er mindre brukte språk markerte og knytte til ei spesifikk gruppe menneske som har tilknytning til ein spesifikk geografisk stad. Denne avhandlinga syner at det på mange måtar er denne tilknytninga som gjer det mogleg å velje å bruke samisk eller nynorsk. Vala av samisk og nynorsk som hovudspråk er ikkje gjorde kvar som helst. Dei er gjorde på geografiske stadar der desse språka står sterkare enn i resten av landet, av personar som ser på språka som uttrykk for ei gruppe menneske. Vidare er ikkje språka som vert valde, minoriserte på den aktuelle staden. Dette er viktig. Når ein skal granske om eit språk er minorisert, må ein spørje seg kvar og i forhold til kva anna språk. Igjen er bildet meir komplekst ved HVL enn ved Sámi allaskuvla. I Kautokeino der Sámi allaskuvla ligg, er samisk hovudspråket, og det er ikkje markert. HVL er derimot spreidd over eit stort geografisk område, og utbreiinga av og statusen til nynorsk er ikkje den same på dei ulike stadane. Granskinga utført ved HVL syner at dette skapar ei viss spenning, men samstundes hindrar det ikkje valet av nynorsk som hovudspråk. Den geografiske staden og den sosiokulturelle eininga som samisk og nynorsk er eit uttrykk for, mogleggjer vala av desse språka. Stadlege diskursar støttar opp om vala.

Samstundes har denne avhandlinga synt at språkpolitikane ved Sámi allaskuvla og HVL går inn for å endre eller vege opp for maktforholdet mellom språk og gjere det lettare å velje minoriserte språk. Ved Sámi allaskuvla er det å meistre eit samisk språk eit krav, og utstrekt bruk av tolketenester skal gjere det mogleg å nytte samisk. Samstundes må tilsette ved Sámi allaskuvla nytte norsk i kontakt med det offentlege. Ved HVL er det lagt opp til at nynorsk er det sjølvsgde språkvalet, men å meistre nynorsk er ikkje eit krav uttrykt frå leiarhald eller gjennom språkpolitikken ved HVL. Skilnadane i språkkrava mellom institusjonane kan dels forståast gjennom lingvistiske forhold, sidan nynorsk og bokmål er gjensidig forståelege, medan samisk og norsk ikkje er det. Historiske forhold verkar også inn. Samane har vore ei minorisert gruppe, og som resultat av fornorskingspolitikken er det mange samar som i dag ikkje snakkar eit samisk språk. Behovet for å verne om og styrke språket er difor sterkt. Minoriseringa av dei samiske språka heng saman med minoriseringa av det samiske folket, deira kultur og levemåte. Nynorsk er ikkje knytt til ei minorisert gruppe menneske på denne måten, og behovet for å sikre bruken av språket kan verke mindre. I artikkel 3 vert det også peikt på at aktørane ved HVL ikkje stiller krav om at alle tilsette skal nytte nynorsk, fordi dei meiner dei språkpolitiske retningslinjene må vere realistiske – og det er ifølgje aktørane ikkje realistisk å vente at alle tilsette vil nytte nynorsk. Det er verdt å merke seg at Sámi allaskuvlas

aktivitetar – for ikkje å seie eksistens – er gjorde moglege fordi institusjonen er geografisk plassert innanfor og støtta av ein velstående, liberal og demokratisk stat. Mange urfolksgrupper vil ikkje vere omringa av like støttande strukturar. Aktørskap fører ein langt på veg, men det er ikkje tilstrekkeleg i ei akademisk verd som i aukande grad er styrt av kapitalisme og marknadsliberalisme/nyliberalisme.

6.6 Bidrag til forskarfellesskapen

Denne avhandlinga har empiriske, teoretiske og metodologiske bidrag til forskarfellesskapen. Empirisk er avhandlinga eit tilskot til den stadig veksande forskinga på språkpolitikk i akademia. Delar av empirien illustrerer mykje av det ein alt veit om språkpolitikk og språkval i UH-sektoren, medan andre delar utvidar forståinga vår av desse emna – særleg når det gjeld minoriserte språk. Ein kjem samstundes ikkje unna spørsmål om engelsk, og artikkel 1 og 2 bidreg til forskinga på publiseringspraksis, parallellspråklegheit og forholdet mellom engelsk og nasjonale språk – i fleirtal. Funna frå Sámi allaskuvla viser at det er viktig å granske språkpolitikk og språkval ved ulike typar institusjonar, sidan det kan utfordre allereie etablerte sanningar og utvide perspektiva ein har på språkpolitikk og språkval i akademia. Avhandlinga tilfører også ny empiri gjennom å granske språkpolitikk som i det store og heile støttar opp om minoriserte språk, empiri som særleg gjev nye innsikter i språkpolitikk og aktørskap. Vidare bidreg avhandlinga med empiri til ei grundigare forståing av språkpolitikk som prosess.

Å styrke kunnskapen om språkpolitikk som prosess er eit av dei viktigaste teoretiske bidraga frå avhandlinga. Som avhandlinga syner, er språkpolitikk prosess både når det føregår ein offisiell og eksplisitt utarbeidingsprosess, og når språkpolitikk vert rekontekstualisert og forhandla om uavhengig av ein slik prosess. Artiklane syner at dei tre stega opprette, tolke og appropriere må sjåast i samanheng, både innanfor ein prosess og for å sjå korleis eit steg i ein lokal prosess til dømes kan vere del av ein nasjonal prosess. Dette er eit bidrag til Johnsons (2013; 2009) tredeling av den språkpolitiske prosessen og til forståinga av korleis ulike språkpolitiske nivå er knytte saman. Vidare gjev vektlegginga av legitimitet interessante og nye innsikter i forståinga av språkpolitiske prosessar. Avhandlinga syner at legitimitet i eitt steg av prosessen kan verke inn på legitimitet i eit anna steg. Til dømes kan diskursiv deliberasjon i ein prosess bidra til at denne prosessen, og i neste steg resultatet, vert tillagd legitimitet. Vektlegginga av legitimitet demonstrerer såleis at den språkpolitiske prosessen er viktig for det språkpolitiske resultatet. Å sjå datamaterialet i lys av legitimitetsteori har også gjeve styrkt forståing av val av minoriserte språk i akademia, særleg ved at det tydeleggjer korleis brukarar av minoriserte språk stadig må forsvare og legitimere språkvala sine.

Avhandlinga syner at nynorsk er del av ein minoritetsspråksdiskurs der språkval må forklarast og forsvarast, og vidare at statusen til både dei samiske språka og nynorsk er resultat av ein prosess som ikkje har noko sluttunkt. Ved å syne dette demonstrerer avhandlinga at omgrepet *minorisert* kan nyttast i den norske konteksten. Omgrepet bidreg med eit perspektiv på språk og statusen deira som vektlegg prosess og forholdet mellom språk. Samstundes demonstrerer avhandlinga at det er mogleg å velje å bruke minoriserte språk i academia i Noreg i dag, og ho syner at det mellom anna er tilknytninga til ein geografisk stad og ei spesifikk gruppe menneske som gjer dette mogleg. Vidare er valet mogleggjort av ein støttande språkpolitikk og av individuell og kollektiv aktørskap ved dei to institusjonane som er granska. Vala gjorde av aktørar er nettopp eit resultat av strukturane som omgjev dei – og som dei er ein del av – og av aktørskapen deira. Avhandlinga demonstrerer dette og bidreg dimed til den teoretiske diskusjonen om forholdet mellom aktørskap og struktur. Vektlegginga av aktørar har vidare støtta opp om nyare LPP-litteratur og -teori som hevdar at enkeltindivid i ulike posisjonar og på ulike nivå spelar ei viktig rolle i språkpolitikk. Ingen aktørar som har vore del av granskingane gjennomførte for avhandlinga, kan reknast som reine implementerarar av politikk. Difor gjer eg framlegg om å skilje mellom «normsetjarar» og «aktørar» heller enn mellom «normsetjarar» og «implementerarar» (sjå i 6.3.1). Avhandlinga er også del av den nyare LPP-forskinga i vektlegginga av ideologi og inkluderinga av offisielle og uoffisielle mekanismar, tekst og diskurs, og aktivitetar over mange lag med ei rekke involverte aktørar – slik Johnsons (2013) definisjon av språkpolitikk legg opp til. Avgrensa til den norske konteksten bidreg avhandlinga til å flytte omgrepsbruken – og med han også noko av fokuset – frå *språkplanlegging* til *språkpolitikk*.

Med dette kjem også eit metodologisk bidrag gjennom å utvide tilnærmingane brukte i LPP-granskingar i Noreg. Eg kjenner ikkje til andre i den norske konteksten som har nytta språkpolitisk etnografi, men nokre har nytta liknande metodiske tilnærmingar. Sollids (2019) analyse av språkpolitikk i klasserommet er særleg relevant sidan studien har ei etnografisk og diskursiv tilnærming. Også Lane (t.d. 2010; 2016) har gjeve vesentlege bidrag til den diskursive tilnærminga til LPP i Noreg. Språkpolitisk etnografi kombinerer ulike datakjelder og analysemetodar. Avhandlinga demonstrerer korleis kombinasjonen tekstdata og observasjon gjev ei større forståing av språkpolitikk, og særleg for den språkpolitiske prosessen. Observasjon av utarbeiding av politikk gjev ei heilt anna innsikt i kva som ligg bak eit språkpolitisk dokument, enn det ein rein tekstanalyse gjev. Dersom ein til dømes i granskinga av språkpolitikken ved HVL berre hadde studert dei endelege språkpolitiske retningslinjene, ville ein ikkje fått den same innsikta i kva som verka inn på utforminga av dokumentet, og kva

for nokre motstridande diskursar som ligg bak. Det diskursanalytiske perspektivet i avhandlinga synleggjer at språkpolitikk er diskursivt konstruert, og at det er diskursar som skapar legitimitet for sosiale praksisar. Som synt i metodekapittelet kombinerer språkpolitisk etnografi kritiske diskursive tilnærmingar og etnografi, dels med mål om å avdekkje maktforhold og marginaliserande språkpolitikkar. Denne avhandlinga demonstrerer at rammeverket språkpolitisk etnografi også kan nyttast når politikken som vert granska, ikkje er marginaliserande. På denne måten er avhandlinga med på å vidareutvikle rammeverket. Samstundes tek avhandlinga føre seg marginaliserte språk. Maktforhold og marginalisering er såleis til stades også her – men primært i form av andre strukturar enn dei reint språkpolitiske.

6.7 Den fleirspråklege avhandlinga som metakommentar

Denne avhandlinga er sett saman av arbeid skrive på to ulike språk: engelsk og norsk. Vidare er det norske språket det minst brukte av dei to offisielle skriftspråka. At avhandlinga reint språkleg skulle ende som ho gjorde, var ikkje sjølvst. Snarare er språkvala i avhandlinga resultat av ein prosess der struktur, kultur og aktørskap har verka inn. Denne prosessen speglar på mange måtar dei språkpolitiske prosessane avhandlinga granskar, og sjølve avhandlinga kan dimed lesast som ein metakommentar til tematikken ho handsamar. På linje med dei som på ulike måtar har delteke i granskingane som inngår i avhandlinga, er eg ein sosial og språkpolitisk aktør i den norske UH-sektoren. Det som har verka inn på vala eg har gjort, reflekterer det som verkar inn på vala deltakarar i granskingane må gjere i kvardagen. Med dette som bakgrunn vil eg drøfte egne val og sjå dei i samanheng med funna i avhandlinga.

Avhandlinga er sett saman av éin artikkel på norsk, to artiklar på engelsk og denne norskspråklege kappa. Formatet til den artikkelbaserte avhandlinga gjer det mogleg å kombinere språk på denne måten. Samstundes demonstrerer formatet kor viktig vitenskaplege artiklar har blitt på mange fagfelt, inkludert i sosiologvistikken. *Publish or perish*-diskursen er sterk, og det er dels grunna denne at fleire og fleire vel å skrive artikkelbaserte avhandlingar. Men på kva språk skal artiklane vere? Strukturar i akademia, i Noreg så vel som i mange andre land, verkar inn når dette valet skal gjerast. Strukturane som fører i retning engelsk, er fleire og sterkare enn strukturane som fører i retning norsk. Om ein skriv på engelsk, kan ein publisere i internasjonale tidsskrift, som ofte har høgare status, og som gjerne gjev fleire poeng i teljekantsystemet. Ein når også ut til fleire lesarar og ofte til ein meir spissa fagfellesskap. Det siste kan også føre til, som trekt fram i artikkel 1, at ein vert invitert til konferansar og til å publisere i til dømes internasjonale antologiar. I mitt tilfelle var argumenta for å skrive på engelsk at eg ville nå ut til fagfellar som arbeider på same felt som meg, eg ville publisere i dei

mest sentrale tidsskrifta på feltet, eg ville lære eit handverk som ville kome til nytte seinare i det akademiske livet – og sjå bra ut på CV-en – og eg ønskte å dra nytte av innspel frå medrettleiaren min, Alastair Pennycook, som ikkje kan norsk. Eg vart også oppmoda av tilsette ved Sámi allaskuvla om å skrive på engelsk for å nå ut til fleire samiske lesarar. Dette argumentet er ikkje del av internasjonaliseringsdiskursen på same måte som dei andre argumenta. Snarare handlar det om å skrive for den minoriserte gruppa den aktuelle artikkelen omtalar, og bidra med kunnskapsproduksjon på eit språk som er meir tilgjengeleg for dei aktuelle lesarane. Då eg skulle gjere språkval for avhandlinga, måtte argumenta for engelsk – eller med andre ord internasjonaliseringsdiskursen – vegast opp mot argumenta for å skrive på norsk. Å skrive på norsk kunne potensielt vere strategisk for ei framtid i norsk akademia – men berre om eg også synte at eg kunne skrive på engelsk – og eg kunne potensielt nå ut til fleire lesarar i Noreg. I tillegg ville eg også nå eit internasjonalt, norsklesande publikum, særleg i Norden, men også utanfor. Ved å skrive på norsk kunne eg vidare treffe ei lesargruppe som kjenner konteksten for arbeidet mitt, og som dimed også kunne vere meir kritisk til det eg skriv. At lesargruppa kjenner konteksten, ville vidare gjere at eg kan ta gå meir i detalj utan å til dømes måtte forklare kva nynorsk og bokmål er. Kva språk ein skriv på, vil påverke innhaldet i det ein skriv, slik fleire av deltakarane frå Sámi allaskuvla var inne på i intervjuet eg hadde med dei. Noko det er verdt å merke seg, er at det i mitt tilfelle er den norske artikkelen som gjev best uttelling i teljekantsystemet. Om artiklane vert publiserte der eg ønskjer, vil dei engelske vere på nivå 1, medan den norske vil vere på nivå 2.

Det sterkaste argumentet for å skrive på norsk var likevel det språkpolitiske. Eg er ikkje underlagd direkte språklege føringar, så språkpolitikken er ikkje ein eksplisitt struktur som verkar inn på valet. Samstundes finst det normer på fagfeltet, og også forventingar til kva val eg som person vil ta. Norsk språk står sterkare i sosiolingvistikken og innan nordisk språk enn på mange andre fagfelt, lingvistik inkludert. At eg har ein relasjon til fleire språkpolitiske aktørar i Noreg, særleg i målrørsla og Språkrådet, verkar også inn på valet, dels gjennom normer og forventingar. Samstundes har eg i det store og heile opplevd det å skrive éin artikkel på norsk som aktørskap. Gjennom å nytte norsk kan eg arbeide for mitt individuelle mål om å vareta norsk, og særleg nynorsk, som fagspråk og bidra til kunnskapsproduksjon på norsk. Målet er også kollektivt sidan det er formulert av mellom andre Noregs Mållag, ein organisasjon eg er medlem av. Her vil eg legge til at mange aktørar i UH-sektoren truleg ikkje er like medvitne i val av språk og like klare over kva som verkar inn på desse vala, som det eg er. Ein vert forma av å jobbe med språkpolitiske spørsmål.

Konsekvensane av valet om å skrive på norsk mogleggjer, men avgrensar også. Den engelske rettleiaren min, Pennycook, har ikkje lese dei norske delane av avhandlinga. Pennycook er ein av dei fremste fagpersonane i sosiolingvistikken i dag, men valet mitt gjer at eg ikkje har kunna dra nytte av denne ekspertisen i like stor grad som eg kunne ha gjort dersom eg skreiv på engelsk. Vidare gjer valet at internasjonale kollegaar som arbeider på same feltet som eg, ikkje kan lese artikkel 3. Woolards rammeverk er nytta av mange, og truleg ville det på LPP-feltet vore interesse for ei gransking som den som er presentert i artikkelen. Eg ville også hatt utbyte av å få tilbakemeldingar frå internasjonale lesarar. Ein annan praktisk konsekvens av valet om å skrive på norsk er at talet på personar som kan sitje i komiteen som skal vurdere avhandlinga, minkar betrakteleg. Personane må kjenne fagfeltet og kunne lese norsk. Talet på lesarar vert nok også vidare avgrensa av at eg skriv på nynorsk, sidan det ekskluderer personar som ikkje meistrar dette, til dømes personar som har lært seg norsk bokmål som vaksne, eller personar som har svensk og dansk som andrespråk.

Aktørskap er avhengig av mål, middel for å nå måla og strukturelle og kulturelle krefter (Bouchard og Glasgow, 2018, s. 72–73). Fordi denne avhandlinga også tek føre seg samisk i akademia, ønskte eg å få omsett noko av arbeidet til samisk og eventuelt også publisere i samiske tidsskrift. Målet med dette var å nå ut til samiske lesarar, bidra til samisk fagspråk og synleggjere fleirspråkegheita i norsk akademia. Midlane for å nå måla ville vore omsetjartenester og kvalitetssikring, til dømes gjennom samarbeid med tilsette ved Sámi allaskuvla. Dei strukturelle kreftene sette derimot ein stoppar for dette. Den språkpolitiske aktørskapen min vart hindra av internasjonale tidsskrifts reglar om at artiklar publiserte hjå dei ikkje kan omsetjast til og/eller publisert på andre språk. Dette strir med konklusjonen i artikkel 1, som mellom anna er at det må vere mogleg for brukarar av minoriserte språk å publisere arbeida sine på to språk. Som synt i artikkelen opnar samiske tidsskrift opp for slik dobbeltpublisering, men også store internasjonale tidsskrift må kome på banen. I mitt tilfelle vog ønsket om å publisere i eit internasjonalt og anerkjent LPP-tidsskrift tyngre enn ønsket om å også få publisere på samisk. Eit anna ønske eg hadde, var å inkludere sitat på originalspråket i dei engelske artiklane. Det er ikkje uvanleg å gjere dette. Det synleggjer språk og er eit godt metodisk grep sidan lesaren får høve til å sjå sitata før dei vart omsette. Dei engelske artiklane inneheld likevel berre sitat i omsett form. Det vart slik fordi eg gjennom å inkludere originalen oversteig lengdekravet frå dei ulike tidsskrifta. Eg kunne ha valt å gjere artiklane kortare, men det hadde gått ut over innhaldet – noko ein ville sloppe om datamaterialet var engelskspråkleg. Igjen er det strukturane som hindrar fleirspråklegheit og synleggjering av språk. Dette kunne tidsskrifta ha hindra ved å til dømes opne opp for overstiging av lengdekrav grunna

datamateriale i original og engelsk form eller ved å la originalen vere vedlegg. Samandraget for avhandlinga er på nordsamisk, men dette kjennest som eit minimalt bidrag i synleggjeringa av samiske språk i akademia.

At fagfeltet LPP er internasjonalt, er også merkbart i mangelen på norske termar. Etter at tredjeutgåva av *Språkplanlegging* (Vikør, 2007) kom, er det i lita grad arbeidd med terminologi på LPP-feltet. Bjørhusdal (2014) bidreg med si avhandling, men teoretisk skil hennar avhandling seg frå mi, og det er behov for annan terminologi her. Det har vore utfordrande å omsetje og parafrasere engelsk litteratur om teori og metode og kome opp med gode erstatningar for omgrep brukte på LPP-feltet. Samstundes er eg medviten om at eg gjennom å også skrive på norsk kan synleggjere at det er mogleg å skrive ei fleirspråkleg avhandling, med norske fagtermar. Dimed kan eg potensielt ha ein liten innverknad på strukturane i akademia. Kva språk kapp skulle skrivast på, var lenge eit spørsmål. Eg bestemte meg for norsk til slutt, dels fordi det var mindre tidkrevjande sidan det er førstespråket mitt, og dels av språkpolitiske årsaker – det er desse kapitla som yter det viktigaste terminologiske bidraget. Her vil eg også legge til at talet på doktorgrader på nynorsk er ekstremt lågt, og at er stort behov for å utarbeide fagterminologi på nynorsk (sjå 1.3.1). Vidare er det enklare å skrive på førstespråket sitt, og her er eg i same situasjon som mange andre forskarar som har engelsk som andre- eller tredjespråk (jf. Lillis og Curry, 2010). Her er det verdt å merke seg at sjølv om to av artiklane er skrivne på engelsk, føregjekk datainnsamlinga og analysen på norsk. Diskusjonane om artikkelen med rettleiarar og andre føregjekk også på norsk. Dette illustrerer Salös (2015) påstand om at det ikkje alltid er samsvar mellom språket brukt i ein publikasjon og språket brukt i arbeidet med publikasjonen

6.8 Avgrensingar og vidare forskning

Når ein tolkar resultata frå denne avhandlinga, må ein ta omsyn til avgrensingane ved dei enkelte granskingane og avhandlinga som heilskap. Avgrensingane er også eit godt hjelpemiddel om ein skal peike på kva det er behov for meir forskning på, og planlegge framtidige forskingsprosjekt. Studiane gjennomførte ved HVL og Sámi allaskuvla kan lesast som casestudiar. Dei gjev innblikk i språkpolitikk og -praksis i høgare utdanning i Noreg, men ein må vere forsiktig med å generalisere og trekkje allmenne slutningar på bakgrunn av materialet. Om ein til dømes ønskte å seie noko generelt om utarbeidinga av språkpolitikk i UH-sektoren, måtte ein ha følgt utarbeidinga av retningslinjer ved fleire institusjonar. Det kunne gjeve innsikt i kva fellestrekk slike prosessar har. Ein kunne mellom anna sett på kva (språk)politiske dokument som vert vektlagde, korleis det vert arbeidd for å sikre legitimitet,

og kva rolle ulike aktørar spelar. Ein kunne også fått djupare innsikt i korleis språkpolitikk er diskursivt konstruert.

I granskinga ved Sámi allaskuvla er den største avgrensinga at eg ikkje snakkar eller forstår samisk. Det avgrensa særleg observasjonen, i form av at eg ikkje kunne oppfatte kva som vart sagt når det vart snakka samisk. Vidare kunne intervjuva vore gjennomførte på samisk, noko som potensielt kunne gjeve eit noko anna resultat. Uavhengig av intervjuspråket er det også verdt å vere klar over avgrensinga ved intervju som metode. Dette vart tematisert i metodekapittelet (sjå 4.2.1). Ein må mellom anna ta omsyn til at intervjumaterialet ikkje er ei direkte rapportering frå røynda (Silverman, 2011, s. 199). Dette gjeld for data frå både HVL og Sámi allaskuvla. Ved HVL kan ein også sjå tidspunktet for intervjuva som ei avgrensing. Dei var gjennomførte før arbeidet med retningslinjene vart sett i gang, og prorektorane uttrykte usikkerheit kring å snakke om språk ved institusjonen på dette tidspunktet. Samstundes fekk eg på denne måten innsikt i kva syn personar i leiinga hadde på språk ved HVL, før dette i større grad vart formalisert og straumlinjeforma. Det hadde likevel vore ønskjeleg å også ha gjennomført intervju etter at dei språkpolitiske retningslinjene var klare, dels for å få leiingas syn på retningslinjene og dels for å samanlikne kva som vart sagt før og etter at prosessen var gjennomført. Det hadde også vore ønskjeleg å intervju rektoren ved HVL, men hen ønskte ikkje å stille (sjå 4.3.2). Eit slikt intervju kunne gjeve meir innsikt i leiarperspektivet på språk og språkpolitikk ved institusjonen. I tillegg kunne det ha gjeve utfyllande informasjon om rektors ytringar om nynorsk som tvangstrøye og den språklege valfridomen ved institusjonen (jf. artikkel 3). Rektorar er i ein maktposisjon ved sine institusjonar, men denne avhandlinga har ikkje hatt eit maktperspektiv som utgangspunkt for analysane utførte. Som peikt på i 6.3.1 er dei sosiale aktørane og institusjonane i granskinga del av eit hierarki, og det er mogleg å skilje mellom ulike nivå og/eller lag. Samstundes syner avhandlinga at dei sosiale aktørane har aktørskap til å arbeide mot struktur som i utgangspunktet vert oppfatta som avgrensande. Eit framtidig prosjekt kunne med utgangspunkt i datamaterialet frå denne avhandlinga, eller ved å samle inn nytt materialet, granska korleis maktforhold verkar inn på språkpolitikk og språkval i akademia. Dette kan til dømes gjerast som ein skaler analyse eller i form av kritisk diskursanalyse.

Ei doktorgradsavhandling er avgrensa i tid, noko som hindrar longitudinell metode. Det vil seie at det til dømes ikkje var mogleg å følgje den språkpolitiske prosessen ved HVL vidare etter at retningslinjene var utarbeidde. Om dette hadde vore mogleg, kunne ein fått verdifull innsikt i heile den språkpolitiske prosessen og korleis dei ulike delane av han er kopla saman og påverkar kvarandre. Særleg interessant ville det vore å studere om gruppa som utarbeidde

retningslinjene, lukkast med å lage retningslinjer som vert oppfatta som legitime lokalt. Det ville også vore interessant å sjå på i kva grad HVL nyttar nynorsk, og om svaret på dette spørsmålet kan knytast til gruppas oppfatning om at krava til nynorskbruk måtte vere realistiske (jf. artikkel 3). Det vil også vere mogleg å gjere ein oppfølgingsstudie ved HVL der ein granskar i kva grad tilsette og studentar kjenner til retningslinjene, kva syn ulike aktørar har på dei, og korleis dei er tolka og approprierte ved institusjonen. Når det gjeld val og bruk av nynorsk i akademia, ville ei gransking av Høgskulen i Volda (HVO) gjeve ytterlegare innsikt og kunnskap. Denne institusjonen tek ifølgje dei språkpolitiske retningslinjene «[...] eit særleg ansvar for nynorsk i fag- og profesjonsutdanning» (Høgskulen i Volda, 2014). Ein kunne granska kva fellestrekk det er mellom HVO og HVL, korleis det vert argumenter for nynorsk ved HVO, og om det også ved HVO er behov for å legitimere valet av nynorsk.

Det finst ingen andre samiske høgskular, men for å få meir innsikt i samisk i UH-sektoren kunne ein studie av Universitetet i Tromsø (UiT) vore utbyterik. Dei språkpolitiske retningslinjene for institusjonen slår fast følgjande: «Samisk og norsk er likestilte offisielle språk ved UiT. Samisk språk skal derfor likestilles med norsk så langt dette er praktisk og faglig mulig.» (Universitetet i Tromsø, 2007) UiT skil seg frå Sámi allaskuvla på ei rekke måtar, mellom anna i språkbruk ved institusjonen og i den språkleg konteksten institusjonane er ein del av. Ei gransking av språkpolitikk og -praksis ved UiT kunne gjeve større forståing av korleis samisk er brukt – og ikkje brukt – parallelt med andre språk i akademia. Vidare ville det vore interessant å granske språkhaldningar og -ideologiar ved ein institusjon som UiT, der samisk er viktig ifølgje styringsdokument, men der mange tilsette og studentar ikkje har eit forhold til samisk språk og kultur – i motsetnad til ved Sámi allaskuvla. Johansen og Bull (2012) har granska det semiotiske landskapet ved UiT, men det er rom for fleire granskingar av språkpolitikk og språkbruk ved institusjonen. Det kunne også vore interessant å sjå på liknande institusjonar i Sverige og Finland (t.d. universiteta i Umeå, Rovaniemi og Oulu), særleg sidan desse er underlagde andre nasjonale politikkar enn det UiT og Sámi allaskuvla er.

I kapittel 1 refererte eg til at det i 2020 skal vedtakast ei språklov for Noreg og kome ei ny stortingsmelding om språk. Dette opnar opp for mange nye LPP-granskingar, både i form av analysar av dei nye styringsdokumenta og i form av korleis politikken vert appropriert av språkpolitiske aktørar. Ein kan til dømes granske konsekvensane av den føreslåtte endringa om at det ikkje lenger skal vere ei tenesteplikt for den enkelte statstilsette å bruke nynorsk og bokmål (jf. *Høyringsnotat, utkast til lov om språk*. Kulturdepartementet, 2019, s. 15).

Teoretisk er det behov for fleire studiar som kan gje meir kunnskap om alle dei sentrale temaa i avhandlinga. Granskingane av den språkpolitiske prosessen ved HVL gjev innsikt i

eksplisitte prosessar, men ein har mindre forståing av språkpolitikk som prosess når prosessen ikkje er offisiell og eksplisitt. Granskinga av Sámi allaskuvla demonstrerer at språkpolitikk stadig vert forhandla og attskapt. Ho syner dimed at det også her er snakk om prosessar, men granskinga legg primært vekt på forholdet mellom aktørskap og strukturar når språkval vert gjorde. Det er behov for granskingar som har som primærmål å sjå språkval og språkpraksis som språkpolitisk prosess. Vidare er det også behov for fleire granskingar som ser nærare på enkeltaktørar. Denne avhandlinga demonstrerer at individ er viktige i språkpolitiske prosessar, men ho tek i mindre grad omsyn til enkeltindivids bakgrunn og historier. Skal ein inkludere slik informasjon, må ein i større grad anonymisere personane som deltek. Det har vore vanskeleg i desse granskingane sidan det ikkje var mogleg å skjule kva institusjonar datamaterialet er henta frå. Om ein veit meir om enkeltaktørane, kan ein også gå djupare ned i kva diskursar, ideologiske posisjonar og verdiar som møtest i språkpolitiske prosessar. Dette kan også bidra til at ein får ei meir djuptgåande forståing av i kva grad alle desse diskursane vert anerkjende i språkpolitiske prosessar. Det vil også vere interessant å gjere fleire granskingar som ser på kor viktig demokratisk delibrering er i språkpolitiske prosessar i Noreg, og eventuelt samanlikne desse med granskingar i andre kontekstar. Granskingar av språkpolitikk og legitimitet vil sjå veldig annleis ut i kontekstar der demokratiske diskursar ikkje er like viktige.

Litteratur

- Agar, M. (1996). *The professional stranger: An informal introduction to ethnography*. 2. utgåve. San Diego: Academic Press.
- Ager, D. (2005a). Prestige and image planning. I E. Hinkel (Red.), *Handbook of research in second language teaching and learning* (s. 1035–1054). Mahwah, NJ: Erlbaum.
- Ager, D. (2005b). Image and Prestige Planning. *Current Issues in Language Planning*, 6(1), 1–43. DOI: 10.1080/14664200508668271
- Ahern, L. M. (2001). Language and agency. *Annual Review of Anthropology*, 30. 109–137. DOI: 10.1146/annurev.anthro.30.1.109
- Aikio-Puoskari, U. (2018). Revitalization of Sámi languages. I L. Hinton, L. Huss & G. Roche. (Red.), *The Routledge handbook of language revitalization* (s. 355–363). New York: Routledge.
- Anderson-Levitt, K.M. (2006). Ethnography. I J.L. Green, G. Camilli, P.B. Elmore, A. Skukauskaitė, & E. Grace. (Red.), *Handbook of complementary methods in education research* (s. 279–295). Washington, DC: American Educational Research Association.
- Archer, M. (2003). *Structure, Agency and the Internal Conversation*. Cambridge, UK: Cambridge University Press.
- Archer, M. (2004). *Being human: The problem of agency*. Cambridge, UK: Cambridge University Press.
- Ashforth, B. E., & Gibbs, B. W. (1990). The double-edge of organizational legitimation. *Organization Science*, 1(2), 177–194. DOI: 10.1287/orsc.1.2.177
- Badwan, K. (2019). Agency in educational language planning: perspectives from higher education in Tunisia. *Current Issues in Language Planning*. DOI: 10.1080/14664208.2019.1700056
- Baldauf, R. B. Jr. (2005). Language planning and policy research: An overview. I E. Hinkel (Red.), *Handbook of research in second language teaching and learning* (s. 957–970). Mahwah, NJ: Lawrence Erlbaum Associates.

- Baldauf, R. B. Jr. (2006). Rearticulating the case for micro language planning in a language ecology context. *Current Issues in Language Planning*, 7(2–3), 147–170. DOI: 10.2167/cilp092.0
- Balfour, R. B. Jr. (2007). University language policies, internationalism, multilingualism, and language development in the UK and South Africa. *Cambridge Journal of Education*, 37, 35–49. DOI: 10.1080/03057640601178998
- Bjørhusdal, E. (2014.) *Mellom nøytralitet og språksikring: Norsk offentlig språkpolitikk 1885–2005*. (Doktoravhandling). Universitetet i Oslo.
- Bjørhusdal, E. & Juuhl, G. K. (2017). Bokmålsavvik frå nynorsknorma i sjetteklassetekstar. *Maal og Minne*, 109(1), 93–121. Henta frå <http://ojs.novus.no/index.php/MOM/article/view/1407>
- Blackledge, A. (2006). The magical frontier between the dominant and the dominated: Sociolinguistics and social justice in a multilingual world. *Journal of Multilingual and Multicultural Development* 27(1), 22–41. DOI: 10.1080/17447140608668536
- Blommaert, J. (2005). *Discourses*. Cambridge, UK: Cambridge University Press.
- Bouchard, J., & Glasgow, G. P. (2018). Agency in language policy and planning: A theoretical model. I J. Bouchard & G.P. Glasgow (Red.), *Agency in language policy and planning: Critical inquiries* (s. 22–76) New York: Routledge.
- Bourdieu, P. (1977). *Outline of a theory of practice*. Cambridge, UK: Cambridge University Press.
- Bourdieu, P. (1991). *Language and symbolic power*. Cambridge, UK: Polity Press.
- Bourdieu, P. & Wacquant, L. J. D. (1995). *Den kritiske ettertanke. Grunnlaget for samfunnsanalyse*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Briggs, C. L. (1986). *Learning how to ask: A sociolinguistic appraisal of the role of the interview in social science research*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Bucholtz, M. (2003). Sociolinguistic nostalgia and the authentication of identity. *Journal of Sociolinguistics*, 7(3), 398–416. DOI: 10.1111/1467-9481.00232

- Bukve, T. (2018). Students' perspectives on English medium instruction: A survey-based study at a Norwegian university. *Nordic Journal of English Studies*, 17(2), 215–242. Henta frå <http://ojs.ub.gu.se/ojs/index.php/njes/article/view/4305>
- Bukve, T. (2019). *Language use in higher education. The student perspective*. (Doktoravhandling). Universitetet i Bergen.
- Bull, T. (2004). Nynorsk som minoritetsspråk. *Språknytt*, 3–4, 36–39.
- Bull, T. (2012). Against the mainstream: universities with an alternative language policy. *International Journal of the Sociology of Language*, 2012(2016), 55–73.
- Cameron, D., Frazer, E., Harvey, P., Rampton, B., & Richardson, K. (1993). Ethics, advocacy, and empowerment: issues of method in researching language. *Language & Communication*, 13(2), 81–94. Henta frå <https://www.sciencedirect.com/science/article/pii/0271530993900014>
- Camps, D. M. J. (2018). *Legitimizing Limburgish: The discursive construction of a regional language in the Netherlands*. (Doktoravhandling). Universitetet i Oslo.
- Canagarajah, S. (2006). Ethnographic methods in language policy. I T. Ricento (Red.), *An introduction to language policy: Theory and method* (s. 153–169). Malden, MA: Blackwell.
- Choi, T-H. (2019). Structure, agency and the «teaching English in English» policy: The case of South Korea. I J. Bouchard & G. P. Glasgow (Red.), *Agency in language policy and planning: Critical inquiries* (s. 149–169). New York: Routledge.
- Cicourel, A. V. (1964). *Method and measurement in sociology*. New York: Free Press of Glencoe.
- Compton, S. E. (2013). Implementing language policy for deaf students in a Texas school district. *International Multilingual Research Journal*, 7(2), 138–154. DOI: 10.1080/19313152.2012.665203
- Cooper, R. L. (1989). *Language planning and social change*. New York: Cambridge University Press.

- Costa, J., De Korne, H. & Lane, P. (2017). Standardising minority languages reinventing peripheral languages in the 21st Century. I P. Lane, J. Costa & H. J. De Korne (Red.), *Standardizing minority languages: Competing ideologies of authority and authenticity in the global periphery* (s. 1–23). New York: Routledge.
- Cots, J. M., Lasagabaster, D. & Garrett, P. (2012). Multilingual policies and practices of universities in three bilingual regions in Europe. *International Journal of the Sociology of Language*, 2012(216), 7–32. DOI: 10.1515/ijsl-2012-0037
- Cresswell, T. (2015). *Place: An introduction*. Chichester: Wiley Blackwell.
- Davies, C.A. (1999). *Reflexive ethnography: A guide to researching selves and others*. New York: Routledge.
- De Korne, H., Gopar, M. E. L. & Rios, K. R. (2018). Changing ideological and implementational spaces for minoritised languages in higher education: *Zapotequización* of language education in Mexico. *Journal of Multilingual and Multicultural Development*, 40(6), 504–517. DOI: 10.1080/01434632.2018.1531876.
- Dowling, J., & Pfeffer, J. (1975). Organizational legitimacy: Social values and organizational behavior. *The Pacific Sociological Review*, 18(1), 122–136. DOI: 10.2307/1388226
- Dörnyei, Z. (2007). *Research methods in applied linguistics*. New York: Oxford University Press.
- Dryzek, John S. (2010). *Foundations and frontiers of deliberative governance*. Oxford: Oxford University Press.
- Duranti, A. & Goodwin, C. (Red.) (1992). *Rethinking context: Language as an interactive phenomenon*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Eberle, T. S. & Maeder, C. (2011). Organizational ethnography. I D. Silverman (Red.), *Qualitative research: Theory, method and practice*. 3. utgåve. (s. 53–74). London: Sage.
- Eiksund, H. & Fretland, J. O. (Red.). (2015). *Nye røyster i nynorskforskinga*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Fairclough, N. (1992). Intertextuality in critical discourse analysis. *Linguistics and Education*, 4(3–4), 269–293. DOI: 10.1016/0898-5898(92)90004-G

- Forestier, K., Adamson, B., Han, C. & Morris, P. (2016). Referencing and borrowing from other systems: The Hong Kong education reforms. *Educational Research*, 28(2), 149–165. DOI: 10.1080/00131881.2016.1165411
- Forskrift om målform i eksamensoppgåver.* (1987). (FOR-1987-07-07-4148) Henta frå <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1987-07-07-4148>
- García, O. & Menken, K. (2010). Stirring the onion: Educators and the dynamics of language education policies (looking ahead). I K. Menken & O. García (Red.), *Negotiating language policies in schools: Educators as policymakers* (s. 249–261). New York: Routledge.
- Gee, J. P. (1999). *An introduction to discourse analysis: Theory and method*. London: Routledge
- Gee, J. P. (2014). *An introduction to discourse analysis: Theory and method*. 4. utgåve. London: Routledge
- Giddens A. (1979). *Central problems in social theory: Action, structure and contradiction in social analysis*. Berkeley: University of California Press.
- Giddens A. (1984). *The constitution of society: Outline of the theory of structuration*. Berkeley: University of California Press.
- Glasgow, G. P. & Bouchard, J. (2018). Introduction. I J. Bouchard & G.P. Glasgow (Red.), *Agency in language policy and planning: Critical inquiries* (s. 1–21). New York: Routledge.
- Goffman, E. (1983). The interaction ritual. *American Sociological Review*, 48, 1–19.
- Grbich, C. (2007). *Qualitative data analysis: An introduction*. Thousand Oaks, CA: Sage.
- Gregersen, F. (Red.). (2014). *Hvor parallelt? Om parallellspråkighet på Nordens universitet.* (TemaNord 2014:535). København: Nordisk Ministerråd.
- Gregersen, F. (2018). *More parallel, please!: Best practice of parallel language use at Nordic Universities.* (TemaNord 2018:523). København: Nordisk Ministerråd.
- Grunnskulens informasjonssystem. (2020). *Hele landet (2018–19). Målform*. Henta frå <https://gsi.udir.no/app/#!/view/units/collectionset/1/collection/80/unit/1/>

- Grønmo, S. (1996). Forholdet mellom kvalitative og kvantitative tilnæringer i samfunnsforskningen. I H. Holter & R. Kalleberg (Red.), *Kvalitative metoder i samfunnsforskning* (s. 73–108). Oslo: Universitetsforlaget.
- Haarmann, H. (1986). *Language in ethnicity: A view of basic ecological relations*. Berlin: Mouton de Gruyter.
- Haarmann, H. (1990). Language planning in the light of a general theory of language: A methodological framework, *International Journal of the Sociology of Language*, 86, 103–126. DOI: 10.1515/ijsl.1990.86.103
- Hammersley, M. (1992). *What's wrong with ethnography? Methodological explorations*. London: Routledge.
- Haugen, E. (1959). Planning for standard language in modern Norway. *Anthropological Linguistics* 1(3), 8–21.
- Haugen, E. (1969). *Riksspråk og folkemål: Norsk språkpolitikk i det 20. århundre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Haugen, E. (1983). The implementation of corpus planning: Theory and practice. I J. Cobarrubias & J. A. Fishman (Red.), *Progress in language planning: International perspectives* (s. 269-289). Berlin: Mouton de Gruyter.
- Hiss, F. (2013a). Tromsø as a "Sámi Town"? – Language ideologies, attitudes, and debates surrounding bilingual language policies. *Language Policy*, 12(2), 177–196. DOI: 10.1007/s10993-012-9254-7
- Hiss, F. (2013b). *Encountering complexity: Hybrid discourse and individual management of multilingualism and social meaning*. (Doktoravhandling). Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet.
- Holmen, A. (2017). Parallel language strategy. I N. Van Deusen-Scholl & S. May (Red.), *Second and foreign language education*. 3. utgåve. Cham: Springer.
- Hornberger, N. (2002). Multilingual language policies and the continua of biliteracy: An ecological approach. *Language Policy*, 1(27), 27–51. DOI: 10.1023/A:1014548611951

- Hornberger, N. H. (2006a). Frameworks and models in language policy and planning. I T. Ricento (Red.), *An introduction to language policy: Theory and method* (s. 24–41). Malden, MA: Blackwell.
- Hornberger, N. H. (2006b). Voice and biliteracy in indigenous language revitalization: contentious educational practices in Quechua, Guaraní and Māori contexts. *Journal of Language, Identity and Education*, 5(4), 277–292. DOI: 10.1207/s15327701jlie0504_2
- Hornberger, N., & Johnson, D. (2007). Slicing the onion ethnographically: Layers and spaces in multilingual language education policy and practice. *TESOL Quarterly*, 41(3), 509–532. Henta frå www.jstor.org/stable/40264383
- Hornberger, N. H., Tapia, A. A., Hanks, D. H., Dueñas, F. K., & Lee, S. S. (2018). Ethnography of language planning and policy. *Language Teaching*, 51(2), 152–186. DOI: 10.1017/S0261444817000428
- Hult, F. M. (2005). A case of prestige and status planning: Swedish and English in Sweden. *Current Issues in Language Planning*, 6(1), 73–79. DOI: 10.1080/14664200508668274
- Hult, F. (2010). Analysis of language policy discourses across the scales of space and time. *International Journal of the Sociology of Language*, 202, 7–24. DOI:10.1515/ijsl.2010.011
- Hult, F. M. (2015). Making policy connections across scales using Nexus analysis. I F. M. Hult & D. C. Johnson (Red.), *Research methods in language policy and planning: A practical guide* (217– 231). Chichester: Wiley-Blackwell.
- Hult, F. M. & Källkvist, M. (2016). Global flows in local language planning: Articulating parallel language use in Swedish university policies. *Current Issues in Language Planning*, 17(1), 56–71. DOI: 10.1080/14664208.2016.1106395
- Hultgren, A. K. (2014). Whose parallellingualism? Overt and covert ideologies in Danish university language policies. *Multilingua*, 33(1–2). 61–87. DOI: 10.1515/multi-2014-0004
